



**Volda**  
**Kommune**

**Årsmelding**  
**2009**

# INNHALD

<b>1</b>	<b>Innleiing.....</b>	<b>s 2</b>
<b>2</b>	<b>Vurdering av Volda kommune sin økonomiske situasjon .....</b>	<b>s 3</b>
2.1	Resultat 2008.....	s 3
2.2	Frie inntekter .....	s 3.
2.3	Generelle statstilskott.....	s 5 .
2.4	Finansområdet.....	s 6
2.5	Investeringar .....	s 10
2.6	Diverse nøkkeltal.....	s 12
2.7	Fondsmidler .....	s 14
2.8	KOSTRA.....	s 16
<b>3</b>	<b>Personalpolitikk.....</b>	<b>s 20</b>
<b>4</b>	<b>Avdelingane.....</b>	<b>s 24</b>
4.1	Innleiing.....	s 24
4.2	Økonomistaben .....	s 25
4.3	Samordning og utviklingsstaben.....	s 28
4.4	Løn og personalstaben.....	s 34
4.5	Servicekontoret.....	s 36
4.6	Skuleavdelinga.....	s 39
4.7	Barnehageavdelinga.....	s 44
4.8	Helseavdelinga.....	s 48
4.9	Sosialavdelinga .....	s 50
4.10	Barnevernavdelinga.....	s 53
4.11	Pleie og omsorgsavdelinga.....	s 57
4.12	Landbruksavdelinga.....	s 62
4.13	Kultur og næringsavdelinga.....	s 66
4.14	Kommunalteknisk avdeling.....	s 68
4.15	Kart, oppmåling og byggesak.....	s 72
4.16	Brann og redning.....	s 74
4.17	Eigedomsavdelinga.....	s 77
4.18	Ansvarsområde 80 (felles utgifter og inntekter).....	s 80

## 1 INNLEIING

Volda kommune sitt rekneskap for 2009 er avslutt med eit netto driftsresultat på kr.4.715.779. Dette er ca 1% av driftsinntektene, og er langt unna det tilrådde nivået på 3 - 5%. Det er avsett kr 1.478.914 til disposisjonsfondet. Botnlinja viser eit rekneskapsmessig overskott på kr. 3.791.770.

Reglane om føring av premieavvik (sjå kapittel 4.18 for nærare forklaring) bidreg med ca netto 9,5 mill kr av inntektene i driftsresultatet. Ved utgangen av 2009, har Volda kommune over 32 mill kr i akkumulert premieavvik som skal utgiftsførast over dei neste 15 åra. Vi har klart å opparbeide eit pensjonsfond på knapt 10,9 mill kr til å dekke deler av desse utgiftene. Men dette er eit ubunde fond, og vi kan difor risikere at fondet vert brukt til andre føremål (som til dømes å dekke underskot i rekneskapsår med like dårleg driftsresultat som 2008). Det er viktig å være klar over at premieavviket berre er ei reint teknisk føring i rekneskapen utan at det ligg konkrete pengar bak. Dersom ein vel å bruke premieavviket til å dekke driftsutgifter, skapar ein likviditetsvanskar.

Volda kommune har liten handlefridom grunna den høge lånegjelda. Vi har ved utgangen av 2009 ei langsiktig ordinær lånegjeld på 531,6 mill kr.(35, mill kr i formidlingslån kjem i tillegg). Dette inneber at Volda kommune pr 31.12.2008 har ei langsiktig lånegjeld (eksklusive formidlingslån) tilsvarande kr 62.009 pr innbyggjar. KOSTRA-tala for 2009 viser at Volda kommune har lånegjeld som er ca 57,6% høgare enn samanliknbare kommunar.

Tabellen under viser netto finansutgifter for dei siste åra:

	<b>Rekneskap 2009</b>	<b>Rekneskap 2008</b>	<b>Rekneskap 2007</b>	<b>Rekneskap 2006</b>
Sum finansutgifter	38 367 779	50 849 271	37 132 255	33 803 259
Sum finansinntekter	18 454 259	13 629 253	16 890 624	23 347 746
Netto finanskostnader	19 913 520	37 220 018	20 241 631	10 455 513

Netto finansutgifter auka med nesten 17 mill kr frå 2007 til 2008. Nedgangen på børsen var ein vesentleg bidragsfaktor her. I 2007 kunne vi inntektsføre ein beskjeden verdiauke på ca 4,5 mill kr. I 2008 måtte vi utgiftsføre ein verdireduksjon på 7,7 mill kr. I 2009 kunne vi inntektsføre ei verdiauke på ca 8,3 mill kr. Dersom vi samanlikar 2008 og 2009, så får vi ei forbetring på 16 mill kr på verdiendringa på pengeplasseringane for desse frå 2008 til 2009.

Neste kapittel gir ein litt meir grundig presentasjonen av den økonomiske situasjonen til Volda kommune. Kapittel 3 omhandlar personalpolitikk. Siste kapittel (kapittel 4) omtalar avdelingane.

## 2 VURDERING AV VOLDA KOMMUNE SIN ØKONOMISKE SITUASJON

### 2.1 Resultat 2009

	<b>Rekneskap 2009</b>	<b>Budsjett 2009</b>
Skatteinntekter	163 056 252	159 653 000
Rammetilskott	128 159 745	129 284 000
Andre generelle statstilskott	20 458 358	20 163 363
Andre driftsinntekter	177 689 043	145 700 304
<b>Sum inntekter</b>	<b>489 363 398</b>	<b>454 800 667</b>
Driftsutgifter	486 255 427	450 581 423
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>3 107 971</b>	<b>4 219 244</b>
Finansutgifter	38 367 779	40 198 086
Finansinntekter	18 454 259	14 350 000
Motpost avskrivninger (inntekt)	21 503 928	21 000 000
Netto utgift sosial lån	17 400	(16 781)
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>4 715 779</b>	<b>(645 623)</b>
Avsetninger (utgift)	13 022 755	11 974 647
Bruk av avsetninger (inntekt)	12 098 747	12 620 270
<b>Overskott</b>	<b>3 791 771</b>	<b>0</b>

Volda kommune sitt brutto driftsresultat er på vel 3,1 mill kr. Dette er ca 1,1 mill kr dårlegare enn budsjettert. Avdelingane hadde eit netto meirforbruk på 7,8 mill kr.

Positivt premieavvik på pensjonsområdet ( ca 9,5 mill kr når vi tek omsyn til amortisering av tidlegare års premieavvik), førde til at vi likevel fekk et positivt brutto driftsresultat på 3,1 mill kr. Det vert vist til slutten av kapittel 4 for nærare omtale av premieavviket.

Netto driftsresultat er positivt med 4,7 mill kr og er over 5,3 mill kr betre enn budsjettert (var budsjettert med ei netto utgift på kr 645.623). Dette skuldast i all hovudsak at netto finansutgifter vart ca 5,9 mill kr lågare enn budsjettert. Finansområdet vert nærare omtala i kapittel 2.4.

### 2.2 Frie inntekter

Det overordna formålet med inntektssystemet er å gjere det mogleg for kommunane å gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine. For å oppnå dette målet vert det ved fordelinga av rammetilskottet teke omsyn til strukturelle ulikskapar i kommunane og fylkeskommunane (utgiftsutjamning) og ulikskapar i skatteinntektene (inntektsutjamning). Rammetilskottet utgjør saman med skatteinntektene dei frie inntektene som kommunane fritt disponerer innanfor dei gjeldande lover og forskrifter. Det vert også gitt eit skjønnsstilskott for å korrigere for forhold som ikkje blir ivaretekne godt nok i fordelingssystemet elles. Inntektssystemet inneheld i tillegg verkemiddel som utelukkande er grunnjevne med regionalpolitiske målsetjingar.

Tabellen under viser kor mykje Volda kommune fekk i frie inntekter i 2009

	<b>Rekneskap 2009</b>
Brutto innbyggjartilskott	80 101 000
Utgiftsutjamning	21 460 000
Overgangsordning	(511 000)
Utenfor overgangsordning	1 363 000
Inntektsutjamning	17 933 000
Skjønnstilskott (inkl prosjektskjønn)	1 196 000
Byklettrekk	(11 000)
Skjønn til skattesvake kommuner	1 000 000
Tiltakspakken	3 760 000
Revidert nasjonalbudsjett 2009	1 726 000
Diverse	142 000
<b>Sum rammetilskott</b>	<b>128 160 000</b>
<b>Skatt på inntekt og formue</b>	<b>163 056 000</b>
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>291 216 000</b>

*Tal i parentes inneber trekk*

Her er ei kort forklaring av dei mest sentrale elementa i rammetilskotet:

### Brutto innbyggjar-tilskott

Alle kommunar fekk kr 9.500. pr innbyggjar (etter folketal pr 1 januar 2009), og dette utgjorde over 80,1 mill kr for Volda kommune.

### Utgiftsutjamning

Skilnadene mellom kommunane i Noreg er til dels store når det gjelder kostnadsstruktur og demografisk samansetning. Både etterspørselen etter kommunale tenester og kostnadene ved produksjonen vil difor variere kommunane imellom. Målet med utgiftsutjamninga er å fange opp slike variasjonar. Ein tar frå dei relativt sett lett drivne kommunane og gir til dei relativt sett tungdrivne. Volda kommune blir definert som ein tungdriven kommune, og fekk kr. 21.460.000 i netto utgiftsutjamning.

### Inntektsutjamning

Kommunar med låg skatteinngang får kompensasjon for dette. Volda kommune sin skatteinngang i 2009 var 84,8 % av landsgjennomsnittet pr innbyggjar (82,3% i 2008 utan selskapskatt). Vi fikk 17.933.000 millionar i netto inntektsutjamning som følgje av dette, noko som er 6,65 mill kr mindre enn i 2008. Inntektsutjamninga blir finansiert ved at skattesterke kommunar får eit netto trekk i sine skatteinntekter.

### Skjønnstilskott

Volda kommune mottok kr 1.196.000 i skjønnstilskott. Av dette er kr 300.000 prosjektskjønn.

### Andre element

Det var nokre ekstraordinære element i rammetilskotet i 2009. Skattesvake kommunar fekk ekstra skjønstilskot. (1 mill kr til Volda kommune). Tiltakspakka ( i samband med finanskrisa) og auka innbyggjartilskot i revidert nasjonalbudsjett er 2 andre døme.

### Skatt på inntekt og formue

Skatt på inntekt og formue vart kr. 3.403.252 meir enn I budsjettet.

Til større skatteinntektene er, til mindre vert inntektsutjamninga. Skatteinngangen på over 163 mill kr utgjorde 84,8% av landsgjennomsnittet pr innbyggjar. Tilsvarende tal for 2008 var 82,3% av landsgjennomsnittet.

### Samla vurdering

Regjeringa la fram forslaget sitt til statsbudsjett for 2010 i oktober 2009. Det kom her ei prognose på kor store skatteinntektene ville bli på landsbasis ved utgangen av 2009.

Den endelege skatteinngangen på landsbasis vart større enn prognosen. Dette forklarar kvifor dei frie inntektene vart nesten 2,3 mill kr. større enn budsjettet. Til større skatteinntektene er på landsbasis, til meir vert det å fordele til dei skattesvake kommunane (slike som Volda kommune) gjennom inntektsutjamninga.

## **2.3 Generelle statstilskott**

Tabellen under viser dei generelle statstilskotta for 2009:

<b>Andre generelle statstilskott</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>
Integreringstilskott flyktningar	13 431 000	13 219 000
Grunnskolereform 97/Investering skulebygg	2 222 350	2 542 060
Kompenasjonstilskott omsorgsbygg	4 701 964	4 402 303
Kyrkjebygg	103 044	
<b>Sum</b>	<b>20 458 358</b>	<b>20 163 363</b>

### *Integreringstilskott flyktningar*

Kommunen mottok kr. 13.431.000. i integreringstilskot for busetjing av flyktningar i 2009.

### *Grunnskulereform 97/Investering i skulebygg*

Det er ei statleg finansieringsordning vedkommande investeringane som blei gjort i samband med Grunnskolereform 97 (både rente- og avdragskompensasjon ). Dette utgjorde kr 1.171.000 i 2009.

I 2001 blei det vedtatt ei ordning med rentekompensasjon for skulebygg, med ei total ramme for heile landet på 15 milliardar over 8 år. Volda kommune investerte for 24,5 millionar, og fekk kr. 1.051.350 i rentekompensasjon i 2009.

#### *Sjukeheim/omsorgsbustader*

Vi får både avdrag og rentekompensasjon ved bygging av sjukeheim og omsorgsbustader. Dette utgjorde kr. 4.701.964 i 2009.

## **2.4 Finansområdet**

Vi skal her kort sjå på samansettinga av den langsiktige lånegjelda, og gi eit kort oversyn over finansutgifter og finansinntekter i 2009. Vi ser også litt framover.

#### *Langsiktig gjeld*

Volda kommune har ei slik samansetjing av langsiktig lånegjeld pr 31.12. 2009

<b>Langsiktig gjeld</b>	<b>2009</b>	<b>2008</b>
Pensjonsforpliktingar	506 748 870	466 970 768
Lånegjeld	566 635 880	561 859 247
<b>Sum langsiktig gjeld</b>	<b>1 073 384 750</b>	<b>1 028 830 015</b>

Dei kommunale rekneskapsreglane vedkommande pensjon blei endra i 2002. Som eit resultat av dette er pensjonsforpliktingar nå definert som langsiktig gjeld i balanserekneskapen til kommunen, jfr tabellen ovanfor.

Ein kan grovt sagt seie at den langsiktige lånegjelda til kommunesektoren kan delast inn i 2 kategoriar, sjå tabellen under. Vi har ordinære lån som vert nytta til å finansiere investeringane til kommunen. Desse utgjer ca 531,6 mill kr ved slutten av året. Den andre kategorien er formidlingslån, og er Husbanklån som etter bestemte vilkår blir lånt ut vidare til innbyggjarane. Avdrag og renteutgifter vi betaler til Husbanken skal i prinsippet vere lik avdrag og renter vi mottar frå låntakarane.

Volda kommune si langsiktige gjeld til låneinstitusjonar er som vist i tabellen under:

<b>Langsiktig lånegjeld</b>	<b>2 009</b>	<b>2008</b>
Ordinære lån	531 605 410	521 577 410
Formidlingslån	35 030 470	40 281 837
<b>Sum langsiktig lånegjeld</b>	<b>566 635 880,00</b>	<b>561 859 247,00</b>


Volda kommune hadde ved utgangen av 2009 hadde som sagt ei låneportefølje på 531,6 mill kroner. Porteføljen består av flytande lån som utgjer 25% og fastrenteposisjonar som utgjer 75%.

Kommunen sine flytande lån er knytta til 3M nibor, og renta vert justert kvar 3. måned - med tillegg eller fråtrekk for ein avtalt margin. Ved årsskiftet var prisen på flytande lån, før marginjustering, 2,05%.

Fastrenteposisjonane har følgjande utløpstidspunkt, volum og rente:

Forfallsmåned og -år	volum (i mill.)	rente
des.10	150	5,2625
des.13	50	4,5400
des.14	200	4,2500

Dersom ein legg til grunn at planlagde låneopptak vert gjennomførde til flytande rente, det vert betalt avdrag som planlagt, eksisterande fastrente får stå urørt til dei løper ut av seg sjølv og at det ikkje vert tekne grep for å etablere nye fastrenter, - så vil forholdet mellom lån med fast og flytande rente utvikle seg slik det er illustrert i grafen under.



Kommunens samla lånevolum var som det går fram av tabellen ovanfor på 531.605.410,- (ex. Husbanken) ved årsskiftet. Kommunens lån er fordelt på fleire långjevarar:

Kommunalbanken	50 801 951
KLP /Kommunekreditt	435 775 459
Sertifikatlån (*)	45 028 000
<b>Sum</b>	<b>531 605 410</b>

(\*) = Et sertifikatlån er eit [lån](#) med løpetid på inntil 12 månader. Lån med sertifikatvilkår er begrensa til sertifikatets lengde, i motsetning til vanlige fastrentelån. Det er i prinsippet et omsetteleg [gjeldspapir](#).

Ved lånets utløpsdato må låntakar enten nedbetale eller fornye avtalen, og avdrag vert ikkje betalt i løpetida. I Norge er det vanleg for bankar å tilby sertifikatlån med varigheit på 3, 6, 9 eller 12 månader. Sertifikatlån skil seg hovudsakleg frå fastrentelån ved at man bereknar [renta](#) ut frå 365 dagar (fastrentelån reknast ut i frå 360 dagar). Obligasjonslån har same definisjon som sertifikatlån, men med løpetid over eit år.

Vi har følgjande nøkkeltal pr 31.12.2009:

- gjennomsnittleg porteføljerente var 4,04%. Nivået på denne er forholdsvis stabilt, og vi har ein relativt høg andel fastrentelån.
- gjennomsnittleg rentebinding (durasjon) i porteføljen var 2,32 år.

- største enkelt-lån i porteføljen var 175,7 mill.
- innløysingsverdi (samla overkurs dersom låna skulle verte innfridde ved årsskiftet) er 1,47% eller 8 mill kroner. Dette tala er knytte til fastrentedelen av låneporteføljen.
- lånevolum som skal refinansierast innan eit år var 45 mill kr.

Volda kommune har ved utgangen av 2009 ei langsiktig lånegjeld tilsvarande kr 66 095 pr innbyggjar (kr 66.031 i 2008). Lånegjelda er 62.009 pr innbyggjar (kr.61 297 i 2008) dersom vi ser bort frå formidlingslåna, dvs berre tek med ordinære lån i grunnlaget.

Det er ikkje heile den ordinær langsiktig lånegjelda som belastar økonomien til kommunen. Vi kan vise det ved å ta utgangspunkt i tabellen under:

<b>Ordinær langsiktig lånegjeld</b>	<b>2 009</b>	<b>2008</b>	<b>2007</b>
Omsorgssatsing	55 710 662	58 030 996	60 351 330
VAR-området	45 782 087	41 318 259	36 091 266
Grunnskulereform 97	17 763 000	17 763 000	17 763 000
Investering i skulebygg (2001)	24 500 000	24 500 000	24 500 000
Lån som belastar kommunens økonomi	387 849 661	379 965 155	371 903 214
<b>Sum</b>	<b>531 605 410,00</b>	<b>521 577 410,00</b>	<b>510 608 810,00</b>

Det er abonnentane som gjennom avgiftene betaler finanskostnadene innanfor VAR-området. Ca 45,8 mill kr av den ordinære lånegjelda er knytt til VAR (Vann, Avløp Renovasjon)- lån. Fram til 2017 vil vi få over 6 mill kr i rentekompensasjon frå staten vedkomande investeringar (kr 17.763.000) i samband med grunnskulereforma 97. Dei neste 30 åra vil vi få tilskott på ca 55,7 mill kr (+ renter) frå staten i samband med investeringar i omsorgsbustader og omsorgssenteret. I tillegg får vi rentekompensasjon i 20 år (på grunnlag av et eit beløp opphavleg 24,6 mill kr) vedkomande investeringar i skulebygg (ordninga vart innført i 2001).

#### *Finansinntekter*

Tabellen under viser finansinntektene Volda kommune kunne føre i rekneskapen for 2009. Budsjettala er også med.

<b>Finansinntekter</b>	<b>Rekneskap 2009</b>	<b>Budsjett 2009</b>	<b>Avvik</b>
Renteinntekter Formidlingslån	1 480 484,00	600 000,00	880 484,00
Ordinære renteinntekter	2 249 040,48	2 500 000,00	(250 959,52)
Ubytte Tussa	6 050 000,00	6 050 000,00	0,00
Verdiauke plasseringar i aksjar/obligasjonar/pengemarknadsfond	8 336 008,31	5 200 000,00	3 136 008,31
Aksjeutbytte kvivsvegen as 2009	257 670,00		257 670,00
Andre finansinntekter	81 056,08	0,00	81 056,08
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>18 454 258,87</b>	<b>14 350 000,00</b>	<b>4 104 258,87</b>

Pr 31.12.2009 er Volda kommune si beholdning av aksjar og obligasjonar verdt ca 91.8 mill kr. Av dette beløpet er ca 15,2 mill kr kortsiktig plassering av overskottslikviditet. Note 16 i

rekneskapsheftet gir opplysningar i detalj om den einsskilte aksje og obligasjon.

Det var for 2009 opphavleg budsjettert med 5,2 mill kr i avkastning på våre plasseringar i aksjar og obligasjonar Avkastninga vart over 8,3 mill kr.

Her er oversikt over våre plasseringar i aksjar , pengemarknadsfond og obligasjonar pr. 31.12.2009:

Delphi Norden	3 842 740
Delphi Verden	7 422 814
Storebrand Verdi	8 541 662
<b>Sum aksjefond</b>	<b>19 807 216</b>
Storebrand Global obligasjon A	39 342 000
Storebrand Stat	5 043 955
Storebrand active global (hedgefond)	2 016 250
<b>Sum obligasjonsfond</b>	<b>46 402 205</b>
Storebrand Rente	15 856 639
Storebrand Likviditet	9 753 040
<b>Sum pengemarknadsfond</b>	<b>25 609 679</b>
<b>Total sum</b>	<b>91 819 100</b>

### *Finansutgifter*

Tabellen under viser finansutgiftene Volda kommune måtte føre i rekneskapsen for 2009. Også her er budsjettala med.

<b>Finansutgifter</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Avvik</b>
Avdragsutgifter	14 945 000	15 500 000	(555 000)
Renteutgifter formidlingslån	1 820 683	800 000	1 020 683
Renteutgifter ordinære lån	21 579 120	23 898 086	(2 318 966)
Morarenter/omkostningar	22 976	0	22 976
<b>Sum finansutgifter</b>	<b>38 367 779</b>	<b>40 198 086</b>	<b>(1 830 307)</b>

Som ein konsekvens av finanskrisen reduserte sentralbankane over hele verda styringsrentene sine kraftig frå hausten 2008. I 2009 har rentene vore på eit lågt nivå, men nokre få sentralbankar har så smått teke til å heve styringsrenta igjen. I Norge nådde styringsrenta botn den 17. juni 2009 med et nivå på 1,25%. Denne renta heldt Norges Bank frem til 28. oktober 2009, då den vart auka til 1,5%. Den 16. desember 2009 vart styringsrenta på nytt auka med 0,25 prosentpoeng, slik at den no er 1,75%. Ut frå rentebanen til Norges Bank er det venta at renta vil verte auka ytterlegare. Og dette kan vi sjå på prisane i FRA -marknaden (som priser nivået på 3M nibor på tidspunkt fram i tid). Pr dato ligg 3M nibor på 2,40%, og det er venta slik utvikling:

Juni 2010	2,45%
September 2010	2,59%
Desember 2010	2,78%
Mars 2011	2,97%
Juni 2011	3,16%

September 2011 3,36%

Forventninga om auka rente i 2010 er innarbeidd i kommunen sitt budsjett.

I samband med finanskrisa innførde ein sentral långjevar til kommunar og fylkeskommunar, Kommunekreditt, utlånstopp. Dette skjedde hausten 2008. I løpet av 2009 er Kommunekreditt selt frå Eksportfinans til KLP. Kommunekreditt har så vidt teke til å låne ut pengar igjen. Det er venta at dei saman med KLP har eit fullverdige utlånstilbod på plass i løpet av 2010. Det midlertidige bortfallet av Kommunekreditt som långjevar til nye lån har ikkje påverka kommunen. Året sitt låneopptak vart organisert via verdipapirmarknaden. Kommunen nyttar ekstern rådgjeving i arbeidet med låneporteføljen (Kommunal Gjeld as).

### *Netto finansutgifter*

Tabellen under viser netto finansutgifter for dei siste åra

	<b>Rekneskap 2009</b>	<b>Rekneskap 2008</b>	<b>Rekneskap 2007</b>	<b>Rekneskap 2006</b>
Sum finansutgifter	38 367 779	50 849 271	37 132 255	33 803 259
Sum finansinntekter	18 454 259	13 629 253	16 890 624	23 347 746
Netto finanskostnader	19 913 520	37 220 018	20 241 631	10 455 513

Netto finansutgifter auka med nesten 17 mill kr frå 2007 til 2008. Nedgangen på børsen var ein vesentleg bidragsfaktor her. I 2007 kunne vi inntektsføre ei beskjeden verdiauke på ca 4,5 mill kr. I 2008 måtte vi utgiftsføre ein verdireduksjon på 7,7 mill kr. I 2009 kunne vi inntektsføre ei verdiauke på ca 8,3 mill kr. Dersom vi samanlikar 2008 og 2009 så får vi ein skilnad på 16 mill kr på verdiendringane på pengeplasseringane for desse 2 åra.

## **2.5 Investeringar**

Tabellen under viser investeringane for 2009:

	<b>Rekneskap 2009</b>	<b>Budsjett 2009</b>
EDB - utstyr rådhus	776 669,46	956 926,00
Program GIS	346 250,00	792 693,00
IKT-satsing i grunnskulen	191 394,50	200 000,00
Agresso 5.5, fellesutgifter til fordeling	1 381 621,60	1 061 429,00
VISMA barnehage (rkn)	160 255,50	0
Nytt sentralbord	0	500 000,00
Interkommunal nattlegevaktordning (ae)	546 297,20	0
Gerica RessursStyring - GRS (jat)	0	120 000,00
Agresso 5.5, reine Volda-utgifter	344 356,46	0
Bilkjøp	2 089 074,00	3 749 000,00
Brannvernutstyr	127 697,50	0
Arbeidsbil teknisk avd. (aaa)	104 000,00	104 000,00
Pandemi 2009 - svineinfluensa	423 573,90	0
NAV Volda, ombygging bibliotek	214 742,65	679 452,00
Volda rådhus, oppgradering f-sal	251 137,04	210 000,00

Volda u-skule, opprusting	1 126 617,94	275 000,00
Fjordsyn, ombygging	0	379 758,00
Dalsfjord skule, opprusting	581 756,56	5 250 000,00
Myrtun på Rotset, tilbygg for vassverket	47 075,17	650 000,00
Lauvstad BH, utviding/ ombygging	674 404,24	500 000,00
Volda u-skule, statspakke finanskrise (ki)	1 637 397,80	4 000 000,00
Øyra skule, statspakke finanskrise (ki)	674 605,50	800 000,00
Volda samfunnshus, brannvarsling (ki)	2 383,40	190 000,00
Øyra skule, opprusting toalett (ki)	652 547,92	500 000,00
Ulvestad gamle skule, utbetring SFO (ki)	9 182,10	100 000,00
Mork bustader, kjøkenløyising	171 865,10	189 205,00
Utgreiing Mork bustader	0	199 316,00
Mork barnehage, utviding av vognplassar	89 562,24	100 000,00
Barstahuset gnr/bnr 18/203, sal og salstiltak	6 422,00	6 250,00
Severinhaugen 1 - 3, samlokalisering	2 982 416,25	6 930 731,00
Severinhaugen 5, renovering	165 932,62	179 326,00
Voldahallen, ny varmpumpe	133 036,38	160 000,00
Bratteberg skule, energiltak 2009	59 393,90	453 000,00
Øyra skule, energiltak 2009	44 675,00	1 120 550,00
Volda omsorgsenter, energiltak 2009	124 500,96	387 640,00
Volda oms.senter, varmpumpeanlegg	289 888,49	0
Gatemiljøtiltak (torget m.m.)	0	443 691,00
Uppheims-plassen (1000-års-stad)	10 938,00	258 245,00
Trafikktrygging og miljøtiltak	0	450 000,00
Torget mellom Cubus og Haavik	0	445 109,00
Øyra skule, spelemiddeltiltak	733 142,90	450 000,00
Skatepark	0	300 000,00
Friluftstiltak	0	133 000,00
Bratteberg skule, spelemiddeltiltak	514 482,00	450 000,00
Fjordvarme i Volda (aaa)	91 931,00	125 000,00
Volda skisenter, grunnkjøp m.m.	330 487,20	700 000,00
Utskifting PCB-armatur (bygg/gatelys)	0	378 146,00
Bustadfelt Bratteberg	6 099 856,32	8 300 000,00
Diverse byggefelt sentrum	12 416,42	0
Byggefelt Fyrde	0	1 500 000,00
Diverse grunn sentrum	249 853,00	0
Industriareal Furene	38 180,00	0
Kommunal kloakk , hovudplan	554 743,40	3 631 000,00
Kommunal kloakk Straumshamn	-74 949,50	0
Kommunal kloakk avlaupsreinsing (samla pott)	617 960,03	2 500 000,00
Opprusting Røysbakken (veg, bvatn og kloakk)	1 011 811,74	1 100 000,00
Volda Vassverk, samanknytning med Ørsta VV	150 000,00	571 000,00
Volda Vassverk, grunnvassboring Vassbotn	0	174 543,00
Lauvstad VV, ombygging	0	130 000,00
Driftssentral VA, edb-program og varslingsinstalla	333 306,40	400 000,00
VA-anlegg Ytrestøylen	869 453,19	900 000,00
Utbetring kommunale vegar	1 848 291,37	2 000 000,00
Veg Lægdavegen	2 721 093,36	2 233 000,00
Industriveg Furene	1 060 023,96	0
Vikeneskaia reparasjon	17 398,75	250 000,00
Volda kyrkje – ombygging	36 416,50	400 000,00
Folkestad kyrkjegard - omregulering	24 768,22	0
Kilsfjord kyrkjegard - utviding	0	609 307,00
<b>Sum</b>	<b>33 682 337,64</b>	<b>59 576 317,00</b>

## 2.6 Diverse nøkkeltal

### *Skattedekningsgrad og rammetilskottsgrad*

Skattedekningsgraden viser kor stor del av driftsutgiftene som blir dekt av skatt på formue og inntekt, og viser kor mykje skatteinntektene har å seie for finansiering av drifta. Kommunar med høg skattedekningsgrad er mindre avhengig av andre driftsinntekter (vice-versa).

Rammetilskottsgraden viser tilsvarande kor mykje av drifta som blir dekt av rammetilskottet frå staten. Tabellen under viser nøkkeltala for dei 3 siste åra:

	2009	2008	2007
Rammetilskott	128 159 745	111 293 975	106 645 348
Skatteinntekter	163 056 252	149 537 428	138 739 255
sum driftsutgifter	486 255 427	443 699 215	402 942 094
Rammetilskottsgrad	26,4 %	25,1 %	26,5 %
Skattedekningsgrad	33,5 %	33,7 %	34,4 %
Samla	59,9 %	58,8 %	60,9 %

### *Netto resultatgrad*

Netto resultatgrad illustrerer kor stor del av driftsinntektene som kan bli brukt til finansiering av investeringar og avsetningar. Vi får netto resultatgrad ved å sjå netto driftsresultat i % av driftsinntektene. Tabellen under viser netto resultatgrad for 2009, 2008, 2007 og 2006..

Netto resultatgrad				
År	2009	2008	2007	2006
Netto driftsresultat	4 715 779	(18 410 747)	10 802 152	11 962 287
Sum driftsinntekter	489 363 398	441 992 878	414 114 704	384 129 950
Netto resultatgrad	0,96 %	-4,17 %	2,61 %	3,11 %

Fylkesmannen tilrår at netto resultatgrad bør vere 3 - 5%, blant anna for å ha noko eigenfinansiering av investeringar, og for å kunne møte hendingar som ein ikkje har tatt høgde for (auka renter, nedgang på børsen, dyrare lønsoppgjer kva som var føresetnaden etc.).

Vi ser av tabellen at netto resultatgrad går ned frå 3,1 % i 2006 til 2,61% i 2007. I 2008 er det verkeleg ille. Netto driftsresultat er negativ, minus 4,17% av sum driftsinntekter. Situasjonen har betra seg i 2009, men er framleis langt unna det tilrådde nivået på 3 - 5%.

### *Brutto investeringar i % av driftsinntektene*

Tabellen under viser kor mykje brutto investeringar utgjer av dei totale driftsinntektene.

	2009	2008	2007
Sum driftsinntekter	489 363 398	441 992 878	414 114 704
Investeringar	33 682 338	31 992 278	75 240 834
Brutto investeringar i % av driftsinntektene	6,9 %	7,2 %	18,2 %

### Renter og avdrag i % av driftsinntektene.

Nøkkeltala i tabellen under seier oss kor mykje brutto finanskostnader (frå driftsrekneskapen) utgjer av sum driftsinntekter:

	2009	2008	2007
Renter og avdrag i % av driftsinntektene	8,7 %	9,8 %	9,7 %

### Likviditet

I dette avsnittet skal vi sjå på likviditeten til Volda kommune. Det vil bli sett nærare på utviklinga i arbeidskapitalen, stamlikvidar samt likviditetsgrad 1 og 2.

Arbeidskapitalen blir definert som differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld. Tabellen under viser endringa i arbeidskapital for dei 3 siste åra.

Arbeidskapital	2009	2008	2007
Omløpsmidler	216 631 825	201 487 364	212 056 701
Kortsiktig gjeld	82 586 514	73 626 227	72 654 006
Arbeidskapital	134 045 311	127 861 137	139 402 695
Endring i Arbeidskapital	6 184 174	(11 541 558)	(7 996 200)

Vi ser av tabellen at arbeidskapitalen auka med kr 6.184.174 i 2009.

Likviditetsgrad 1 seier noko om kommunen si evne til å dekke kortsiktig gjeld. Dette nøkkeltalet bør vere større enn 1, og vert utrekna med å dividere pengebeholdning (kasse, bankinnskott) med kortsiktig gjeld.

Likviditetsgrad 2 vert rekna ut ved å dividere omløpsmidlar med kortsiktig gjeld, og må vere større enn 2 dersom kommunen skal ha god likviditet. Tabellen under viser likviditetsgrad 1 og 2 for dei 3 siste åra.

Likviditetsgrad 1 og 2	2009	2008	2007
Kasse/bankinnskudd	58 171 101	56 303 813	63 322 677
Omløpsmidler	216 631 825	201 487 364	212 056 701
Kortsiktig gjeld	82 586 514	73 626 227	72 654 006
Likviditetsgrad 1	0,7	0,8	0,9
Likviditetsgrad 2	2,6	2,7	2,9

Dersom ein tek utgangspunkt i kontantbeholdning/kontantar og korrigerer for likvider som er bundne til ulike formål (ubrukte lånemidlar, bundne fondsmidlar, konto for skattetrekk) kjem vi fram til kor mykje kommunen har i stamlikvidar. Tabellen under viser stamlikvidar for dei 3 siste åra:

	2009	2008	2007
Kasse/bankinnskudd (*)	46 390 036	45 747 128	53 766 838
(-) Bundne fond	22 930 859	20 884 388	14 738 666
(-) Ubrukte lånemidler	23 117 247	20 623 323	12 725 688
<b>= Stamlikvidar</b>	<b>341 930</b>	<b>4 239 417</b>	<b>26 302 484</b>

(\*) = Skattetrekkskonto er trekt ut

Tabellen ovanfor viser at stamlikvidar vart redusert med over 22 mill kr i 2008., og vart ytterlegare redusert i 2009.

## 2.7 Fondsmidlar

Volda kommune har ved utgangen av 2009 over 93,3 mill kr på ulike fond:

	2009	2008
Ubundne driftsfond	12 363 507	15 497 536
Bundne driftsfond	19 640 297	20 092 113
Ubundne investeringsfond	58 074 027	58 031 123
Bundne investeringsfond	3 290 562	792 275
<b>Sum</b>	<b>93 368 393</b>	<b>94 413 047</b>

Det er 4 ulike fond i kommunerekneskapen:

- Bundne driftsfond
- Ubundne driftsfond (inkludert disposisjonsfond)
- Ubundne investeringsfond
- Bundne investeringsfond

### *Bundne driftsfond*

Bundne driftsfond kan berre brukast til bestemte formål i driftsrekneskapen. Pr. 31.12.2009 hadde Volda kommune ca 19,6mill kr i bundne driftsfond (fordelt på 98 ulike fond). Dei store fonda her er:

- Sjølvkost området kloakk er på 1,8 mill kr..
- Fond for kompensasjonsmidlar for næringslivet i Volda (auka arbeidsgjevaravgift) utgjorde litt over 4,1 mill kr.
- Konesjonsfond for kraftverk utgjorde 1,16 mill.kr
- Premiefond for Storebrand (pensjon) er på 2,3 mill kr

Dei bundne fonda var sikra ved avsetjing på eigen bankkonto ved utgangen av året.

## Ubundne driftsfond

Ubundne driftsfond er sett saman slik:

	2009	2008
Fond ungdomsrådet	2 134	2 134
Kvalifiseringskommuneprogrammet	0	58 500
Pensjonsfond	10 882 459	10 882 459
Disposisjonsfond	1 478 914	4 554 443
<b>Sum</b>	<b>12 363 507</b>	<b>15 497 536</b>

Disposisjonsfond kan nyttast fritt på både investering og driftsbudsjettet.

Eit viktig føremål til disposisjonsfondet er å kunne møte svingingar på børsen. Volda kommune har ved årsskiftet verdiar for ca 91,8 mill kr i obligasjon og aksjemarknaden. I 2001 og 2002 var det generell verdinedgang på desse marknadene, medan det i tidsrommet 2003-2007 var vore sterk oppgang. 2008 var som kjent eit år med stor nedgang. I 2009 klarte vi å ta igjen verdireduksjonen frå 2008.

I tillegg til framtidige svingingar på børsen, bør disposisjonsfondet også vere ein "støtdempar" mot framtidig renteoppgang. Volda kommune ligg langt over alle gjennomsnittstal for lånemasse pr. innbyggjar i kommune- Noreg. 1 %-poeng renteoppgang inneber nokså nøyaktig kr 5 mill i meirutgifter for Volda kommune sine innlån. Eit bufferfond for oppgang av lånerente bør med dagens rentenivå vere minimum 1 %-poeng av samla lånemasse.

Disposisjonsfond utgjorde kr. 4.554.443 ved inngangen til 2009. Kr 4.374.882 av dette beløpet er nytta til å dekke Volda kommune sitt rekneskapsunderskott for 2008. Det var etter dette berre kr 179.561 att av disposisjonsfondet. Disposisjonsfondet utgjør kr. 1.478.914 ved utgangen av 2009.

Pensjonsfondet referer seg til premieavvik på pensjonsområdet. Avviket mellom aktuaren (hos pensjonsleverandøren) sine tal og betalt beløp gjennom året vert definert som premieavvik. Positivt premieavvik er når betalt premie gjennom året er større enn pensjonskostnad utrekna av aktuar. Dette avviket vert ført som ei inntekt i rekneskapen (same beløp skal førast som ei utgift med like store beløp dei neste 15 åra). Negativt premieavvik har vi når pensjonskostnaden er større enn betalt premie gjennom året, og vert ført som ei utgift i rekneskapen (same beløp skal førast som ei inntekt med like store beløp dei neste 15 åra).

Ved utgangen 2009 har Volda kommune kr 32.481.315 i akkumulert premieavvik som skal utgiftsførast over dei neste 15 åra. Vi har klart å sette av kr. 10.882.459 for å møte desse framtidige utgiftene, dvs nesten 22 mill kr mindre enn det som er akkumulert premieavvik pr 31.12.2009.

### *Ubundne investeringsfond*

Ubundne investeringsfond kan nyttast til eigen- eller del-finansiering av kommunale investerings prosjekt. Dei ubundne investeringsfonda til Volda kommune skriv seg i hovudsak frå sal av Volda kommunale el-verk og Tussa-aksjar.

Fonda utgjer litt over 58 mill kr ved 31.12 2009 og er nesten uendra i kr samanlikna med året før. Dei ubundne investeringsfonda er sikra ved eigne avsetjingar (bank, aksjefond og renteberande fond). Ved eventuell bruk av investeringsfonda til å finansiere investeringar må plasseringa i obligasjon- og aksjemarknaden bli tilsvarende redusert.

### *Bundne investeringsfond*

Bundne investeringsfond kan berre brukast til bestemte formål i investeringsrekneskapen, og er på kr.3.290.562 ved utgangen av 2009.

## **2.8 KOSTRA (Volda kommune samanlikna med andre kommunar)**

KOMMUNE – STAT –RAPPORTERING (KOSTRA) er et nasjonalt informasjonssystem for å få fram relevant styringsinformasjon om kommunal verksemd. Informasjonen om kommunale tenester og bruken av ressursar på ulike tenestoområde blir registrert og stilt opp på ein måte som bør være relevant og interessant for avgjerdstakarar, både nasjonalt og lokalt.

Informasjonen skal tene til betre grunnlag for analyse, planlegging og styring, og såleis gi grunnlag for å vurdere om nasjonale mål blir nådd. KOSTRA tek sikte på forenkling av innrapportering frå kommunesektoren til staten med utgangspunkt i prinsippa om at data i størst mogleg grad skal vere nyttige for både kommunesektoren og staten, og at data berre skal registrerast ein gong med sikte på å bli brukt fleire gonger.

KOSTRA har som mål å bringe fram relevant, påliteleg, aktuell og samanliknbar styringsinformasjon om kommunal verksemd. Informasjonen skal gi grunnlag for betre statleg og kommunal styring og betre dialog mellom kommunane og innbyggjarane.

Forklaringar til tabellane under:

- Kolonna heilt til venstre er tala for Volda kommune.
- Tala for Ørsta kommune er i neste kolonne
- Deretter kjem gjennomsnitt for eigen kommunegruppe. Statistisk sentralbyrå (SSB) plasserer kommunane i grupper. Volda kommune er med i gruppe 10
- Gjennomsnitt for kommunane i Møre og Romsdal kjem i neste kolonne.
- Gjennomsnitt for landet utanom Oslo er i talkolonne nr 5.
- Gjennomsnitt for alle landets kommunar er i 6. og siste talkolonne.

Vi skal sjå på finansielle nøkkeltal, prioritering og dekningsgrader. SSB publiserte tala 15. mars 2010. Tala er førebelse, og er ikkje reviderte av revisjonen. SSB vil rapportere dei endelege tala for 2009 den 15 juni 2010

## Finansielle nøkkeltal

	Volda	Ørsta	Gr 10	M. R Fylke	Landet utenom Oslo	Hele landet
	2009	2009	2009	2009	2009	2009
<b>Finansielle nøkkeltall</b>						
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-0,5	0,7	1,1	1,5	1,3	1,2
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-0,4	0,7	1,9	2,4	2,7	2,8
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	222,1	222,3	184,9	173,9	173,4	167,9
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	26,4	20,9	25	19,4	22,1	21
Frie inntekter i kroner per innbygger	33969	33163	32268	34859	33486	34183
Netto lånegjeld i kroner per innbygger (*)	58115	49359	36866	36741	35848	28757

(\*) = ubrukte lånemidler er ikke med her.

Her er kommentarer til nokre av tala:

### *Brutto driftsresultat*

Tabellen ovanfor vider eit brutto driftsresultat som er negativt (minus 0,5 % av driftsinntektene). Volda kommune har imidlertid gjort føringar i rekneskapen etter desse tala vart publiserte. Det endelege brutto driftsresultat for 2009 vart positivt (kr 3.107.971), og utgjorde ca 0,6 % av driftsinntektene. Dette er et svakare resultat enn alle gruppene i tabellen ovanfor.

### *Netto driftsresultat*

Netto driftsresultat inkluderer finansutgifter (både inntekter og utgifter). Kommentarene i avsnittet med brutto driftsresultat gjeld også her. Dette inneber at også her viser tabellen feil tal (minus 0,4% av driftsinntektene). Volda kommune sitt netto driftsresultat for 2009 vart positivt (kr. 4.715.779), og tilsvarte ca 1% av driftsinntektene. Berre Ørsta kommune av gruppene i tabellen ovanfor har dårlegare tal enn dette.

### *Langsiktig gjeld/ Netto lånegjeld i kroner pr innbyggjar*

Hovudproblemet til Volda kommune er den svært høge lånegjelda. Dei høge rente- og avdragsutgiftene fører til at vi har veldig låg økonomisk handlefridom. KOSTRA-tala for 2009 viser at Volda kommune har lånegjeld som er 57,6% høgare enn samanliknbare kommunar (gruppe 10). I 2008 var lånegjelda 62,7% høgare enn samanliknbare kommunar (pr innbyggjar).

## Prioritering

	Volda	Ørsta	Gr 10	M. R Fylke	Landet utenom Oslo	Hele landet
<b>Prioritering</b>						
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	16657	15796	10442	14239	15798	17383
Netto driftsutgifter til grunnskoleopplæring, per innb 6-15 år	91520	81420	80738	84907	82747	84272
Netto driftsutgifter pr. innb i kr, kommunehelsetjenesten	1566	1553	1467	1768	1715	1687
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorg	14182	13451	12602	14522	13105	12848
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	1155	1736	2029	1867	2437	2705
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barneverntjenesten	6085	3962	4734	4968	5376	5525
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	3112	2979	3274	3661	3531	3535

Kommentarar til tabellen ovanfor:

### *Barnehage*

Vi har i 2009 netto driftsutgifter på kr 16.657 pr innbyggjar (1-5år). Netto driftsutgifter til Volda kommune er langt høgare enn gjennomsnittet i fylket og i gruppe 10. Slik har det vore frå og med 2006. I 2009 har vi for første gang meir i driftsutgifter pr innbyggjar enn Ørsta kommune ( her skal ein vere merksam på at Ørsta kommune har veldig stor nedgang i driftsutgiftene frå 2008 til 2009).

### *Grunnskule*

Situasjonen for skule er uendra i høve til tidlegare år. Netto driftsutgifter er også i 2009 høgare samanlikna med dei andre gruppene i tabellen ovanfor.

### *Kommunehelseteneste*

2006 var første året netto utgifter var høgare enn gjennomsnittet for kommunane i gruppe 10. Vi har same situasjon i 2007, 2008 og 2009.

### *Pleie og omsorg*

Netto driftsutgifter til pleie og omsorg ligg litt over gjennomsnittet i gruppe 10. 2008 var første året med heilårsdrift for ny-renoverte Fjordsyn. Når SSB publiserer dei endelege KOSTRA- tala den 15. juni, vil netto driftsutgifter vere mindre enn det som går fram av tabellen. Dette skuldast at det er ført ytterlegare ca 5,5 mill kr i inntekter etter vi rapporterte tala til SSB. Men ved den endelege rapporteringa vil dette som sagt vere korrigert.

### *Sosial tenesta*

Situasjonen er uendra for sosialtenesta. Netto driftsutgifter er også i 2009 mykje lågare enn i dei andre gruppene.

## Barnevern

Utgiftene til barnevern har hatt ei veldig stor auke frå 2004 til 2009. Netto driftsutgifter er gått opp frå kr 2520 til kr 6085 pr innbyggjar berre på dei 4 siste åra. Vi har vesentleg høgare driftsutgifter enn gjennomsnittet i gruppe 10 og fylket.

## Administrasjon

Utgiftene til administrasjon er lågare i Volda kommune enn i dei andre gruppene med unntak av Ørsta kommune.

## Dekningsgrad

	Volda	Ørsta	Gr 10	M. R Fylke	Landet utenom Oslo	Hele landet
<b>Dekningsgrad</b>						
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	94,7	88,4	89	91	89,2	88,5
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, prosent	8,4	6,5	7,9	7,6	7,6	7,6
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	8,6	11,8	8,5	9,6	9,3	9,3
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	6,2	6,8	7,7	8	8,3	8,3
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100	95,6	99,7	96,4	93,8	93,6
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	14	19,6	13,2	16	14,3	14,6
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år	2,2	2,7	3,6	3,1	3,7	3,9
Andel barn med barneverntiltak ift. innb. 0-17 år	5,4	3,7	4,1	4,6	4,2	4,2
Lengde kommunale veier og gater i km pr. 1 000 innbygger	12,7	13,3	9,2	11,1	8,8	7,9
Syssel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	10	21	30	28	37	35
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	..	17	18	19	20	20
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere	..	..	..	..	..	..

## Kommentar:

Tabellen for dekningsgrader stadfestar mange av konklusjonane frå tabellen som viste prioritering. Dette ser vi til dømes ved at:

- Talet på sosialhjelps-mottakarar er lågare enn hos dei andre gruppene.
- Det er fleire elevar som får spesialundervisning i Volda kommune enn hos dei andre gruppene.
- Ingen av gruppene har større barnehagedekning enn Volda kommune.

### 3 PERSONALPOLITIKK

#### Sjukefråver

Volda kommune hadde i 2009 tilsaman 144 008 dagsverk. Eit årsverk er 261 dagsverk. Sjuke arbeidstakarar utgjorde 11 063 dagsverk, det vil seie 7,68 %. Kvar dag er 42,5 dagsverk fråverande med sjukmelding/eigenmelding. Det betyr likevel at kvar dag var 5 fleire tilsette på arbeid i 2009 enn i 2008, og vi har auka nærværet frå 91,25 % til 92,32!

FRAVÆRSDATA	Dagsv.	%
Mulige dagsverk	144008	
Egenmeldt fravær dagsv.	1446,2	1,0 %
Sykemeldt fravær 1-3 dagsv.	297,64	0,2 %
Sykemeldt fravær 4-16 dagsv.	1070,9	0,7 %
<b>Korttidsfravær (1-16 dager)</b>	<b>2814,7</b>	<b>2,0 %</b>
Fravær 17-56 dagsv.	2176,3	1,5 %
Fravær >56 dagsv.	6100,1	4,2 %
<b>Langtidsfravær (&gt;16 dager)</b>	<b>8276,4</b>	<b>5,7 %</b>
<b>TOTAL FRAVÆRSDAGER</b>	<b>11091</b>	<b>7,7 %</b>

#### Kvalitetskommuneprogrammet

Deltaking i dette programmet har vore ein viktig inspirasjonskjelde for auka fokus på nærvær og kvalitet på tenestene. Personalseminaret fredag 13. mars, der over 500 tilsette og politikarar deltok, var eit stort løft. Professor Ingvard Wilhelmsen, Institutt for indremedisin, Universitetet i Bergen og leiar av Hypokonderklinikken underheldt kvar gruppe i 2 timar. Fokus: vere konge i eige liv, og korleis handtere verkelege problem og utfordringar ved å sortere vekk dei tenkte problema!

#### ”Gravid – ein ressurs på jobb”

Målsettinga for prosjektet er å auke tilrettelegginga på arbeidsplassen slik at den gravide kan stå lenger i arbeid.

Frå prosjektmøtet 210909:

**Sak 2/2009: Dagens situasjon.** På landsbasis står gravide for om lag 1/3 av alle fraværsg dagar for kvinner mellom 20–39 år. Minst 30% av fraværet er pga mangelfull tilrettelegging. Sjukmelding er den mest brukte løysinga på problemet med å kombinere arbeid og graviditet. Om lag 125 barn vert født kvart år i Volda. Vi har ikkje lukkast å få eksakte statistiske tal på kor mange sjukmelde gravide det var i Volda og Ørsta kommune i fjor, og kva veke dei vart sjukmeldt. Tal frå NAV viser gjennomsnittleg sjukefråver hos kvinner i alderen 21-39 år er 7,8% i Volda og 9,1% i Ørsta. Ein utrekningsmodell for å kartlegge kor mange gravide ein har i ei bedrift vart vist.  $N = \text{antall kvinner i alderen 20-40 år}$ .  $N \times 0.07 = \text{antall gravide}$ . Det vil sei det i Volda og Ørsta kommune er mellom 25-30 gravide kvinner kvart år.

Kva kostar sjukefraværet arbeidsplassen? Ei undersøking SINTEF utførte for NHO viste gjennomsnittleg kostnad for ein sjukefraværsg dag på ca kr 1900 (beløpet vil variere avhengig kva ein legg til grunn, og om bedrifta kompenserer fraværet med vikar eller overtid). I Volda:

er det kun 3 av 13 gravide som står i arbeid til 3 veker før termin. Dersom 10 personar står 3 veker lengre i jobb = 30 veker = 285 000 kr spart for kommunen.

Oppsummering (frå årsmeldinga til prosjektet):

Prosjektet vart starta opp 3. september i Volda. Ørsta kom med i prosjektet i november. Hausten-09 vart brukt til etablering og forankring av prosjektet. Ved utgangen av året var det holdt tre informasjonsmøter til leiarar, tillitsvalgte og legar. Sju gravide var med i prosjektet ved utgangen av året, alle frå Volda, og det var gjennomført seks trekantsamtalar pr. 31/12-09.

### *Langtidsfrisk*

Gjennom kvalitetskommuneprogrammet vart ein kjend med metoden Langtidsfrisk. Dette er eit konsept som også vår pensjonsleverandør Storebrand har som eit av sine satsingsområde innan HMS. I samarbeid med Storebrand utdanna Volda kommune 2 prosessveiledarar i denne metoden i 2009. Andre halvdel av 2009 vart nytta til internopplæring og planlegging inn mot 2010.

### **Likestilling**

Av alle tilsette i Volda kommune, er ca. 75 % kvinner. Av 844 tilsette i 2009, er 635 kvinner og 209 menn. Dette betyr at kvinneandelen er aukande. Samla årsverk er berekna til 567. Talet på tilsette er redusert med 11, samanlikna med 2008, medan samla årsverk er auka med 6.

Ufrivillig deltid er framleis ei utfordring. Ved tilsettingsaker vert det gått interne runder i høve utviding av stilling eller endring av arbeidsplass. Det har frå hausten 2009 vore køyrd ”stillingsprosjekt” i samarbeid med HTV i PLO.

Med ein stor overvekt av kvinner i organisasjonen er det viktig å ha fokus på lik løn for likeverdige arbeid.

Tabellen nedanfor viser leiarar fordelt på kjønn ved utgangen av 2009:

<b>Leiarar</b>	<b>Kvinner</b>	<b>Menn</b>
Toppleiarar (HTA kap 3)	10	9
Leiarar (HTA kap 4) – rektorar, barnehagestyrarar, avd.leiar PLO og helse	28	13

Likestilling handlar også om inkludering av framandspråklege eller personar med nedsett funksjonsevne. Vi har fokus på tilrettelegging for eigne tilsette med ulike behov, til dømes flytting av arbeidsplass internt i kommunen, noko som reduserer muligheita til å sysselsette nye tilsette med kjend funksjonshemming. I samarbeid med NAV bør dette likevel kunne gjerast meir enn i dag. Gjennom tilrettelegging medverkar vi til redusert avgang og utstøting.

## Generelle kommentarar

Utvikling av sysselsettinga i Volda kommune, nokre tal frå SSB:

Andel sysselsatte i kommuneadministrasjonen:

2006	2007	2008	2009
13,1	13	12,1	11,8

Andel sysselsatte i helse- og sosialtjenester

2006	2007	2008	2009
45,4	45,5	46,5	47,9

Tala ovanfor viser ei utvikling i samsvar med det ein har erfart. Ressursane til administrasjon er prosentvis reduserte. Auken i sysselsettinga går i hovudsak til fleire hender i pleie- og omsorg.

### *Rekruttering og kompetanse*

Vi har gjennom heile året hatt bra tilgong på kvalifiserte søkjarar til faste stillingar, men har framleis utfordringar knytt til rekruttering av fagstillingar i omsorgssektoren. Vi ser at det framleis er vanskar med å skaffe vikarar både i skular, barnehagar og pleie- omsorg. Vi har for få søkjarar til ledige lærling-plassar (helsefagarbeidar).

For å sikre nødvendig kompetanse legg vi tilrette for tilsette som vil ta vidareutdanning i psykisk helsearbeid, rusomsorg og andre fag. Vi har også 3 tilsette som tok til med desentralisert vernepleieutdanning ved Høgskulen i Molde hausten 2008. Vi samarbeidar med vidaregåande skule for inntak av lærlingar i helsefag, men det er også eit mål å få lærlingar i andre fag.

Tabellen nedanfor viser at hjelpepleiarane framleis er den største yrkesgruppa i pleie- og omsorg med sine 100 personar i 2008. Utfordringane knytt til nok lærlingar/fagarbeidarar innan helsefag vil kunne medføre mangel på pleiepersonell på sikt når hjelpepleiarane skal erstattast. Elles så viser tabellen at auken på tilsette med sjukepleiefagleg kompetanse held fram.

Sysselsatte med helse- og sosialfaglig utdanning i helse- og sosialtjenester:

	2005	2006	2007	2008
	Sysselsatte	Sysselsatte	Sysselsatte	Sysselsatte
Helsesekretærer	5	6	8	10
Hjelpepleiere	97	97	103	100
Omsorgsarbeidere	10	12	11	14
Aktivitører	6	6	6	5
Sykepleiere	49	48	56	58
Vernepleiere	9	7	6	6
Barnevernspedagoger	12	14	14	16
Sosionomer	6	7	13	18

Kjelde: SSB 2010

For å sikre rekruttering av nye kompetente medarbeidarar, må vi ha faste stillingar og helst heile stillingar. Fast tilsetning er hovedregel etter arbeidsmiljølova, med nokre unntak. Både sjukepleiarar og lærarar har fått fast tilsetning for arbeid i vikariat. Dei må då pårekne endring av arbeidsplass.

### *Lønspolitikk og seniorpolitikk*

2009 var eit mellomoppgjer og utan lokale forhandlingar for dei fleste tilsette. Året vart mellom anna brukt til å utarbeide verkty for kompetansekartlegging i samarbeid med 5 andre kommunar og tilsettere representantar. Volda og Ørsta har felles instalasjon av elektronisk verkty, knytt til Agresso 5.5. og har køyrt felles prosjekt gjennom året. Ein har også lagt vekt på felles forståing av kriterier for lønspolitikken knytt til kompetanse og avansementstillingar.

Seniorpolitiske retningslinjer vart vedteke i kommunestyret 20.06 06, og skulle i samsvar med dette vedtaket evaluerast innan utgangen av 2009. På bakgrunn av dei endringane som har vore, og som er varsla, i samband med pensjonsreforma. Har ein ikkje sette behov for evaluering av retningslinene enno. Ein opplever at retningslinene er fleksible og at dei imøtekjem både tilsette og arbeidsgivar sine behov.

### *OU-prosjekt*

Administrasjonssjefen. sette i gong OU-prosjektet 20.april og oppnevnte Karin Heggen og Wenche Solheim som prosjektleiarar. OU-prosjektet er ein del av kvalitetskommuneprogrammet og har ikkje som overordna mål å redusere talet på stillingar. Administrasjonsutvalet er referansegruppe og leiarforum er styringsgruppe og overordna styringsorgan for prosessane. Det er etablert ei prosjektgruppe samansett av Pleie- og omsorgssjefen, Økonomisjefen, Kultur- og nærings sjefen, Leiar kommunalteknisk avdeling, Personalsjefen, skulesjefen, Admsjef, Helsesjef, og to tillitsvalde. Overordna problemstilling var: *Kor teneleg er organiseringa av Volda kommune sett i relasjon til dei tenestene som skal ytast?*

Det vart bestemt at ein skulle starte med å gjennomføre ei medarbeidarundersøking og verktøyet bedrekommune.no vart valt. Ei arbeidsgruppe samansett av Øivind Semb, Tor Vegar Søvik, Hildegunn Wiik, Sylvi Fossheim og prosjektleiarane. Bente Engeset er ansvarleg for informasjon. Svarprosent på medarbeidarundersøkinga vart over landsgjennomsnittet. 77% av dei tilsette (566 personar) i Volda kommune svarte enten elektronisk eller ved å fylle ut papirskjema. Etter medarbeidarundersøkinga vart det gjennomført prosessar i dei ulike einingane med utgangspunkt i resultatata.

OU-prosessen går vidare med brukarundersøkingar i utvalde avdelingar og gjennom delprosjekt knytt til organisering av stab og tenester.

## 4 AVDELINGANE

### 4.1 INNLEIING

Vi skal i dette kapittelet sjå nærmare på den einssilde avdeling i 2009. Tabellen under viser rekneskap og budsjettala for 2009, samt avvik mellom rekneskap og budsjett.

	<b>Rekneskap 2009</b>	<b>Budsjett 2009</b>	<b>Avvik (*)</b>
<b>Netto driftsutgifter pr Avdeling</b>			
Administrasjonssjef	1 370 117	1 204 427	(165 690)
Økonomistaben	4 084 007	5 676 290	1 592 283
Samordnings- og utvilingsstaben	6 618 442	8 414 609	1 796 167
Løns- og personalstaben	3 754 652	4 016 116	261 464
Servicekontoret	6 879 465	6 693 078	(186 387)
PP-Tenesta	2 153 454	2 667 898	514 444
Hamna dagsenter	3 010 924	3 338 640	327 716
Skuleavdelinga	89 928 998	91 759 120	1 830 122
Barnehageavdelinga	7 094 577	5 236 586	(1 857 991)
Helseavdelinga	12 134 212	11 534 706	(599 506)
Sosialavdelinga	5 220 761	4 393 869	(826 892)
Barnevernsavdelinga	12 139 629	10 283 399	(1 856 230)
Pleie- og omsorgsavdelinga	95 054 795	88 482 841	(6 571 954)
Eigedomsavdelinga	18 434 542	18 237 523	(197 019)
Landbruksavdelinga	863 621	1 182 629	319 008
Kulturavdelinga	5 495 624	4 676 341	(819 283)
Kommunalteknisk avdeling	6 608 194	6 066 927	(541 267)
Oppmålings- og bygningsavdelinga	1 051 042	943 762	(107 280)
Brannavdelinga	5 726 007	5 004 225	(721 782)
<b>Sum avdelingene</b>	<b>287 623 063</b>	<b>279 812 986</b>	<b>(7 810 077)</b>
Fellesutgifter og inntekter	-2 582 006	5 864 911	8 446 917
<b>Sum totalt</b>	<b>285 041 057</b>	<b>285 677 897</b>	<b>636 840</b>

(\*) = tal i parentes indikerer meirforbruk i høve til budsjettet.

Tabellen ovanfor viser at avdelingane hadde eit samla netto meirforbruk på kr. 7.810.077 i 2009. Dette er 1,6 mill kr mindre samanlikna med 2008 da avdelingane viste eit samla netto meirforbruk på kr. 9.424.511

Både PP.tenesta og Hamna dagsenter lagar eiga årsmelding, og har difor ikkje kvart sitt avsnitt i dette kapittelet. Men vi ser av tabellen ovanfor at begge avdelingane har mindreforbruk i 2009. Begge avdelingane har som vanleg hatt veldig god økonomistyring gjennom heile året

## 4.2 ØKONOMISTABEN

### Organisering

Ny økonomiavdeling vart oppretta 1 januar 2007, og består av følgjande:

- Økonomisjef (leiar av avdelinga)
- Seksjon for rekneskap (3.5 stillingar)
- Seksjon for skatt og innkrevjing (3 stillingar , inkludert 1 vakant stilling)
- Seksjon for økonomistøtte (3,7 stillingar som tidlegare tilhørde servicekontoret)

### Aktivitet

*Økonomisamarbeid mellom Volda og Ørsta kommune*

I k-sak 026/2008 den 28.02.2008 vart det vedteke følgjande i pkt. 2 i vedtaket:

*"Volda kommune tar initiativet til at eit samarbeid med Ørsta kommune innan økonomi-området (inkludert løn) vert utgreidd."*

Dette initiativet er følgt opp, og det er installert eit felles økonomisystem, AGRESSO 5.5, i samarbeid med Ørsta kommune. Installasjonen er gjort i ein serverpark som er plassert på Ørsta rådhus.

Opphavleg framdriftsplan forutsette igangkøyring i juni 2009. Igangkøyringa måtte imidlertid utsetjast til 01.01.2010. Og årsaka til dette var i det vesentlege manglar i malbasen for løn som begge kommunane ynkste å ta i bruk.

Der vart nedsett 6 ulike arbeidsgrupper som arbeider med delløysingar innanfor økonomiområdet. Gunnar Lillebø, rekneskapsjef i Volda kommune, er prosjektleiar.

Samarbeidstonen i prosjektet har vore god, og representantane for dei 2 kommunane har lik forståing av det som skal løysast. Det lovar godt for totalprosjektet.

Fordelen med denne fellesløysinga er at kommunane no har berre 1 programinstallasjon og 1 serverpark å halde ved like mot tidlegare 1 i kvar kommune. Samarbeidstiltaket bidreg dessutan til å forsterke relativt små fagmiljø i dei 2 kommunane. Og vi trur at begge kommunane vil dra nytte av dei samarbeidsmiljøa som er etablerte i dette prosjektet. Men sjølv sagt skaper tiltaket også utfordringar i høve til t.d. fordeling av arbeidsoppgåver.

Som venta vart tida fram mot årsskiftet veldig hektisk med tanke på innføringa. Arbeidsgruppene som har arbeidd med IKT, kunde-fakturering og leverandørfakturaer er klare for oppstart frå 01.01.2010.

Arbeidsgruppa for den overordna økonomiløysinga og budsjett og økonomiplan er også klar for oppstart som planlagt. Men deler av dette opplegget må fullførast i 2010 – slik som budsjett- og økonomiplanløysing og anleggsverdi-rekneskap.

Arbeidsgruppa for løn og personal har som venta hatt dei største utfordringane. Dette har ført til justering av planane for igangkøying for småfirmaene som vi fører rekneskapane for. Det står også att ein del som er planlagt fullført i løpet av 1. halvår 2010.

Økonomi-delen av Agresso 55-installasjonen vil verte teken i bruk som planlagt 01.01.2010 for alle firma med unnatak av Volda frivillegsentral.

- For Volda sokn og Ørsta sokn vil imidlertid løn for 1. kvartal 2010 verte utbetalt gjennom Agresso 54-installasjonane våre.
- Volda frivillegsentral vert ikkje omlagt til Agresso 55, men føringar i 2010 vil skje i Agresso 54. Siktemålet er avvikling av Volda frivillegsentral frå 01.01.2011 med innlemming av aktiviteten som del av kommunerekneskapen etter modell frå Herøy kommune.

### *Nytt økonomireglement*

Vi er komne eit stykke på veg i dette arbeidet. Vi har delegasjonsreglementet for Volda kommune som utgangspunkt for arbeidet vårt. Det vart vedteke i kommunestyret den 26.01.2006 i sak 0005/2006. Det er punkt 2.3 om Økonomistyring m.m. i dette reglementet som gir ramma for arbeidet vårt.

For å gi innhald til dette rammeverket har vi kjøpt Norges kemner- og kommuneøkonomers forbund si mal-samling for økonomireglement. Vi er komne eit stykke på veg i dette arbeidet. Revisjonen er sjølvstøtt ein nyttig samtalepartner i dette arbeidet. Planen er å fullføre arbeidet i 2010.

### *Tettare samarbeid på skatteoppkrevjarfunksjonen*

Rådmannsgruppa i regionen vår gjorde følgjande vedtak i møte 29 august 2008:

*”Saksframlegg om felles skatteoppkrevjarfunksjon bør utgreiast nærare med sikte på tettare samarbeid. Det bør innhenta referansar frå samarbeidsprosjekt andre stader i landet. Skatteoppkrevjargruppa ved Ove Bjerkvik i Volda samordnar arbeidet og skriv saksframlegg alle kan nytte.”*

Arbeidsgruppa har bestått av skatteoppkrevjarane i dei 7 kommunane på Søre Sunnmøre og mandatet for arbeidsgruppa er:

- innhente referansar frå andre samarbeidsprosjekt
- vurdere ulike samarbeidsalternativ
- utgreiing og tilråding skal leggest fram for styringsgruppa (rådmannsguppa) innan 01.03.08 før politisk behandling

Arbeidsgruppa la fram utgreiingsdokument for felles skatteoppkrevjarfunksjon for rådmannsgruppa i møte den 03.04.2009. Ulike samarbeidsmodellar er vurdert og fleirtalet i arbeidsgruppa gjekk inn for å tilrå vertskommunemodellen med samlokalisering og samordning av skatteoppkrevjarfunksjonen etter kommunelova § 28b.

I modell for vertskommuneløysing vil ein av kommunane ha ansvaret for teneste-produksjonen. Alle medarbeidarar er tilsette og har sitt arbeid lokalisert i vertskommunen.

Dette inneber at både fagleg og administrativt ansvar er lagt til vertskommunen. Vertskommunen blir dermed å rekne som ein tenesteytar, medan deltakarkommunane vert ein brukar av tenesta. Omfanget, kvaliteten og betalinga for tenesta skal regulerast i avtalar.

Rådmannsgruppa stilte seg positive til det arbeidet som var gjort, og skatteoppkrevjaren i Volda vart bedd om å fremje eit felles saksframlegg som kan nyttast for alle kommunane. Det vart vidare tatt sikte på realisering av samarbeidet frå 01.08.2010.

Forslag til felles saksframlegg vart oversendt rådmannsgruppa den 23.04.09, og handsaming av dette forslaget skal opp etter planen opp i rådmannsgruppemøte i slutten av januar 2010.

## **Økonomi**

Økonomistaben har eit netto mindreforbruk på kr. 1.592.283, og har fleire forklaringar. Her er dei viktigaste:

- Det vart ved handsaming av budsjettet for 2009 vedtatt å tilføre budsjettmidlar til den vakante stillinga som rekneskapskontrollør. Det vart samtidig vedtatt å ikkje gjere tilsetning før rapport om interkommunalt samarbeid på skatteområdet er handsama av kommunestyret. Dette vart ikkje gjort i 2009, og stillinga har stått vakant heile året (kr. 360.000).
- Bidraga frå sjølvkostområda er større enn budsjettert (ca kr 500.000)
- Overført mindreforbruk frå tidlegare år er ikkje brukt. (kr343.000)

## **Resultatmål**

1. Nå dei måltall for innkrevjing av ulike skattetal som fastsetjast 1 gang per. år i samarbeid med Skatt Midt Norge
2. Vere ajour med 2009-regnskapet gjennom heile året.
3. Fullføre utarbeiding ny økonomihandbok
4. Slutføre oppgradering av økonomisystemet Ageresso (i samarbeid med Ørsta kommune) til versjon 5.5 på ein god måte

## *Måloppnåing*

Det vart opplyst i 1.tertialrapport opplyst at resultatmål nr 3 ikkje ville bli fullført i 2009.

## 4.3 SAMORDNINGS- OG UTVIKLINGSSTABEN (S&U)

### Organisering

I staben var det ved årsskiftet åtte årsverk; fire kvinner og fire menn.

Arbeidet i S&U-staben har femna om følgjande hovudområde i 2009:

- IKT
- Plan
- Innvandring
- STYRK-prosjektet
- Kjøp og sal av grunn, etc.

Staben har framleis eit tett samarbeid med næringsseksjonen i Kultur- og næringsavdelinga, ikkje minst når det gjeld industri- og forretningsareal og i saker som gjeld kraft- og næringsfondet.

2,5 årsverk arbeidar med busetjing, integrering og kvalifisering av nykomne innvandrarakar.

### Aktivitet

#### IKT-seksjonen

I 2009 hadde vi ei omfattande utskifting av arbeidsstasjonar og skjermar. Fleire og tyngre fagapplikasjonar gjer at arbeidsstasjonane må skiftast oftare. Vi har allikevel ganske lang levetid på arbeidsstasjonane våre, og vi har gjenbruk der vi ser at dette er føremålstenleg. I 2008 satte vi opp ei Citrixløyising for å betre tilgangen til brukarane som ikkje er knytt til hovudnettveket. I år har vi etablert mange fleire brukarar på denne løysinga. Vi brukar og denne løysinga for avdelingar som jobbar på lukka nett. Vi har oppgradert ein del infrastruktur og laga ny og betre struktur på switchar og vlan. Dette har gitt oss ei meir fleksibel og effektiv løysing. Vi har og vidareutvikla backupløysinga slik at vi no har sentralisert backup av fleire lokasjonar. Sommaren 2009 fikk vi problem med kjøleanlegget på datarommet og måtte byte dette. Vi har teke over ansvaret både for fast-telefoni og mobil. Administrasjon av dette er ei arbeidsoppgåve som tek mykje tid. Fellesprosjektet med Ørsta, der vi byter ut økonomisystemet, har tatt svært mykje tid. Dette er eit prosjekt der vi investerer i felles infrastruktur og felles kommunikasjonsløyisingar. Desse løysingane er og tenkt brukt til andre fellesprosjekt. På slutten av 2009 og byrjinga av 2010 byter vi ut både indre og ytre brannmur i løysinga vår. Også i 2009 har vi jobba med breibandsutbygginga i Volda kommune. Til sommaren 2010 skal fem nye område i Volda kommune få ny eller betre breibandsdekning. Vi er fortsatt engasjert i fleire interkommunale grupper som arbeider med fellesprosjekt i regionen. Byte av e-post/kalendersystemet vårt, som var planlagt i 2009, måtte utsetjast. Dette er planlagt i 2010.

#### Seksjon Plan:

Aktivitet i 2009:

#### Kommuneplan:

Eigengodkjende kommuneplan/delplanar i 2009:

- Kommunedelplan for Volda sentrum, Vikebygda og Mork/Furene, 18.06.2009

Det er elles arbeidd med følgjande prioriterte kommunedelplanar:

- Helse i Plan - Prosjektarbeid i samråd med M.R.Fylke og Helsedirektoratet. Grunnlag for kommuneplanen sin samfunnsdel
- Bustadsosial handlingsplan (eigen prosjektansvarleg)

Reguleringsplanar /bebyggelsesplanar:

Eigengodkjende planar i 2009:

- Reguleringsplan Lid-Kråkeneset, plan eigengodkjend 18.06.2009
- Reguleringsplan Bratteberg Aust-planendring, 2.02.09
- Reguleringsendring Berknes Aust del II-planendring, 29.06.09
- Bebyggelseplan "Skifabrikken" - Skjellebreida, 8.06.09
- Bebyggelseplan K11-Engeset/Klepp, 29.06.09
- Bebyggelseplan Nordsletten - 30/346, 29.06.09

Det er elles i året arbeidd med følgjande regulerings-/ bebyggelseplanar:

- Flyplassområdet - Furene
- Reguleringsplan rv.651 Løvikneset – Årset
- Bustadfelt Fyrde
- Reguleringsplan Del av Volda sentrum-Hamnekvartalet
- Regulering av hytteområde på Nøre Bjørkedal
- Regulering av hytteområde i Selvika
- Reguleringsplan masseuttak i Stigedalen
- Reguleringsplan masseuttak på Løset-Bjørkedalen
- Bratteberg Barnehage.
- Reguleringsplan E-39 Volda Furene - planprogram
- Reguleringsplan spørsmål knytt til Volda Prestegard
- Reguleringsplan bustadtomt ved Bakkelidvegen/Rasmusvegen

*Dispensasjonar og planhandsaming knytt til havbruksanlegg*

Det er i året handsama i alt 31 saker som gjeld dispensasjon frå kommuneplan eller reguleringsplan. Det er handsama 5 saker knytt til etableringar/ending/utviding av konsesjonssaker i havbruksnæringa.

*Digitalt planarkiv:*

Det er i året lagt ned eit betydeleg arbeid i grunnlag for digitalt planarkiv, der alle eksisterande planar er gjennomgått og skanna inn som pdf-filer og gjort tilgjengelege for byggesaksavdelinga, kommunalteknisk avdeling og servicekontoret for bruk i detaljplanar, byggesøknader og meklaropplysningar. Det er i samarbeid med andre avdelingar kjøpt inn A0-plottar og scanner til bruk m.a i dette arbeidet med ajourhald av planarkiv.

*Spelemiddelsøknader:*

Planseksjonen har hatt ansvaret for teknisk godkjenning/kommunal handsaming av søknader om tilskot til idrett- og nærmiljøanlegg frå Spelemidlane. Dette er i 2009 gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer og tidsfristar.

### Seksjon Innvandring (Innvandrarkontoret)

I 2009 vart det busett 37 flyktningar som utløyste integreringstilskot, mot 31 året før. Seks kom på familiesameining, 28 frå asylmottak og tre som overføringsflyktningar. Flyktningane er frå Eritrea, Palestina, Somalia, Irak, Russland og Rwanda. Totalt utløyste 107 personar integreringstilskot i 2009, mot 88 året før. Fem som utløyste tilskot flytta, mot 22 året før. Dette inkluderer ein familie på fire personar. Ved utgangen av året budde det kring 174 personar Volda kommune har busett som flyktningar, mot 144 året før.

I 2009 deltok 40 flyktningar i introduksjonsprogram, mot 30 året før. 10 av 11 som avslutta sine program, deltok mindre enn to år. Åtte hadde overgang til ordinær utdanning og tre til ordinært arbeid. To fekk arbeid i privat næringsliv og ein i voldaskulen. Viktige tiltak i programmet er norskopplæring og samfunnskunnskap, språk- og arbeidspraksis, AMO-kurs, foreldre-, helse- og nettverksfremjande tiltak, inkludert flyktningguide. Fire har delteke åtte månader på pleieassistentkurs, derav fire månader med praksis i PLO, på Hamna dagsenter, Nilletun og Ålesund sjukehus. Alle fekk sommarjobb i helsevesenet. Gode resultat i kvalifiseringsarbeidet skuldast tett individuell oppfølging, tiltakskjedning og godt tverrfagleg samarbeid mellom programrådgjevar, lærar, NAV, helse m.v. Minimum kvar 3. månad har programrådgjevar møte med deltakar og aktuelle instansar. Seksjonen har i tillegg faste møter med norskopplæringa, NAV, helsestasjonen, frivilligsentralen og flyktningkonsulentane på Søre Sunnmøre.

Seksjonen har 2,8 årsverk i faste stillingar. Arbeidsmengda og arbeidspresset er framleis svært stort. Med to nytilsette i 2009 har mykje tid gått med til intern opplæring og rettleiing. Resultatmåla er likevel nådd, grunna dyktige medarbeidarar med høg kompetanse og arbeidskapasitet og god tverrfagleg innsats. Våre utfordringar er likevel å ha tilstrekkeleg tid og ressursar til tett individuell oppfølging overfor brukarar med samansette behov, heimeverande, bustadsosialt og miljøretta arbeid. Vidare å skaffe nok bustader, flyktningguidar og gode kvalifiseringstiltak for personar med samansette behov. Mottaksetableringa har ført til fleire oppgåver i seksjonen som saksutgreiingar, rettleiing, koordinering, økonomiforvaltning og auka tolkebehov. Seksjonen har arbeidsavtaler med 26 tolkar, mot 19 i fjor. Tolkane dekkjer 18 ulike språk og har behov for kontinuerleg opplæring og rettleiing.

Seksjonen har fokus på å søkje statlege ekstratilskot, og i år har ein fått særleg god uttelling. Gjennom året har ein fått innvilga meir enn 3 mill. i ekstratilskot til særskild oppfølging og tilrettlegging for einskildpersonar. Ekstratilskota gir kommunale avdelingar høve til å styrke tenestetilbodet overfor målgruppa. Ekstratilskota kjem i tillegg til ordinære tilskot som integreringstilskotet, tilskot til norsk- og morsmålsopplæring, tilskot til einslege mindreårige m.v.

I år er det gjennomført ICDP (International Child Development Programmes) foreldre-rettileiingskurs for to afrikanske nasjonalitetsgrupper. Både rettleiarane og foreldra gir gode tilbakemeldingar. Kommunen har også arrangert eit "Bra Mat-kurs" for to etniske minoritetsgrupper, med tolk. Kurset er gjennomført av folkehelsekoordinator og helsesøster i samarbeid med innvandrarkontoret. Eit lågterskel treningstilbod for nykomne innvandar-

kvinner er også i drift og er eit samarbeid mellom folkehelsekoordinator, Volda Sanitetslag og innvandrarkontoret.

#### STYRK-prosjektet:

Volda kommune fekk i 2008 og 2009 statlege prosjektmidlar for å styrke oppfølgingstenesta overfor vanskelegstilte på bustadmarknaden og rusmiddelmissbrukarar. I 2009 fekk kommunen kr 480 000 til styrking av det bustadsosiale arbeidet og kr 950 000 til styrking av oppfølgingstenester overfor rusmiddelmissbrukarar. Begge prosjekta kan pårekne statlege midlar også i 2010. Volda kommune har organisert arbeidet i eitt prosjekt – *STYRK-prosjektet*

Hovudmålålet til prosjektet er:

- God sosialfagleg oppfølging for å forbygge rusmisbruk og varig utestenging frå arbeidslivet, skule og andre viktige arenaer.
- Betre samhandling mellom NAV, tenesta for psykisk helse og eigedomsavdelinga for å skaffe eigna bustader til vanskelegstilte.

Prosjektet er organisert med prosjektleiar i 0,5 stilling, 2 miljøterapeutar i heile stillingar og 1 arbeidsleiar/miljøterapeut. Prosjektleiar er knytt til Samordnings- og utviklingsstaben, miljøterapeutane og arbeidsleiar til Tenesta for psykisk helse i Pleie- og omsorgsavdelinga. Prosjektet har nært samarbeid med NAV.

Prosjektet starta i august 2008 med prosjektleiar Solfrid Teigen og miljøterapeutane Linda Otneim og Geir Sæther. Linda Otneim slutta i oktober og Gøril Hestmann Melle vart tilsett i stillinga. Frå medio september 2009 vart prosjektet utvida med ein jobbkonsulent, Hermod Halse, som skulle etablere eit lavterskel arbeids- og aktivitetstilbod til brukarar som ikkje klarer å nytte eksisterande tilbod. Brukarane av dette arbeids- og aktivitetstilbodet kjem frå STYRK-prosjektet og tenesta for psykisk helse.

#### **Aktivitet**

- Arbeidd med bustadsosial handlingsplan og kartlegging av vanskelegstilte på bustadmarknaden
- Laga søknadsskjema til kommunale gjennomgangsbustader og etablert tildelingsnemnd for desse bustadane
- Kontakt, oppfølging, aktivitet og arbeidstrening
- Skriv vedtak, arbeidsavtalar og journalnotat
- STYRK har tett samarbeid med NAV, legetenesta, Volda distriktpsikiatriske senter og Volda vidaregåande skule
- 25 personar har hatt vedtak om tenester frå STYRK i 2009, 19 menn og 6 kvinner
- 11 er i alderen 17-24 år, 11 er alderen 25-34 år og 3 er over 35 år
- 8 fekk tilbod om arbeids- eller aktivitetstilbod

-----

Reset-skjønet vart avvikla i Tingretten i oktober 2009 og dom låg føre i november same år. Samla leigeutgifter for kommunen vart om lag kr. 200.000,- pr. år. Skjønet vart ikkje anka.

Kommunestyret vedtok i mai at det skal krevjast skjøn for å få fastsett den årlege festeavgifta for Uppheim-tomta. Skjønkravet vart sendt Tingretten i juli 2009 og ein vonar at skjønnet vert avvikla i løpet av våren 2010.

I tilknytning til framleigeavtalen mellom Volda Skisenter AS og Volda kommune har det vore forhandla med eigarane av tre teigar på Ørsta-sida av Krøvelseidet om løyve til å trakke skiløype til Rotevassdalen over deira eigedomar. Det har og vore forhandla om løyve til trakking av Prestesetervegen og vidare i felles utmark opp skaret mellom Melshornet og Grøthornet.

## **Økonomi:**

### *IKT*

Dei planlagde IKT-investeringane vart gjennomført innanfor dei vedtekne rammene med unntak av nytt e-post/kalendersystem som måtte utsetjast.

### *Plan*

Planseksjonen, har eit samla underforbruk i året med ca. kr. 500.000. Dette skuldast i hovudsak redusert lønnskostnader p.g.a vakant stilling ved seksjonen. Dette har også resultert i noko redusert aktivitet og innntekspostar knytt til gebyrinntekter er noko lågare enn budsjettert.

### *Innvandrarkontoret*

I 2009 har ein fått innvilga kr. 3.081.000 frå staten i ekstratilskot øymerka oppfølging av einskildpersonar.

Vi har mindreforbruk på kr. 364.000 knytt til introduksjonsstønas som skuldast at 10 av 11 som avslutta sine program, hadde overgang til utdanning/arbeid tidlegare enn forventa. Vi har høgare re refusjon frå NAV enn budsjettert. då fleire deltakarar hadde arbeidsretta tiltak som del av sine program ( kr 310.000).

### *Samla for heile rammeområdet*

Avdelinga har eit netto mindreforbruk på nesten 1,8 mill kr. Dette har m.a. bakgrunn i følgjande forhold

- Konto "Introduksjonsstønad" har eit mindreforbruk på om lag 360.000 kroner. Vidare har ein hatt forholdsvis høge meirinntekter (øymerka midlar) i overføringar frå staten, som i hovudsak skuldast ekstratilskot til oppfølging av einskildpersonar (t.d. funksjonshemma og mindreårige innvandrarar).
- Planseksjonen har og hatt ei vakant stilling i eitt år (kr. 500.000)

## **Resultatmål:**

### Seksjon IKT:

1. Gjennomføre planlagde IT-investeringar innanfor dei vedtekne rammene.
2. Arbeide for at det interkommunale IT-samarbeidet vert vidareutvikla.

3. Betre informasjonen til kommunen sine tilsette og publikum gjennom vidareutvikling av kommunen sine internettsider.
4. Fase ut gamle internettsider i løpet av året. (Framleis er rundt 400 - 500 personar innom dei gamle internettsidene kvar veke.)

#### Seksjon Plan:

1. Gjennomføre Det faste planutvalet si prioritering av planoppgåver for 2009 – (fremja som eiga sak for planutvalet ved årsskiftet 2008/2009)
2. Aktiv medverknad som prosjektkommune i prosjektet "Helse i plan" i regi av Helsedepartementet/Miljøverndepartementet, og integrering av prosjektet i forestående rullering av kommuneplanen sin politiske del.
3. Gjennom aktivt samarbeid med andre avdelingar betre koordinering og informasjonsflyt, og skape grunnlag for gode prosessar-, effektivisering- og betre tenesteyting.

#### Seksjon Innvandring:

1. Busetje 30 flyktningar i 2009 som utløyser integreringstilskot.
2. Sytti prosent av deltakarane som avsluttar sine introduksjonsprogram skal ha overgang til ordinært arbeid eller utdanning.

#### ***Måloppnåing:***

#### Seksjon IKT:

1. Oppnådd. (Prosjektet med å bytte e-post/kalendersystem er flytta til 2010. Sjå ovanfor)
2. Oppnådd.
3. Delvis oppnådd – internettsidene er sett i drift. Arbeidet med å legge inn data i portalløysinga var omfattande. Det vart jobba vidare med intranettløysinga i 2009. Ein vurderer her forskjellige alternativ i lag med kommunene i regionen. Tek sikte på å etablere ei løysing i starten av 2010.
4. Oppnådd. Dei gamle heimesidene er framleis i bruk av historiske grunnar, men blir ikkje oppdaterte.

#### Seksjon Plan

Planseksjonen har vore underbemanna med ei vakant stilling i heile 2009.

Ut frå dette kan det likevel visast til relativt god framdrift og måloppnåing.

Handsaming av alle eksternt utarbeidde planar og dispensasjonssaker er såleis i hovudsak gjennomført innanfor gjeldande tidskrav.

1. Delvis oppnådd. Ferdig kommunedelplan for Volda sentrum, Mork-Furene og Vikebygda vesentleg for plansituasjonen i området.
2. Oppnådd. Gjennomført i samsvar med plan - prosjektet avslutta i 2009.
3. Berre delvis gjennomført - redusert bemanning har svekka grunnlaget for gjennomføring.

#### Seksjon Innvandring

1. Oppnådd. 37 flyktningar vart busett, altså to fleire enn målalet. Dette skuldast ankomst av fleire familiesameiningar enn forventa.
2. Oppnådd. Ein hadde 100 % resultatoppnåing, altså 30 % meir enn målalet. Alle som gjekk ut av introduksjonsprogrammet hadde overgang til ordinært arbeid eller utdanning.

## 4.4 LØN OG PERSONALSTABEN

Løn- og personalstaben har 5,2 årsverk fordelt på 6 tilsette.

- Sakshandsaming/oppfølging av avdelingane si sakshandsaming i tilsetjings-, løns- og personalsaker
- Budsjettering av løn
- Gjennomføring av lønsforhandlingar
- Samarbeide med avdelingane i personalsaker
- Organisasjonsutvikling og opplæringstiltak
- Utvikling av løns- personalpolitiske mål og strategiar
- Personal- og lønsplanlegging, seniorpolitikk
- Sekretariat for utvala på personalsida
- Attføringsarbeid, oppfølging av helse- miljø- og tryggleiksarbeid
- Oppfølging av uføre-, alders- og AFP-pensjon
- Ansvar for utbetaling av rett lønn til rett tid
- Løns- og trekkoppgåver, arbeidsgjevaravgift, årsavslutning skatt
- Sjukeløn, sjukmeldingar, refusjonar
- Prosjekt knytt til ny økonomi og personalmodul, Agresso 5.5

### Resultatmål

- 1 Halde leiarane for avdelingane oppdaterte i forhold til lovverk, avtaleverk og reglement/retningsliner som gjeld dei tilsette.
- 2 Syte for god samhandling i samsvar med Hovudavtalen i forhold til tilsette sine organisasjonar. Gjennomføre lokale forhandlingar og effektuere sentralt oppgjær.
- 3 Sjå til at tilsetjingar og andre personalsaker vert handsama i samsvar med lovverk, avtaleverk og reglement/retningsliner.
- 4 Tilsette skal ha rett løn ut frå stillingsstorleik og andre variablar.
- 5 Bidra til at flest mogleg tilsette som får helseproblem, får tilrettelagt arbeid, eventuelt omplassering, i samsvar med intensjonane i "Inkluderande Arbeidsliv".

### Måloppnåing

#### 1. Opplæring og kvalitetsarbeid

Løns- og personalstaben har ansvaret for å planlegge og legge til rette for felles leiaropplæringa gjennom året. Dette vert gjort mellom anna på møta i leiarforum (kvar 14. dag), arrangering av temadag, og gjennom besøk på arbeidsplassar.

Kvalitet og utviklingsarbeid har stått i fokus gjennom heile året. Ved utgangen av året tok ein til på innspurten i samband med nytt løns- personal og økonomisystem, noko som har vore svært arbeidskrevjande. Løn- og personalstaben har også hatt sentrale roller i OU-prosjekt og gjennomføring av medarbeidarundersøking for alle tilsette. Resultata frå medarbeidarundersøkinga har vorte grundig gjennomgått og det er sett i gong mange prosessar i etterkant.

Kvalitetskommuneprogrammet vart avslutta ved utgangen av 2009. Deltaking i programmet har medverka til tverrfagleg fokus på tvers av avdelingar for kvalitetsarbeid og sjukefråværsoppfølging som to sider av same sak. Dette trepartsamarbeidet mellom tilsette (ved tillitsvalde), politisk- og administrativt nivå, vert ført vidare gjennom prosjekta langtidfrisk, og gravid – ein ressurs på jobb.

## 2. Lønspolitikk og samarbeid med tillitsvalde

2009 var eit mellomoppgjer, utan lokale forhandlingar for kap. 4. Forhandlingane knytt til kap. 3 og 5 vart gjennomførte etter gode prosessar og innafør ramma. Etter riksmeklingsmannens møtebok i samband med forhandlingane i 2008, hadde arbeidsgivar ansvar for å gjennomføre kompetansekartlegging innan 1.april 2009. I samråd med dei tillitsvalde vart fristen utsett til modulen i Agresso 5.5. var på plass. Forsenkingar i dette prosjektet medførte at ein ikkje fekk gjennomført kartlegginga i 2009.

Administrasjonssjef, personalsjef og personalkonsulent gjennomfører månadlege kontaktmøter med dei tilsette sine organisasjonar (HTV). Målet med møta er open dialog og informasjonsutveksling.

## 3. Sakshandsaming og lønsarbeid

<b>Aktivitet:</b>	<b>2006</b>	<b>2007</b>	<b>2008</b>	<b>2009</b>
Handsama saker i tilsetjingsutvalet	64	81	105	98
Handsama saker i administrasjonsutvalet	3	9	9	9
Handsama saker i arbeidsmiljøutvalet	1	7	0	0
Saker i det bedriftsinterne attføringsutvalet	4	4	0	0
Lønsslippar <b>pr, mnd.</b> Gjennomsnittleg (fast og variabel løn til tilsette, engasjerte og politikarar)	1100	1130	1240	1250 (Pr.mnd)
Bilag for fast og variabel løn	12 863	12 900	13127	13279
IA utval (NAV og BHT)		2	6	2

## 4. IA-arbeidet

Volda kommune er ”Inkluderande arbeidsliv”-bedrift. NAV slit framleis etter omorganiseringa, men vi har likevel eit godt samarbeid med NAV arbeidslivssenter, NAV lokal og bedriftshelsetenesta HMS Consult (no: hjelp 24). Vi ser at dialogmøta på arbeidsplassane og dialogmøte 2 i regi av NAV, tek over saker frå det interne attføringsutvalet. Lovendringa frå 1.mars 2007 får no effekt i høve tidlegare og betre oppfølging av sjukmelde. Mange avdelingar er også flinke til å bruke tiltak frå NAV til å førebygge sjukefråvær. Personalsjef/personalkonsulent deltek på dialogmøter etter melde behov frå avdelingane.

## **Økonomi**

Staben har eit netto mindreforbruk på kr. 261.464.

Løns- og personalstaben har hatt eit svært nøkternt forbruk i 2009. Utgift til variabel løn er knytt til vikar ved langtidssjukmelding. I rekneskapan er mellom anna inntektsført kr. 85.000.- frå NAV til prosjekt gravid – ein ressurs på jobb. Dette er midlar som vert disponerte i 2010. Overforbruk på kjøp av varer og tenester, samt høge refusjonar, er knytt til i stor grad nytt til kvalitetskommuneprogrammet.

## 4.5 SERVICEKONTORET

### Organisering

Totalt var det 6,6 årsverk ved avdelinga ved årsskiftet. Hovudområda er informasjon mot publikum, skranke, sentralbord og arkiv. Dessutan har avdelinga ansvar for drift av sak-/arkivsystemet ePhorte, ansvar for heimesida til Volda kommune, postføring, ansvar for hustrykkeri og politisk møtesekretariat.

### Aktivitet

Servicekontoret er sekretariat for følgjande utval: Kommunestyret, formannskapet, det faste planutvalet, driftsstyret, forvaltningsstyret, ungdomsrådet, eldrerådet, rådet for funksjonshemma, likestillings- og inkluderingsutvalet, valstyret, valnemnda, vilt- og innlandsfiskeremnda og overformynderiet.

Det vart halde i alt 84 møte og handsama 670 saker i dei ulike utvala, med unntak av eldrerådet, rådet for funksjonshemma, overformynderiet og ungdomsrådet som skriv eigne årsmeldingar. Dette er 100 færre saker samanlikna med 2008, men omtrent tilsvarande antal møte og saker som i 2007. Arbeidet med møta tek ein god del tid, i gjennomsnitt 2,5 dagar pr møte.

	2006	2007	2008	2009
Formannskapet	109	137	162	162
Det faste planutvalet	76	104	105	102
Driftsstyret	70	59	108	51
Forvaltningsstyret	79*	78	83	88
Valnemnd	2	12	27	7
Valstyret	0	16	3	16
Viltnemnd	10	11	30	20
Likest. og inkl.utval	0	1	4	13
Kommunestyret	118	144	148	101
<b>TOTALT</b>	<b>462</b>	<b>562</b>	<b>670</b>	<b>560</b>

\*Utvalet endra namn frå Eigedoms- og forvaltningsstyret til Forvaltningsstyret i 2007.

I løpet av 2009 har dei tilsette på servicekontoret rydda, ordna og sett bort ein god del eldre arkivmateriale. Dette gjeld både arkivmateriale for perioden ca 1964 – 2000 og sensitive personregister. Dessverre blir det for lite tid til desse oppgåvene.

Innkjøp av eit nytt telefonstøttesystem blei utsett til 2010 pga at det må samordnast med m.a. nytt epostsystem. Den som sit i sentralbordet har 120-150 inngåande telefonsamtalar pr dag

I 2009 – som åra før – har sjølvsagt arbeidet med sak-/arkivsystemet ePhorte og den nye internettportalen/heimesida ePort, tatt mykje tid og ressursar ved avdelinga. Avdelinga har arrangert oppdateringskurs i sak-/arkivsystemet for tilsette og kurs for ny-tilsette i administrasjonen. I løpet av året kvalitetssikra, journalførte og arkiverte servicekontoret omlag 9900 dokument.

Kommunen si heimeside arbeider vi sjølvsagt mykje med. Den blei lansert i mars 2008, og har gitt avdelinga nye, interessante og ressurskrevjande oppgåver. Ein del opplysningar frå sak-/arkivsystemet ePhorte blir automatisk lagt ut på heimesida, t.d. innkalling og møtereferat til dei politiske møta og postjournalen. Ved å ta i bruk fullelektroniske skjema (søknad på stilling, serverings-/skjenkeløyve, transportstønad, graveløyve etc) har kommunen sitt tilbod til innbyggjarane blitt ytterlegare utvida og styrka. Målsettinga vidare er Døgnopen forvaltning.

I siste halvår 2009 var det totalt 54 800 besøkande på heimesida, mot 39 000 i siste halvår av 2008, noko som tydeleg viser at heimesida er eit viktig tilbod til innbyggjarane våre. Totalt for året hadde vi 112 500 besøkande, då er sjølvsagt ikkje dei kommunalt tilsette sin bruk av heimesida inkludert i tala.

I den årlege kvalitetsmerkinga av offentlege nettstadar (Norge.no) i desember 2009 fekk Volda kommune si heimeside 4 av 6 stjerner.

14. september 2009 var det Stortings- og sametingsval, der servicekontoret ved leiar hadde hovudansvaret for gjennomføringa. Dette tok naturleg nok ein god del av avdelinga sine ressursar i månadene før valet. Oppslutninga om førehandsrøystinga var rekordstor, med omkring 1500 førehandsrøyster, mot ca 800 ved valet to år tidlegare. For første gong hadde vi mottak av førehandsrøyster på servicekontoret på ein *laurdag*, og oppslutninga var så stor at vi truleg vil gje dette tilbodet også ved valet i 2011. Nytt av året var også at vi tok i bruk elektronisk skanning av røystesetlane, noko som gjekk svært effektivt og greitt. Dermed slapp vi å organisere manuell teljing og å organisere eit stort teljekorps.

## **Økonomi**

Totalt sett har ansvarsområdet eit meirforbruk på 186.386 kr. Årsaka til dette er eit meirforbruk innan Politisk verksemd. Samanlikna med året før (2008) då rekneskapet viste eit forbruk på ca 2.080.000 kr for dette ansvarsområdet, så var rekneskapsresultatet i 2009 2.435.000 – altså ei auke på om lag 355.000 frå 2008 til 2009.

## **Resultatmål 2009**

1. Fortsette med opplæring og oppdatering i sak-/arkivsystemet
2. Videreutvikle rutinar i tilknytning til sakshandsaming og arkiv.
3. Auke kompetansen hos dei tilsette ved avdelinga – spesielt med tanke på arkivarbeid og den nye offentlegheitslova som truleg trer i kraft frå nyttår 2009.
4. Fortsette førebuinga av ein overgang til fullelektronisk arkiv – m.a. ved å fortsette arbeidet med å lage arkivplan.
5. Drifte portalløysinga på ein god måte

### *Resultatmål nr 1*

Har hatt ”basis-kurs” for nytilsette og for ”ukyndige” brukarar og opplæring av enkeltmedarbeidarar.

*Resultatmål nr. 2*

Dette arbeidet foregår i hovudsak i samarbeid med dei andre kommunane på Søre Sunnmøre, der vi har jamnlege møter og samarbeider med å utvikle ein arkivplan

*Resultatmål nr. 3*

Dette arbeidet pågår kontinuerleg, mykje vart konsentrert kring den nye offentleglova, både med tanke på å sikre meiroffentlegheit og at dei sensitive opplysningane som skal vere skjerma, blir skjerma.

*Resultatmål nr. 4*

Dette resultatmålet er ikkje oppfylt. For å kunne gå over til fullelektronisk arkiv er det eit krav at kommunen har ein arkivplan. Vi held på å utarbeide ein slik plan, men det krev mykje tid og ressursar, og vi har ikkje hatt tilstrekkeleg ”rom” for å arbeide så mykje med arkivplanen som vi skulle ynskje.

*Resultatmål nr 5.*

Portalløysinga/Heimesida til kommunen blir drifta godt, vi får mange positive tilbakemeldingar og arbeidet med å vidareutvikle den vil fortsette

## 4.6 SKULEAVDELINGA

### Organisering

Grunnskulane er det største arbeidsområdet. Ein gjer merksam på at sidan skuleår og budsjettår ikkje er identiske, er statistikken om elevtal, årsverk o.a. basert på GSI statistikk av 01.10.09 og gjeld skuleåret 09/10. Økonomirapportering gjeld budsjettåret.

Volda har 10 grunnskular med 1162 elevar, av desse er 385 ungdomsskuleelevar. Samanlikna med 08/09 er det samla ein nedgong på 9 elevar, men samansetjinga av elevar førte til ei klasse meir på ungdomssteget. I tillegg til dette kom styrkinga av 1.- 4. klasse hausten 2009 som førte til ein auke på knapt fire lærarårsverk.

Det vert utført om lag 120 lærarårsverk fordelt på 143 lærarar. Personale med administrative og pedagogiske leiaroppgåver utgjer 10,2 årsverk, og den merkantile bemanninga er på 1,8 årsverk fordelt på tre skular. Behovet for merkantil hjelp på dei andre skulane er stort. Assistentar utfører om lag 13 årsverk.

Avdelinga har ansvar for 6 kommunale SFO tilbod og der er 1 privat knytt til Austefjord skule. Avdelinga har og ansvar for kulturskulen, vaksenopplæringscenteret, norskundervisninga for innvandrarar og ei rettleiingsteneste som er ein støttestøttefunksjon for skulane. Den kommunale logopeden er ein del av rettleiingstenesta. Undervisning for barn på asylmottaket har vore ei ny oppgåve i 2009.

Skuleavdelinga har ei bemanning på 250 % inkludert skulesjef. Arbeidsoppgåver og arbeidspress tilseier at 50 % stillinga bør utvidast til 100 %. IKT rettleiar for skulane i 100 % stilling har og kontor/base på Rådhuset.. Skuleavdelinga har faste møte med skuleleiarane kvar månad, der fagleg påfyll og erfaringsdeling er viktig. Skuleavdelinga og barnehageavdelinga har eit nært samarbeid.

### Aktivitet

#### *Grunnskulen*

Volda ungdomsskule har også dette året klart å få til to kontaktlærarar innfor eiga ramme. Øyra og Bratteberg klarte ikkje å auke til to kontaktlærarar med den ramma dei har. Behovet for å følgje opp den einskilde eleven er stort og forventingane på grunn av Kunnskapsløftet om slik oppfølging aukar presset. Det går framleis mykje ressursar til spesialundervisning, noko som fører til at handlingsrommet for skulane vert mindre til deling av klasser, tilpassa opplæring og meir fleksibel behovsretta bruk av ressursar.

	<b>2004</b>	<b>2005</b>	<b>2006</b>	<b>2007</b>	<b>2008</b>	<b>2009</b>
<u>Elevar som får spesial undervisning</u>	<u>9,1%</u>	<u>8,8%</u>	<u>7,8%</u>	<u>7,7%</u>	<u>7,6%</u>	<u>8,2%</u>
<u>Prosent av rammetimetallet som går til spes.underv.</u>	<u>12,5%</u>	<u>12,6%</u>	<u>13,2%</u>	<u>14,7%</u>	<u>17,5%</u>	<u>16,4%</u>

Skulane leverer eigne årsmeldingar som følgjer skuleåret. K-styret hadde kvalitet i skulen i Volda som sak 01.10.09. Før sjølve møtet var det ein fagdag med innlegg frå elevar, forelder, rektor, tillitsvald og skulesjef. Det er krav i opplæringslova § 13-10 om ein årleg tilstandsrapport om skulen til kommunestyret. Dette vart gjort gjeldande frå 01.08.09.

Nasjonale prøver er gjennomført ved alle skulane i Volda i norsk (lesing), engelsk (lesing ) og rekning. Prøvene vart gjennomførte i 5. og 8. klasse hausten 09. Resultata frå desse prøvene prøvene og andre granskingar vert no ei årleg sak til kommunestyret, ein tilstandsrapport og vert difor ikkje kommentert her. Ein finn resultata på utdanningsdirektoratet sine heimesider – skoleporten.

*Kompetanseheving /Sjusterna* (samarbeidet mellom dei sju kommunane på søre Sunnmøre). Dette arbeidet har detter året vore på same nivå som i 2008. Etterutdanninga naturfag vart avslutta hausten 2009. 130 lærarar av desse 20 frå Volda fekk eit fagleg løft i faget, noko som vi ventar skal auke kvaliteten på undervisninga, Felles leiaropplæring og ekstern skulevurdering har halde fram. I 2009 har Austefjord og Folkestad skular blitt vurderte. No er det berre Vikebygda og Lid skular som ikkje er evaluert av eksterne vurderarar. Alle rapportar ligg på heimesida til Sjustjerna.

Statlege kompetansemidlar har vore heilt nødvendig for å ha så god aktivitet på etter- og vidareutdanning av lærarar. Det skjedde ei omlegging av desse midlane i 2009, noko som halverte statlege midlar til kompetanseheving til kommunen. Dette fører til lågare aktivitet i både i Sjustjernesamarbeidet og den kommunale etterutdanninga. Ein vedtok av økonomiske grunnar ikkje å nytte det nye vidareutdanningstilbodet. Sak driftstyret vår 2009. Skulane har eigne midlar til kompetanseheving som dei nyttar etter eigne behov, men i samsvar med nasjonale og lokale føringar. Skuleavdelinga er ansvarleg for å legge til rette for kursing både av lærarar og rektorar. Ein ung nyttilsette rektor har fått plass på den nasjonale rektorskulen, noko som sikrar kompetanse for framtida.

*Foreldreskulen – kvalitetskommuneprogrammet.*

Hausten 2008 starta vi eit opplegg for foreldre til 1.klassingane under tittelen: Foreldreskulen. Det viktigaste skjer på den einskilde skulen, med det skal vere ei felles samling for alle foreldra i løpet av skuleåret. Våren 2009 var det samling både for foreldre for dei som gjekk i 1. klasse og for dei som skulle starte hausten 2009. Forelesar var Peder Haug i samarbeid med skuleavdelinga. Foreldresamarbeid var og tema for Bratteberg skule i Kvalitetskommuneprogrammet som vart avslutta haust 2009.

### SFO

I 2009 har det vore 285 barn i SFO, av desse 153 med heil plass. Arbeidet utført med 14,2 årsverk fordelt på 33 personar.

SFO er definert som eit fritidstilbod og har god aktivitet. Dei tilsette gjer ein stor innsats for at tilbodet skal vere godt. På Øyra skule vert det stor slitasje både på tilsette og barn grunna plassmangel. SFO i sentrum er stengt tre veker om sommaren, vekene 29, 30 og 31. Elevar frå krinsane kan få plass i sentrum dei vekene det er ope i skuleferien. Det er eit behov for SFO også i dei krinsane som ikkje har i dag, men det må vere nok barn til at det økonomisk forsvarleg å starte opp.

*Kulturskulen*

Kulturskulen hadde i vårhalvåret 2009 250 elevar, og ei venteliste på ca. 70. Frå 1. august vart det tilført ein ekstra 100% lærarressurs, og dette har gjort at elevtalet er auka til 312 og ventelista er redusert til 24 elevar. Hovudvekta av undervisninga er i musikk, men ein har og tilbod i visuelle kunstfag. Undervisningsstadene er for tida Volda sentrum, Austefjord, Folkestad, Dalsfjord og Lauvstad. Skulen utfører undervisning med knapt 6 årsverk fordelt på 20 personar. Skulen har stabil lærarstab, og drifta går greitt. Elevane ser ut til å trivast og ha godt utbytte av undervisninga.

Auka timeressurs frå skulestart 2009 har gjort drifta enklare, og har blitt godt motteke av brukarane. Det er likevel framleis trong for utvidingar: T.d. får kvar elev no berre delta på eitt tilbod. Det er fleire som ynskjer å delta både på visuelle fag og musikk, eller å lære to instrument. Frå korps og kor har det kome ynskje om å få leige dirigenttenester frå kulturskulen, og det kan vere aktuelt å starte opp tilbod som dans og drama. Skulen sine lokale i Volda sentrum er kondemnabile, og det er uvisst kor lenge det kan vere forsvarleg å halde fram der.

#### *Vaksenopplæringscenteret.*

Senteret utfører grunnskuleopplæring og spesialundervisning for vaksne. Der er 6 tilsette inkludert rektor. Personalet er fleksible og har løyst utfordringane på ein god måte innan eiga budsjettamme. Det går flest timar til spesialundervisning for ei stabil gruppe vaksne funksjonshemma. Senteret tilbyr dei fem faga som er naudsynte for å få grunnskuleeksamen for vaksne. Ei ny utfordring er den nasjonale satsinga på grunnleggande ferdigheiter for vaksne. Desse omfattar fagområda digital kompetanse, kvardagsmatematikk, lesing og skriving og munnleg kommunikasjon. Det er aukande behov av innvandrarar som treng grunnskuleeksamen for å kome vidare. Dette er ei stor pedagogisk utfordring grunna både svake norsk-kunnskapar og manglande skulegong frå heimlandet. Sidan dei er godt vaksne, er dei ofte svært utolmodige etter å kome vidare i det norske skulesystemet. Eit svakt fagleg og språkleg nivå er sentrale faktorar når ein skal forklare fråfallet i vidaregåande skule. Rektor er ansvarleg i samarbeid med skuleavdelinga for rapportering av norskundervisninga på Hareid.

#### *Norskundervisning for vaksne på Hareid*

Hareid leverer eiga årsmelding, og ein er godt nøgd med kvaliteten på undervisninga. Skuleåret 2008/09 er tredje året Volda kjøper desse tenestene på Hareid, og kommunen har i snitt om lag 25 elevar på Hareid. Dei som bur på asylmottaket kjem i tillegg. Det er ein eigen avtale for desse. Elevane kan meldast opp til norskprøve av ulike vanskegrad tre gonger i året. Skuleåret 2008/09 var 37 personar oppmelde til språkprøve, ikkje alle klarte prøva. Skysstilbodet er tilfredsstillande. Elevane har hatt ekskursjonar til Volda og Ørsta, og fleire elevar har språkpraksis i heimekommunen. Det er eit godt samarbeid med lærarane på Hareid og Volda kommune.

#### *Innføringsklasse for barn på asylmottaket og nykomne innvandrarbarn.*

I februar 2009 starta Volda kommune eiga undervisning for barn på asylmottaket og nykomne innvandrarbarn. 2 lærarar (1,6 årsverk) underviser desse elevane. Vårhalvåret 2009 hadde ein i tillegg ein tospråkleg assistent i 80% stilling og ein person på tiltak frå NAV tilknytta innføringsklassa. I haustsemesteret har ein og hatt hjelp av to personar på tiltak gjennom

NAV, og ein person har hatt språkpraksis ved innføringsklassa. Desse personane fungerer godt i klassen og er ei god hjelp i ein særskilt krevjande undervisningssituasjon.

Det har vore omlag 20 elevar til ei kvar tid sidan innføringsklassa starta. Undervisninga er lagt til Vikebygda skule, den einaste sentrumsskulen som har ledig rom. Dei elevane som har vore i Noreg ei stund og kan litt norsk, får etter kvart hospitere i ordinære klasser, både på Vikebygda skule, Bratteberg skule og Volda ungdomsskule. Volda kommune sender refusjonskrav til fylkesmannen kvart semester for gjennomført undervisning. Ein mottek kr.6677.- pr. elev pr. månad i 10 månader. Dette gjekk om lag i balanse i 2009, men det er heile tida ein uforutsigbar situasjon fordi elevar kjem og reiser.

## **Økonomi**

Avdelinga sitt sluttresultat viser eit positivt avvik på kr. 1.827.122. Hovudforklaringa på resultatet er. 1. Inntekter ( statstilskot) og utgifter til all undervisning knytt til asylmottaket var ikkje med i budsjettet. 2. God budsjett disiplin i alle ledd. Alle i avdelinga er lojale mot rammene, sjølv om behova for meir ressursar føldest store. Lønnsutgiftene er den store posten på budsjettet, og det er her ein må ha god kontroll for å vere i balanse. Skuleavdelinga har prøvd å skjerme rammetimane (lønn), og dei andre driftspostane er difor låge. Norskundervisninga på Hareid inkludert norsk for vaksne asylantar viser i 2009 eit overskot, men dette kan svinge. Det som er spesielt for 2009 er at kommunen fekk pengar for haust 2008 og heile 2009 medan undervisninga ikkje starta før i mars for dei vaksne. For dei vaksne asylsøkarane får vi berre tilskot ein gong pr. person. Det betyr at vi ikkje får nytt tilskot i 2010 sjølv om personen framleis får norskundervisning.

Resultatet syner god balanse mellom auka inntekter og utgifter. Skuleavdelinga har fleire faktorar som er vanskeleg å budsjettere, men erfaringane syner at det er ein samanheng mellom auka utgifter og inntekter. Sagt med andre ord, ei auka inntekt har som regel ei utgiftsside.

- Lønnsutgifter. Her må ein sjå fastløn og variabel løn i samanheng. Overforbruket på variabel lønn har dekning av ubrukt fastløn, auke i sjukelønnsrefusjon og statlege tilskot som dekker undervisning til einskildelevar.
- Norskundervisning for asylantar har ført til auka kjøp av tenester frå andre, men her er større inntekter enn utgifter
- Kjøp av tenester og overføring til andre må sjåast under eitt. Her er t.d. utgifter til fosterbarn som Volda har busett i andre kommune. Vanskeleg å budsjettere nøyaktig.
- Statlege refusjonar er høgare enn budsjettert og alt er knytt til tilskot til innvandrarar, vanleg og til einskildpersonar med særlege behov og prosjektmidlar etter søknad.
- 

## **Resultatmål - måloppnåing**

1. God kunnskap skal resultere i betre vurderingspraksis på alle skular
2. Alle elevar skal nytte IKT i læringsarbeidet og utvikle sin digitale kompetanse
3. Skuleavdelinga skal ha utviklingsbesøk på skulane
4. Leiaropplæring i regional og kommunal regi
5. Resultata frå nasjonale prøver og Elevundersøkelsen skal brukast aktivt på skulane for å fremje læring og utvikling
6. Alle skular skal ha planar og tiltak mot mobbing og drive haldningsskapande arbeid

7. Bruke permen "Fleirkulturell barndom i Ørsta og Volda" i arbeidet med fleirkulturelle barn
8. Legge til rette for kompetanseheving for lærarane i fag og arbeidsmåtar etter behov frå skulane
9. "Foreldreskolen" og god dialog skal auke kvaliteten på samarbeidet med heimane
10. Reduksjon av sjukefråveret

Det har vore arbeidd aktivt mot alle måla. Mål nr. 1 har ein nådd, men det er ulik måloppnåing på skulane. Det er difor framleis stort fokus på dette, og det er framleis behov for skolering og erfaringsdeling. Mål nr. 2 er eit utviklingsmål, der alle er på veg. Fleire elevar nytta no IKT i læringsarbeidet og fleire skular har og digitale tavler til bruk i undervisninga. Mål nr. 3 er ikkje nådd, men skulesjefen hadde utviklingsamtale med alle rektorane haust 2009, og skulane vil få skulebesøk i løpet av vår 2010. I dei andre måla er det ulik måloppnåing på skulane, men alle er på veg. Sjukefråveret vert kommentert anna stad i årsmeldinga.

Det vert gjort mykje godt arbeid ute på skulen. Det som slit mest er kampen om tida, noko og ein nasjonal rapport slår fast. Det same gjeld skuleavdelinga, det er ein kamp med tida for å levere så gode tenester som ein ønskjer. Men det er eit spanande og meningsfylt arbeid som er prega av godt samarbeid. Medarbeidarundersgranskinga viser og høg grad av trivsel mellom dei tilsette i skuleverket.

## 4.7 BARNEHAGEAVDELINGA

### Organisering

Barnehageavdelinga er organisert med ein barnehagesjef og ein konsulent med til saman 120% stilling. Kommunen har 15 barnehagar fordelt på ulike eigarar.

6 barnehagar er kommunale, 7 er private foreldreeigde, 1 er eigd av studentsamskipnaden og 1 er eigd av det statlege helseforetaket. Kommunen driv dei største barnehagane.

Kvar barnehage har ein styrar som har det daglege ansvaret for drifta.

### Aktivitet

I 2009 hadde kommunale barnehagar 51,72 årsverk i grunnbemanning, 5,65 årsverk for barn med nedsett funksjonsevne og 3,23 årsverk til reinhald/kjøkken og vaktmeistereneste. <sup>1</sup> Dei ikkje-kommunale barnehagar hadde 64,92 årsverk i grunnbemanning, 4,15 årsverk for barn med nedsett funksjonsevne og 2,57 årsverk for reinhald/kjøkken og vaktmeister. Kommunen refunderer løna til bemanninga for barn med nedsett funksjonsevne i dei ikkje-kommunale barnehagane. Totalt har vi 9,8 årsverk betalt over barnehagebudsjettet som arbeider med barn med nedsett funksjonsevne. Her har vore ei stor auke dei siste åra.

På slutten av 2009 gjekk det 516 førskulebarn i barnehage her i Volda. Det er 29 barn fleire enn i fjor. 288 barn gjekk i offentlege barnehagar (stat og kommune) og 228 barn gjekk i private barnehagar. Året før var det mest dei ikkje-kommunale barnehagane som auka barnetalet, men i 2009 auka også dei kommunale mykje.

I tala ligg også det faktum at mange av barna har auka storleiken på plassen, og vi har fått fleire under 3 år i barnehagane.

#### *Tilhøve til dei ikkje-kommunale barnehagane*

Ikkje-kommunale barnehagar skal handsamast likeverdige med dei kommunale, og kommunen vart pålagt å sikre at det offentlege (stat/kommune samla) skal dekke minimum 85% av kostnadane deira. Dei ikkje-kommunale barnehagane fekk overført kr 4.434.812,- i kommunalt tilskot for 2009. Det er ein auke i høve til året før. I tillegg fekk dei ikkje-kommunale barnehagane overført kr 1.275.660,- som vart nytta til ekstra bemanning for barn med nedsett funksjonsevne. Dette er også ein auke frå forrige år. Totalt vert dette kr. 6.110.475,- mot kr. 4.834.295,- i 2008. Dette er ein auke på kr. 1.276.177,-.

#### *Barnehageløftet*

Barnehagesjefen har hatt faste møte med styrarane kvar månad. Hovedtema på desse møta har vore:

- samarbeid mellom barnehagane og voldskoordinator/barnevernet, framhald frå i fjor
- smitte ved sjukdom i barnehagane
- gjennomgang av nytt lovverk med rett til barnehageplass for alle over eitt år

---

<sup>1</sup> Ikkje-kommunale barnehagar er private foreldreeigde barnehagar, barnehage knytt til samskipnad og statlege barnehage

- samhandling mellom helsestasjon og barnehagane- søknad om prosjektmidlar til felles kompetanseutvikling
- opplæring i bruk av Visma- barnehageprogrammet som alle barnehagane skal bruke i samband med opptaket, kontantstøtterapportering og fakturering
- kvalitet i barnehagen, stortingsmelding nr.41
- evaluering av utviklingsarbeidet "Vi kan- saman"
- pandemiberedskapen
- bruk av nye ped-it,datakurs
- medarbeiderundersøkelsen i dei kommunale barnehagane, gjennomgang og tiltak

Barnehagesjefen har i samarbeid med dei andre barnehageansvarlege i "Sju-stjerna" (barnehagenettverk på Søre-Sunnmøre) gjennomført ulike kurs for barnehagetilsette. Framhald med felles utviklingsarbeid "Vi kan-saman- kompetanseheving for vaksne til beste for barn" i samarbeid med Høgskulen. Alle barnehagetilsette har teke del. Midlar for 2009 frå fylkesmannen har vore nytta til dette. Ein har arbeidd med fire prioriterte fagområde gjennom kursdagar, kurskveldar og rettleiing direkte til barnehagane frå fagpersonar ved Høgskulen. Barnehagane var fordelt på fagområda slik:

- IKT og medverknad i barnehagen - 2 barnehagar
- Lærerek leik - 7 barnehagar
- Mat og rørsle - 1 barnehage
- Språk- og språkutvikling - 4 barnehagar

Mange barnehagar er praksisbarnehage for Høgskulen i Volda, noko som fører med seg kompetanseutvikling og tilføring av ny kunnskap. Kommunen har eit godt samarbeid med høgskulen.

Ein del barnehagar gjennomførte brukarundersøking blant foreldra også i 2009. Desse har vore utgangspunkt for evaluering og arbeidet med å heve kvaliteten.

### *Samordna opptak*

Barnehagane i sentrum hadde samordna opptak. Ikkje alle fekk plass ved 1. opptaket. Gjennomgåande hadde vi ei venteliste på 20-30 barn heile året. Barnehagekontoret og barnehagane hadde eit tett samarbeid for å sikre plass til alle som hadde ein rett til barnehageplass.

Utover hausten kom det inn mange søknader for barn fødte i 2009, men som ikkje skulle ha plass før i januar, februar, mars eller april 2010.

Vi hadde heller ikkje plass til alle flyktningebarna og barn frå asylmottaket som kom i løpet av 2009.

### *Tilsyn*

Kommunen er pålagt å føre tilsyn med den enkelte barnehage i høve til Lov om barnehagar. Det vart ført tilsyn i 3 ikkje-kommunale barnehagar i 2009.

### *Barn med ekstra behov/nedsett funksjonsevne*

I 2009 hadde kommunen 23 barn med eit styrka barnehagetilbod. Det er ein auke på 8 barn frå ifjor. Det vi ser er at mange av desse har store og omfattande tiltak med spesialpedagogar og ekstra assistentar tilsett. Det er PPT som lagar tilråding på timetal og kor omfattande dei ulike

tiltaka kring barna skal vere. Difor ber rekneskapen for 2009 også dette året preg av auke i utgifter til styrka barnehagetilbod både i dei kommunale barnehagane og i dei ikkje-kommunale barnehagane. Storparten av midlane vert nytta til ekstra pedagogar/assistentar. Det er tilrettelagt eit godt tverrfagleg samarbeid kring barna.

Det var 18 barn frå språklege og kulturelle minoritetar som gjekk i barnehage i 2009. Desse barna får norskopplæring i barnehagetida. Dette er også ein auke frå året før.

I fylgje KOSTRA-tal er det berre 56,5 % av dei minoritetsspråklege barna i Volda som går i barnehage. Av alle førskulebarn i kommunen går 92,1% i barnehage.

#### *Tilsette*

Det har vore lite utskiftingar i personalgruppene også i år. Styrarane har arbeidd med ulike tiltak for å få ned sjukefråveret. Sjukefråveret gjekk ned i 2009.

#### *Barnehagebygningane*

Det vart bygt nytt barnevognskur i Mork barnehage i samband med at gruppa for dei minste barna der vart auka. Lauvstad barnehage fekk eit nytt tilbygg på 30 kvm.

Foreldra i barnehagane gjorde ein del vedlikehaldsarbeid på dugnad. Styrarane har i samarbeid med vaktmeister laga ein oversikt/plan for vedlikehaldsbehovet i 2009 og framover.

#### **Økonomi:**

Rekneskapen for 2009 syner eit overforbruk på om lag 1,85 mill. kroner. Det skuldast i hovudsak tre ting. Det eine er ein ytterleg auke frå i fjor av behovet for ekstrahjelp for barn med nedsett funksjonsevne både i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar. Nokre av desse tiltaka er omfattande og vanskeleg å forutsjå, då behovet for hjelp oftast vert kartlagt første leveåret. Dette gjeld små barn som har rettar etter Opplæringslova § 5-7 og Barnehagelova § 13, og såleis har krav på spesialpedagogisk hjelp.

Det andre er manglande oppdekking frå staten i gjennomføringa av barnehageløftet om redusert foreldrebetaling, overføring av kommunalt tilskot til ikkje-kommunale barnehagar og kvalitetsheving i alle barnehagane. Det tredje er svikt i overføring av statstilskot til ordinær drift i dei kommunale barnehagane på grunn av stor auke i søskenmoderasjon (ser ut til at kvar familie har fleire barn i førskulealder enn før) og overgang frå bruk av delte til heile plassar (to barn som deler ein heil plass utløyser meir statstilskot enn når eitt barn har heile plassen).

#### **Resultatmål:**

1. Gjennomføre samordna hovedopptak i sentrum for alle som treng barnehageplass frå hausten 2009, og som søker innan fristen 1. mars
2. Samarbeide med private barnehagar om auke av kapasitet av plassar og suppleringsopptak utover hausten
3. Innføre nytt fagsystem innen IKT som administrerer samordna opptak, søknadshandsaming og tildeling, kontantstøttereistering og fakturering.
4. Auke kompetansen og utvikle det tverrfaglege samarbeidet for å kunne gi eit godt tilbod til barn som treng ekstra hjelp i barnehagen

5. Halde fram med styraropplæring i samarbeid med fylkesmannen.
6. Arbeide med utviklingsarbeid i samarbeidsprosjektet mellom Høgskulen og dei sju kommunene på Søre-Sunnmøre, Sjustjerna, "Vi kan-saman"- kompetanseheving for vaksne til beste for barn. Alle barnehagane skal arbeide med eit av temaene over eit år. Temaene er språk og språkstimulering, IKT og barns medverknad, lærerik leik og mat og rørsle. Fagleg oppfølging og rettleiing frå høgskulen i Volda. Alle tilsette tek del i kompetansehevinga.
7. Bruke permen "Fleirkulturell barndom i Volda og Ørsta" i arbeidet med fleirkulturelle barn
8. Implementere planen for overgang barnehage-skule
9. Fylgje vedlikeholds-planane for utbetring av det fysiske miljøet inne og ute i samarbeid med eigedomsavdelinga
10. Gjennomføre tilsyn i dei resterande private barnehagane i løpet av 2009, og starte arbeidet med tilsyn i dei kommunale barnehagane

Avdelinga nådde resultatmåla utanom målet om barnehageplass til alle som søkte.

## 4.8 HELSEAVDELINGA

### Organisering

Helseavdelinga består av legeteneste, fysio- og ergoterapitenester, helsestasjon/skulehelseteneste, jordmorteneste, folkehelsekoordinator, kommuneoverlege (miljøretta helsevern/smittevern) og kontorpersonell. Avdelinga er leia av helsesjef. Det er omlag 20 stillingar i avdelinga. I tillegg er det 9 fastlegeavtalar og 3,5 driftsavtalar for fysioterapeutar.

### Aktivitet

Den største utfordringa i helseavdelinga i 2009, var svineinfluensavaksineringa (pandemivaksinering). Hausten 2009 tok dette mykje tid og ressursar; særleg for tilsette på helsestasjonen og kommuneoverlegen. Vaksineringa vart gjennomført på ein god måte og ved utgangen av 2009 var det ein vaksineringsprosent på vel 50 i Volda kommune, noko som er svært bra. Helsestasjonen brukte mykje ressursar på vaksineringa og andre oppgåver vart lagt til side eller utsett. Mellom anna må nokre barnekontrollar vente i opptil eit halvt år.

Dåverande helsesjef melde i frå om at han ønskte å gå ut av sin funksjon som leiar for helseavdelinga. Ny helsesjef vart tilsett frå 1.november. Dette vart gjort ved ei omrokking innad i avdelinga med noko endra arbeidsoppgåver for enkelte stillingar. Fysioterapitenesta hadde vakanse i 70% stilling i november og desember i samband med dette, noko som sjølvstøtt gjekk utover tenesteytinga.

Arbeidet med Kvalitetslosen har vore vanskeleg å drive fram. 2 personar var på brukarseminar hausten 2009. I etterkant av dette vart det sett ned ei gruppe som skal arbeide meir med å implementere Kvalitetslosen som verktøy i heile organisasjonen. Ein person frå helseavdelinga er med i gruppa. (jfr. resultatmål 1 for 2009)

Felles nattlegevakt mellom kommunane Volda, Ørsta, Hareid og Ulstein vart etablert i samsvar med planprosess; i første omgang som ei forsøksordning. Oppstart var 16.april og base for nattlegevakta er Volda sjukehus. Det er tilsett nattlegevaktsjef i 20% stilling. Ordninga skal evaluerast våren 2010. Helseavdelinga fekk tilført kr.500.000 i samband med opprettinga av felles nattlegevakt. (jfr. resultatmål 2 for 2009)

Det har blitt tilsett legar i stilling som har stått vakant og stilling som blei ledig i 2009. Ved utgangen av 2009 var det ledige fastlegelister og befolkninga hadde dermed eit reelt val om bytte av fastlege, slik forskrifta seier. Det var behov for auka legesekretærressursar. Legane oppretta 20% stilling for helsesekretær. (jfr. resultatmål 3 for 2009)

Helsetilbodet for innvandrarar, asylsøkjjarar og utanlandsstudentar er godt etablert. Prosedyrar og samarbeidsrutinar er godt innarbeidd, men dette arbeidet er likevel ein kontinuerleg prosess. (jfr. resultatmål 4 for 2009)

Grunna ekstraarbeid med pandemivaksineringa, er det ikkje gjennomført systemrevisjon ved 3 skular, slik målsetjinga var. (jfr. resultatmål 5 for 2009)

”Helse i plan” er godt innarbeid særleg i helseavdelinga og planavdelinga. Implementering/opplæring i andre avdelingar vil skje etter kvart. Prosjektperioden har vore 2005-09, men prosessen held fram. Folkehelseomsyn skal innarbeidast ved revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og i alle andre temaplanar i kommunen. (jfr. resultatmål 6 for 2009)

Edinburgh-skalaen, kartleggingsverktøy for avdekking av barseldepresjon, og godkjenning som ammekyndig helsestasjon, blei ikkje gjennomført i 2009. Årsaker er ekstraarbeid med pandemivaksinering og at ein ventar på ny versjon av Kvalitetslosen. Gjennomføring er planlagt i 2010. (jfr. resultatmål 7 og 8 for 2009)

Dårleg fysiske arbeidsmiljø i underetasjen på Rådhuset har vore påpeika i lang tid. På slutten av 2009 starta utskifting av lys over arbeidsplassane. Dette skal fullførast i 2010. Dårleg fysisk arbeidsmiljø er eit problem på heile Rådhuset. Utover det å betre lystilhøva, er det vanskeleg å gjere enkelttiltak som betrar miljøet i helseavdelinga sine lokale i underetasjen. (jfr. resultatmål 9 for 2009)

I Folkehelsearbeidet har ein hatt ”Bra Mat”-kurs som ei av fleire satsingar. ”Bra Mat” er kurs som er initiert av Helsedirektoratet og som skal vere eit tiltak kommunane kan bruke i arbeidet med kosthald og helse. Det vart gjennomført 2 kurs i 2009 og ein planlegg minimum 2 kurs i året vidare framover. Det er stort sett tilsette i helseavdelinga som er utdanna kursleiingar. Det har også vore behov for eit betre tilbod når det gjeld fysisk aktivitet særleg retta mot dei som er lite fysisk aktive. Fysioterapitenesta starta difor opp lavterskel treningsgruppe i 2009.

Helsestasjon for studentar (HFS) vart vidareført i 2009. Ved starten av året var det usikkert om ein fekk prosjektmidlar, men Studentsamskipnaden gav økonomisk garanti og ein kom i gong i mai. Prosjektet fekk etter kvart tilført kr.130.000 frå Møre og Romsdal Fylke. HFS fekk nye lokale hausten 2009 og er no samlokalisert med Studentsamskipnaden. Det er tilsett helsesøster i 20% stilling i prosjektet.

Ved hjelp av midlar/tilskot frå NAV arbeidslivssenter vart prosjektet ”Gravid i arbeid” oppretta og prosjektleiar vart tilsett hausten 2009. Prosjektet er eit samarbeid mellom Volda og Ørsta kommunar. Prosjektet har som målsetjing at ein ved tidleg dialog og tilrettelegging på arbeidsplassen skal redusere arbeidsfråveret med 3 veker hjå den enkelte gravide. Målgruppe er kommunetilsette.

Det må vere ei klar målsetjing å auke ergoterapiressursen i kommunen. Volda kommune har berre 50% stilling for ergoterapeut. Arbeidspresset er stort og arbeidsoppgåvene er mange. Ergoterapeut har viktig kompetanse mellom anna innafor rehabiliteringsarbeid og kan også vere ein viktig ressurs i høve arbeidet med universell utforming.

## **Økonomi**

Helseavdelinga hadde eit overforbruk på kr. 599.506 i 2009. Det vart lagt fram sak for kommunestyret med forslag om omfattande nedskjeringar. Saka vart handsama i kommunestyret i juni (sak 2009/701). Kommunestyret vedtok at helseavdelinga skulle oppretthalde drifta på dagens nivå inntil forslag om samhandlingsreform er handsama på Stortinget. Rammene for avdelinga skulle justerast i samband med 2010-budsjettet.

## 4.9 NAV

### Organisering:

Sosialavdelinga har i 2009 arbeidd primært etter Lov om sosiale tenester. Arbeidsoppgåvene er mange og ofte samansette. Hovedoppgåvene i 2009 har i hovudsak vore knytt til råd/retteleing, økonomisk bistand, oppfølging i høve rus og psykiatri, bustadsosialt arbeid, kvalifiseringsprogrammet, gjeldsrådgeving, tverrfagleg og tverretatleg samarbeid, i tillegg til merkantile funksjonar. Nasjonale mål og hovedprioriteringar for 2009 har vore;

- alle skal gjevast muligheit til å kome i arbeid
- alle barn og unge skal kunne delta og utvikle seg
- betre levkåra for vanskelegstilte

Avdelinga har i 2009 hatt ei bemanning tilsvarande 3,6 årsverk, 30% av tidlegare øyremerka psykiatrimidlar vart gjort faste i avdelinga. Ein tilsett har jobba 20% ekstra i tillegg til si 80% faste stilling. Dei 20% er midlertidig finansierte gjennom Kvalifiseringsprogrammet.

Vi har i tillegg hatt ein person i omlag 40% midlertidig stilling, der denne utelukkande arbeider med gjeldsrådgeving. Intensjonen har vore å då frigjere noko ressursar hos sakshandsamarane til meir arbeid med Kvalifiseringsprogrammet. Den midlertidige stillinga vert løna av midlar knytt til kvalifiseringsprogrammet.

2. halvår har vore særleg stritt, då vi har hatt eit alvorleg høgt sjukefråvere. Hausten var prega av heilt og delvis sjukmelde tilsette. Ein statleg vikar vart mykje nytta til arbeid med kommunale tenester i denne perioden.

Pr. 311209 hadde avdelinga tilsett:

- Sosialkurator/veileidar (3,6% + 0,2% midl.t.)
- Gjeldsrådgevar, midlertidig (0,4%)

Det er i samarbeidsavtalen mellom stat og kommune semje om at statleg og kommunalt tilsette kan utføre oppgåver på tvers av respektive ansvarsområde. Førebels har vi i NAV-kontoret likevel ei organisering der dei kommunalt tilsette primært utfører oppgåver knytt til kommunale tenester, og der dei statleg tilsette primært utfører oppgåver knytt til statlege tenester. Det har vore stor utfordring knytt til fordeling av oppgåver og ansvarsområde, balansering i kontoret høve partnerskapet, ulike styringssignal frå stat og kommune m.v.

Det har vore mykje diskusjon og drøfting rundt kva som er mest hensiktsmessig organisering i kontoret. Det har også vore vanskeleg å jobbe etter lagt modell, då stort fråvere har ført til endring av oppgåvefordeling og grensesnitt.

### Aktivitet

Det vart i 2009 handsama 569? saker etter Lov om sosiale tenester, dette er ein auke på 1? sak i høve året før. 123 personar har motteke økonomisk sosialhjelp, dette er ein auke på 1 person frå året før. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var 14,62 dagar mot 12,87 dagar i 2008.

Samanslåing av dei tre tidlegare kulturane har vore ei utfordring også i 2009, og vi har difor hatt stort fokus på det psykososiale arbeidsmiljøet og brukt ein god del ressursar på HMS-

arbeid. Også det fysiske arbeidsmiljøet har vore ei stor utfordring, då m.t.p. lite plass og val av opa løysing i kontoret. Vi har i kontoret eige IA-utval med kontaktperson til NAV Arbeidslivssenter.

Det vart i partnerskapsmøte i januar avgjort at ein skal gå for ombygging/utviding. Teikningar vart laga, kommunen skulle lage kostnadsoverslag og staten ta stilling om det økonomisk let seg realisere m.t.p. auke i husleigekostnader. Ved utgangen av året var kostnadsoverslaget framleis ikkje klart.

Det vart i mai vedteke av kommunestyret at sosialhjelpssatsane frå 010409 skal fylgje rettleiande satsar for utmåling av stanad til livsopphald.

Ein opplever store utfordringar i høve arbeid med brukarar med samansette behov, m.a. rus- og psykiatriproblematikk. Dette er ei tung og svært ressurskrevjande gruppe, og problem med økonomistyring og vanskar på bustadmarknaden gjer seg spesielt gjeldande for desse. I 2009 har vi delteke i styringsgruppe og plangruppe for rullering av bustadsosial handlingsplan, samt tildelingsnemnd for kommunale bustader.

Det vart i 2008 søkt om, og tildelt, prosjektmidlar knytt til områda rus og bustadsosialt arbeid. Grunna plassmangel i NAV-kontoret vart stillingane plassert under tenesta for psykisk helsevern, men sosialavdelinga er inne i tett samarbeid i prosjektet (STYRK). Vi starta i 2009 i tillegg opp eit prosjekt saman med tenesta for psykisk helse, dette kring eit arbeidsrelatert lavterskel-tilbod. NAV vil vere med å finansiere dette gjennom fondsmidlar knytt til KVP (kvalifiseringsprogrammet).

Kvalifiseringsprogrammet er framleis regjeringa si store satsing mot fattigdom. Program og midlar knytt til dette er eit kommunalt ansvar, men vert forvalta av NAV. Diverre nådde vi i 2009 ikkje måltalet om 14 brukarar inne ved utgangen av året. Dette skuldast delvis ressursmangel/sjukefråvere i kontoret.

Alle i avdelinga har delteke på relevante kurs, konferansar, seminar, opplæringstiltak o.s.b. Dei tilsette er godt kvalifiserte og held eit jamnt høgt fagleg nivå.

## **Økonomi**

Årsrekneskapen viser eit meirforbruk på kr, 826..892,- . Forklaringa til dette er dels at det vart vedteke oppjustering av sosialhjelpssatsane (frå 2006 til 2009-nivå), utan at avdelinga fekk auke i nettoramme. Kommunen dekkjer 25% av leiarløn, dette er ikkje lagt inn i nettoramme. I tillegg vart betydeleg mindre i refusjon enn forventa.

## **Resultatmål**

1. Redusere antal sosialhjelpsmottakarar
2. Fleire i arbeid og/eller aktivitet
3. Tettare og betre oppfylgjing av den einskilde brukar
4. Aktiv bruk av kvalifiseringsprogrammet
5. Samhandle tett med kommunale –og andre instansar som fremjar hovedmålet.

Måloppnåing -

1. Målet er ikkje nådd.  
Vi hadde ein auke i antal sosialhjelpsmottakarar med 1 person.
2. Målet vart nådd.  
Felles fokus i kontoret kring tiltak og verkemiddel, STYRK-prosjekt og KVP har ført til at fleire brukarar har kome i arbeid/aktivitet.
3. Målet er ikkje nådd.  
Lite ressursar/høgt og langvarig sjukefråvere har ført til at vi ikkje har klart å fylgje opp brukarar i god nok grad.
4. Målet er berre delvis nådd.  
KVP har vore fokus, men vi nådde ikkje måltal.
5. Målet er nådd  
Høgt og langvarig fråvere har likevel også påverka denne faktoren

## 4.10 BARNEVERNSAVDELINGA

### Organisering

I barnevernavdelinga hadde ved utgangen av 2009 tilsett: barnevernleiar 100% , barnevernkurator 400%, tiltakskonsulent 100% og 80% merkantilt personale. Tiltakskonsulent stillinga vart oppretta i samband med psykiatrimidlane, og er delt mellom to kuratorar og vert nytta primært til lågterskeltiltak, familierapi og PMTO(foreldrevegledning). Merkantilt personalet nyttar 20% av stillinga si til Husbanken og har og ansvaret for stemplingsuret for helsestasjonen og legesenteret i tillegg til barneverntenesta

### Aktiviteten i året:

Det daglege arbeidet, status ved årets slutt:

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Akuttvedtak	1	4	4	2	2	4	7
Saker for fylkesnemnda	0	8	6	4	2	3	3
Saker for rettsapparatet	0	4	0	1	1	0	0
Nye meldingar	56	58	58	64	69	67	62
Born i omsorgstiltak	9	13	16	21	22	18	18
Born i hjelpetiltak	39	51	53	45(3)*	58(7)*	63(7)*	57 (7)
Tilsyn born i fosterheim	9	13	13	15	15	15	17
Sosialrapporter i adopsjonssaker						2**	1**

Tala i ( ) \* Betyr at det er ungdom over 18 år som mottek tenester frivillig.

\*\* Barneverntenesta har utarbeidd sosialrapportar i adopsjonssaker alle år, men har ikkje vore tatt med før.

### Born under omsorg

Talet på born under omsorg gjekk kraftig opp i 2004 og at det har mest tredobla seg sidan 2002. Talet har vore relativt stabilt sidan 2005. Borna er plassert i heile regionen (Møre&Romsdal og Trøndelag). Det medfører lange reiser for å følgje opp dei som bur på institusjon og einskilde fosterheimar, noko som tek tid og har store kostnader. I tillegg har ein kostnadane i samband med samvær mellom barn og foreldre. Stadig fleire ungdommar som har vore under omsorg, vel å ta imot tiltak frå barneverntenesta etter at dei har fylt 18 år, noko dei etter lova har krav på. Det er 7 ungdommar over 18 år som mottek hjelpetiltak frå barneverntenesta, 2 av desse har fosterheim som tiltak.

### Hjelpetiltak

Det var 57 barn med førebyggjande hjelpetiltak i heimen i 2009 mot 45 barn i 2006. Dette er positivt sett i forhold til dei åra der ein ikkje greidde å arbeide førebyggjande godt nok (sette inn tiltak i heimen) på grunn av kapasitet- og ressursmangel i barneverntenesta, og ein såg at talet på omsorgssaker auka. At talet på førebyggjande tiltak har auka er noko ein kan sjå i samanheng med at vi har fått auka kuratorkapasitet og at vi har fått nytta tiltaksstillinga meir målretta. I tillegg vil vi påpeike opprettinga av FUR (Foreldre og ungdomsrettleiaren) ved helsestasjonen. FUR kjem tidleg i kontakt med ungdommane og foreldra. Dette gjer at born og unge i Volda får tilbod om hjelp tidlegare hjelp, for å hindre skeivutvikling . Vi har òg nytta oss av familiesenteret i Molde. Barn som har hatt hjelpetiltak har i svært liten grad ettervernstiltak.

### Melding/undersøking

Talet på meldingar ser ut til å ha stabilisert seg på mellom 60 og 70 pr år. Vi har heller ikkje i 2009 greidd å halde alle tidsfristar ved undersøking av meldingar. Dette har mellom anna samanheng med sjukmeldingar på avdelinga og etterslep frå tidlgare år. Ein ser òg at barneverntenesta vert pålagd stadig fleire oppgåver både frå statleg og kommunalt hold, noko som igjen medfører tidspress, krav om auka kunnskap og ressursar.

## **Resultatmål**

1. Gi nødvendig hjelp til born og unge til rett tid ved å halde fristar som lova pålegg oss
2. Yte førebyggjande tiltak slik at talet på born og unge under omsorg ikkje aukar
3. Gi nødvendig hjelp, støtte og oppfølging til fosterheimar slik at ein slepp at barn/unge må flytte
4. Ha ei barnevernteneste som er oppdatert og kvalifisert til å yte tenester slik lova krev
5. Vidareutvikle tiltakstilbudet og tiltaksarbeidet
6. Samarbeide med andre delar av forvaltninga
7. Innarbeide startmøte i undersøkingssfasen
8. Innføre nettverksmøte i tiltaksarbeidet
9. Gjennomføre omorganisering frå generallistmodellen til spesialistmodellen
10. Innføre Familia som nytt dataverktøy
11. Implementere PMTO (foreldretrening/vegleiing)
12. Vidareutvikle det interkommunale samarbeidet

### *Resultatmål nr 1*

I 2009 hadde barneverntenesta fristbrot på gjennomgang av meldingar på 33% i andre halvår. I snitt 32% av undersøkingane hadde fristbrot. 61% av tiltakssakene mangla tiltaksplanar. Det er i hovudsak dei minst alvorlege sakene som vert liggande på vent. Dette er uheldig, då også desse borna har rett på hjelp til rett tid. Målet er berre delvis nådd. Arbeidspresset på den einskilde tilsette har vore stort, og ein har også i 2009 hatt langtidssjukmeldingar. ”Turnover” på avdelinga gjer at ein må bruke mykje tid på opplæring av nyttilsette, noko som igjen går ut over den samla kapasiteten til avdelinga.

### *Resultatmål nr 2*

Talet på born under omsorg har vore relativt stabilt, og synt noko minkande tal sidan 2006. Antal barn som har vore akutt plassert auka i 2009. Ein hadde 3 omsorgsovertakingar i 2009.

### *Resultatmål nr 3*

Oppfølging av fosterheimar har vore eit prioritert område. Ein hadde ei utilsikta flytting i 2009.

### *Resultatmål nr 4*

Ein kurator starta hausten 2009 opp vidareutdanning innan psykososialt arbeid i sjølv-mord, rus, vald og traume for barn og unge, då dette var eit område avdelinga har hatt eit behov for å få styrka kompetansen på. To kuratorar har fått kompetanse som PMTO-

rådgivarar. Kuratorar har elles delteke på kurs arrangert av fylkesmannen, Buf-etat, BUp Volda og andre lokale kurs.

#### *Resultatmål nr 5 og 6*

Barneverntenesta har faste samarbeidsmøter med politiet og med Volda ungdomsskule. Barneverntenesta deltek i tverrfaglege gruppe for barn og unge i Volda kommune og i voldsgruppa. Ein ser likevel framleis behov for tettare samarbeid med helsestasjon, skule, barnehage og PPT, noko avdelinga ikkje har hatt kapasitet til.

#### *Resultatmål nr 7*

Ein hadde i 2008/2009 eit interkommunalt prosjekt (med Ørsta), finansiert av midlar frå fylket. Ein fekk då innarbeidd ein ny modell for gjennomføring av undersøkingar – ”startmøtemodellen”, Ein ser at denne modellen har vore brukt med godt resultat i fleire saker, og er ein modell barneverntenesta også vil nytte vidare.

#### *Resultatmål nr 8*

Dette har ikkje blitt jobba systematisk med i 2009.

#### *Resultatmål nr 9*

Dette vart arbeidd med hausten 2008/vår 2009. Avdelinga vart forsøkt delt inn i tre grupper – undersøking, tiltak og omsorg. Dette viste seg å ikkje vere gjennomførbart i ei så lita avdeling som barneverntenesta er. I samband med sjukmeldingar, stod ein våren 2009 igjen med svært liten kuratorkapasitet i høve undersøkingar, noko som var med på at ein ikkje heldt undersøkningsfristane. Avdelinga har gått tilbake til generalistmodellen. Hausten 2009 oppretta ein ei stilling for fagansvarleg i barneverntenesta. Denne skulle ha særskilt ansvar for rettleiing av dei tilsette, i tillegg til særskilt ansvar for fagutvikling på avdelinga. Stillinga skulle ikkje gå på bekostning av sakshandsamingsarbeid, det er gjort ei intern rokkering på ulike ansvarsfelt mellom leiar og fagansvarleg.

#### *Resultatmål nr 10*

Familia har blitt innført, og kuratorane har fått opplæring i bruk av nytt dataprogram.

#### *Resultatmål nr 11*

To kuratorar har gjennomført opplæring i PMTO-rådgiving. Dette inngår i tiltaksstillinga, og berører ikkje sakshandsamarkapasiteten til avdelinga.

#### *Resultatmål nr 12*

Dette arbeidet har ikkje blitt prioritert i 2009.

### **Økonomi**

Avdelinga har eit meirforbruk på kr 1.856.230.

Barneverntenesta har mange barn under omsorg, mange av desse store behov for tett oppfølging av både fosterheim/institusjon og av barneverntenesta. Barna er plassert i heile regionen, dette medfører store reisekostnader både i samband med kuratorarbeid og i samband med kontakt mellom foreldre og born. Born under omsorg er det området som har størst utgifter. Ein har også i 2009 hatt behov for juridisk og psykologsakkunnig bistand.

Det vart i 2009 oppretta eit statleg mottak for asylsøkarar i Volda. Dette har ført til auka arbeidsmengd for barneverntenesta. Ein har mottatt meldingar og har hatt to svært arbeidskrevande akuttsituasjonar i 2009 knytt til barn som har budd på mottaket.

Barneverntenesta har i 2009 søkt refusjon hjå det statlege barnevern (Buf-etat) og fått refusjonane vi har krav på..

## 4.11 PLEIE OG OMSORGSAVDELINGA (PLO)

### Organisering

Pleie- og omsorg er ei stor og allsidig avdeling inndelt i 14 einingar under PLO-sjef. Avdelinga har 186,81 årsverk fordelt på om lag 288 tilsette. Det er eit vidt spekter av tenester som ligg under PLO, og aktiviteten i avdelingane er svært varierende. I våre tenester ligg støttekontakt, omsorgsløn og ordning med personleg assistent. Vi har tilbod om dagsenter for eldre og dagsenter/møteplass for personar med psykiske vanskar. Vi yter hjelp i heimen på ulike nivå som heimehjelp, opplæring, heimesjukepleie, tryggleiksalarm, matombringning m.m. gjennom heimetenestene, tenesta for funksjonshemma og psykiatritenesta. PLO har utleige av 152 omsorgsbustader, og yter tenester til bebuarane i bustadane. Dei sjukaste og mest hjelpetrengande eldre får hjelp på sjukeheimen.

Administrasjonen og service er delt i kontor/sentralbord med 2 årsverk, administrasjonen er 2 leiarstillingar, 1 årsverk personalkonsulent, 50 % sakshandsamar, sjåfør 1 stilling, 20 % datakonsulent og vaskeri 0,75 årsverk. Arbeidet er m.a. sakshandsaming, budsjett og økonomistyring, tilsetjingar, opplæring, utrekning og innkrevjing av brukarbetaling, sentralbord, postmottak, ut- og innlevering av nøklar og nøkkelkort, handtering av kontorkasse, sjåføroppdrag, vask og reparasjon av pasienttøy og eit utal andre oppdrag.

### Aktivitet:

Generelt er arbeidsmiljøet i PLO- avdelinga godt og vi har dyktige og motiverte medarbeidarar. Det fysiske arbeidsmiljøet er bra tilrettelagt. Det vart i løpet av 2009 sett inn vikar i to leiarstillingar og ei leiarstilling var det ikkje fast tilsett i frå juni og ut året. Rekruttering av kvalifisert personell på alle nivå har vorte vanskelegare. Medio 2009 vart det tilsett to sjukepleiar i 100 % st. som går inn i vikarvakter der det er størst behov. Desse har vore med å avhjelpa mange vanskelege bemannings situasjonar i tenestene. Sjukefråvær for dei ulike avdelingane i PLO varierer stort, men i snitt har det vore 9,70 % i 2009 som er om lag på nivå med 2008. Sjukeheimsavdelingane hadde høgt sjukefråvær i 2008 og frå 2009 vart det starta prosjekt for å betre dette. Det har vore jobba i prosjekt i forhold til å redusere sjukefråvære med å auke grunnbemanning ved å nytte variable lønnsmidlar fast i turnus, samt bruk av kriterier for innleige. Dette viste gode resultat ved evaluering i november, og ønskje om å få det fast inn i turnus.

Dei tilsette viser stor arbeidsinnsats, og arbeider for kvalitet og gode tenester til brukarane. Ei stor takk til ALLE medarbeidarar for ein felles innsats i pleie- og omsorg i 2009.

Opplæring: Det har vore stor aktivitet i forhold til opplæring i 2009. På vidaregåande nivå har 5 personar delteke i eldreomsorg, 1 person på alderspsykiatri, 1 person på psykiske lidingar/personar utvilingshemming. På høgskulenivå har 1 person delteke på vernepleie, 3 personar på psykisk helsearbeid, 1 person på førebyggjande rusarbeid, 1 person organisering og veiledning av støttekontakt, 6 personar på aldersdemens og 1 person på alderspsykiatri. 15 personar har delteke på Demensens ABC. Kurs med mange deltakarar har vore arrangert men bla. tema som tannpleie, medikamentoppøring, førstehjelp og personalseminar med Etikkk.

Frivillige hjelparar gjer ein stor innsats på omsorgssenteret. Dette er sporadisk arbeid og faste tilstellingar som t. d songstund i kafeen og faste samlingar i enkelte avdelingar. Denne hjelpa er sett stor pris på, og stor takk til aktive medhjelparar!

Støttekontakt for alle brukargrupper og all barneavlastning. Det er 0,5 årsverk som sakshandsamar. Det er 102 vaksne, eldre, barn og unge som hadde støttekontakt i 2008. Åtte barn hadde vedtak om avlastning på timebasis, og 8 barn hadde avlastning på døgnbasis.. 16 pårørende med langvarig tyngende omsorgsarbeid har hatt omsorgslønn og 8 personar har brukarstyrt personleg assistent(auka med 3 brukarar av BPA og 1 omsorgsløn).

Sjukeheimen har 74 pasientrom og 57,83 årsverk i døgnkontinuerleg teneste. Institusjonen er delt i 4 avdelingar med 2 bugrupper på kvar avdeling. Av dei 74 plassane vert fire nytta som rehabiliteringsplassar, 37 plassar for aldersdement (18 av dei skjerma), resten av plassane er somatiske sjukeheimplassar. Sjukeheimen har i 2009 hatt 724 ekstra liggedøgn, dvs eit snitt på 2 ekstra pasientar heile 2009. Dette gir eit belegg på 102,6 % som er ein reduksjon på 4,9 % ( 4 pasientar pr døgn) frå 2008. Av liggedøgn var 2.573 døgn korttidsopphald og 400 døgn avlastning for pårørende. Liggedøgn viser at tal døgn korttidsopphald er stabilt, det er 93 døgn auke i avlastning for pårørende og ein reduksjon av døgn på langtids plassar. Det er få liggedøgn med ferdigbehandla pasientar på sjukehus. På omsorgssenteret opplever vi at pasientane som får plass er sjukare enn før, og at kravet til tenester og fagkompetanse vert større. Reduksjonen av stillingar som vart gjennomført i 2007 har i 2009 vore prøvd å betra på gjennom prosjektet auka grunnbemanning ved bruk av variable lønnsmidlar. Ved evaluering av prosjektet i november viste det positive resultat med reduksjon i sjukefråvær, stabilitet på vaktene i staden for innleige på ekstramidlar og redusert innleige samanlikna med 2008. ved fleire avdelingar. Det er sett på korleis vi kan nytte ressursane betre for å gi arbeidstakarane ein betre kvardag, og samstundes styrke tenestene til pasientane. Utfordringane i avdelingane er svært ulike og dei er varierende over tid. I periodar er det store utfordringar i forhold til komplekse sjukdomsbilete eller det kan vere svært urolege pasientar som påverkar miljøet/uroar ei heil bugruppe. På demensavdeling vart det naudsynt å bemanne opp med 1 person døgnet rundt frå mai til november, og vidare fram til nyttår men då med unntak av nattevakt. Dersom ekstra bemanning ikkje hadde vorte sett inn hadde kostnaden truleg vorte endå større pga sjukefråvær og vanskar med å skaffe kvalifisert personell i avdelinga. Det er avgjerande å kunne sette inn tiltak før belastninga vert for stor. Vakansar og anna fråvær medfører ekstra kostnadar når vi har vanskar med å rekruttere vikarar og tiltaket blir forskyvd arbeidstid/ vertid for å få ytt naudsynte tenester. Bemanningsplanane er jobba med og skal no vere à jour i forhold til tildelt personalressurs.

Heimetenestene har om lag 306 brukarar ved utgangen av 2009. Heimetenestene er delt inn i fire soner, og ansvar for omsorgsbustader er delt mellom sonene. Det er ulik bemanning på omsorgsbustadene, frå døgnbemanning(Mork, Folkestadtun, Barstadtun og det meste av Fjordsyn) til ordinære besøk frå ambulerande heimeteneste I avdelingane har det vore arbeid med å få til aktivitetar i bustadane for å gi bebuarane som ønskjer det eit positivt avbrekk i kvardagen. Fjordsyn har besøk av organisasjonar som bidreg til avbrekk. Barstadtun har fått hønsehus, kanin og gjer mykje sosialt arbeid spesielt rundt Solkroken som er demenskollektiv. Alle bustadane har ein del til rette lagt aktivitet og samlingsstunder for bebuarane. Dette fokuset er viktig å jobbe vidare med, og dele på erfaringa mellom sonene. Dei faglege utfordringane er store, og det er aukande ønskje om å få avanserte behandlingsformer og oppfølging i heimane. Tenesta viser at dei er omstillingsdyktige og har løyst mange nye utfordringar. Det var i første kvartal arbeida med å rette opp avvik på nokre turnusplanar, og alle turnusplanar skal vere à jour i høve tildelt bemanningsressurs. Det er og gjort endringar i forhold til at sentrum sonene er bakvakt for Mork dersom det ikkje er sjukepleiar på vakt der. Det er krevjande å gjere endringar som rokkar ved kvardagen til

arbeidstakarane, men vi må alle gjere nokre grep og samarbeide om endringar for å halde oss innanfor tildelt ressurs.

Husmorvikartenesta har vore bemanna med 2 årsverk(2 personar) som primært hjelper familiar med barn. Ledig kapasitet var 69 dagar vart nytta i heimetenetene/omsorgsbustadar. 15 familiar og 8 enkeltpersonar fekk hjelp frå husmorvikar. Det er ein reduksjon med 17 familiar og auke med 2 enkeltpersonar i 2009. Denne tenesta vert lagt om i 2010 og underlagt heimetenestene.

Teneste for funksjonshemma(Tff) har 28 brukarar og ca 25 årsverk. Avdelinga er delt i tre einingar. Alle tre har tenester knytt opp mot samlokaliserte omsorgsbustadar med 4-5 leiligheter. Einingane har ansvar for kvar sine omsorgsbustadar samt personar i eigne husvære og/eller brukarar av avlastningsbustad. Tenesta har store utfordringar grunna brukarar med utfordrande atferd. Tilsette har store utfordringar i å handtere atferd som vald og trugsmål. Bømarka har også i 2009 jobba målretta i prosjektet retta mot HMS i avdelinga med støtte frå Storebrand Livsforsikring. Tenesta har over lengre tid hatt vanskar med å rekruttere personell til avdelinga. Prosjektet som dei no er inne i verkar positivt på avdelinga. Sevrinhaugen 1 har vore under ombygging/nybygg, og personale og brukarar gler seg til å ta husværa i bruk. Utsetting av byggestart har medført midlertidige løysingar for enkelt brukarar, som har medført ekstra kostnader. Sevrinhaugen har stabilt personale, men pga fleire permisjonar i 2009 har det medført auka opplæring av vikarar. Kleppevegen har hatt midlertidig skifte i leiarstillinga, og har i periodar hatt store utfordringar i forhold til enkeltbrukarar.

Storkjøkkenet på omsorgssenteret har 5,63 årsverk og 1 lærling. Dei leverer 168 porsjonar fullkost(frukost, middag, kaffi, kvelds) dagleg til sjukeheimen og omsorgsbustader. Til heimebuande leverer dei gjennomsnittleg pr. mnd. middag(varm) ca. 455 stk. og middag(kald) ca. 220 stk. Dagsenteret varierer frå 11-15 middagar m/evt. frukost/kaffi, og i tillegg kjem sal i kafeteriaen. Kafeen er open 6 dagar i veka. Ei gruppe er sett ned for å evaluere kjøkkendrifta men tanke på tettare samarbeid mellom kjøkkenet og bugruppene for å betre bestilling-/ leveringsrutinar mellom einingane og kjøkkenet. På slutten av året vart det tatt i bruk elektronisk varebestilling av tørrmat frå avdelingane. Dette skal og vidareutviklast og gjelde middagsmat. Fokus på matforbruk har auka, og vil gi økonomiske fordelar for drifta.

Tenesta for psykisk helse har det også i 2009 vore store endringar. Dagsenteret Gnisten vart frå mars lagt organisatorisk under tenesta. I tillegg har vi fått ein tilvekst på tiltaket STYRK. Dette er eit meir arbeidsretta tiltak vi har kalla STYRK arbeid. Også dette er prosjektfinansiert. Ved årskiftet hadde vi her 1,5 stillingar. Totalt i tenesta er det ved årsskiftet 19,25 stillingar. Dette er ei betydeleg auke frå 2008, og skuldast tilføring av nye tenester. Dette har og ført til betydeleg auke i personar som har kontakt med tenesta. Ved utgangen av 2009 var det om lag 120 tenestemottakarar. Ein del av desse mottok fleire tenester. Det har i 2009 vore utført handlingsplanarbeid i alle tenestene. Det har og vore sterkt fokus på kompetanseheving. Det vart i 2009 starta opp eit prosjekt som tek sikte på betre samordning av det psykiatriske tenestetilbodet i kommunen. Dette er finansiert via KS. Det vart i 2009 utarbeidd samhandlingsavtale med helseforetaket. Utfordringar for tenesta ligg no i stor grad på administrasjon og samordning. Tenesta esar ut , men tid til administrasjon har ikkje auka i same takta. Det vil og vere avgjerande for framtidig drift at ein får på plass ny lokalisering for Gnisten. I tillegg vil ein ha fokus på å få nedgang i sjukefråver mellom dei tilsette.

Dagsenter for eldre har 3,2 årsverk. Dagsenteret består av Hagestova og Tunstova. Dei gir tilbod til 14-17 brukarar dagleg, i tillegg kan det kome besøk frå bebuarar på sjukeheimen og

Barstadtun. Det er mange aktivitetar som songstund, sittedans, erindringsarbeid, bowling, formingsaktivitetar osv. I tillegg til dagleg drift av senteret arrangerer dei aktivitetar og kulturelle tilstellingar i kafeteriaen også for dei som bur på sjukeheimen. Det er etablert samarbeid med kulturetaten og ein har fått støtte gjennom den Kulturelle Spaserstokk som gir rom for auka aktivitet. Brukarane har tilbod om å bli henta og køyrt heim med omsorgssenteret sin minibuss, og dei fleste nyttar seg av dette. Brukarane ved dagsenteret er aktiv med i drifta av hønsehuset og drivhus.

### Omsorgsbustadar

Plo disponerer 153 omsorgsbustadar/utleigeiningar av ulik kvalitet. For utviklingshemma har vi 14 bemanna bustadar, 2 av dei er til avlastning for unge og vaksne. Sevrinhaugen 3 vart riven, på tomte er det no bygd 5 nye omsorgsbustader for utviklingshemma. Bustadane skal vere innflyttingsklare i månadskipte april/ mai. Tenesteytinga vert samkjørt med eksiterande personalgruppe i Sevrinhaugen 1, som vert noko styrka.

### **Økonomi:**

Pleie og omsorg hadde eit netto meirforbruk på kr. 6.571.954.

Overskriding på fastlønn er på avtalebestemte tillegg. Det er rydda i forhold til at vi held oss innanfor tildelt ramme for personell ressurs og organisert vekk kostnadsdrivande løysingar på kveld/natt og helg i deler av avdelinga. Dette spriket i berekna budsjett og rekneskap har følgd oss dei siste åra. Auke i lønnskostnadar viser igjen på pensjon og arbeidsgiveravgift.

Overskridinga på variabel lønn totalt er om lag kr. 4.700.000. Overskridinga fordeler seg med kr. 2.276.500 på vikarløn(v/ sjukdom), ekstrahjelp med kr.455.500, ferievikar med 700.000,- og overtid med 700.000,-. Rekneskapen viser at utbetalte tillegg for sjukevikar og ekstravakter er 950.000,- meir enn budsjettet. I dette biletet må nemnast at det er underforbruk på nokre postar og meirinntekter i refusjonar på sjukeløn som lettar noko eit elles tungt reknestykke.

Spesielle situasjonar/behov på enkelte avdelingar har medført ekstrakostnadar i periodar, eller varige auka kostnadar. Dette både i forhold til pasientretta tiltak og personalvanskar. Dette har utløyst ein del overtid. Vanskar med å skaffa kvalifisert personale i alle stillingar har medført bruk av bakvakt på enkelte vakter. Ei forklaring på auka overtidsutbetaling kan vere at tal tilsette har gått ned, fleire har fått auka sine stillingar med den konsekvens at det er færre vikarar/ personar å ty til ved innleigebehov. Dette fører til auka bruk av tilsette som utløyser overtidsutbetaling.

Det er overforbruk på matvarekontoen, men prosjektet vi skulle ha i 2009 for å redusere utgiftene her, vart først starta i november/ desember, effekten var deretter. Kostnader på serviceavtalar og reperasjonar er høge. Alarmanlegg og andre installasjonar som er spesielle innretningar for pleie- og omsorg blir avdelinga belasta for når ting må reparerast. Dette er kostnadar vi ikkje har klart å budsjettere tilstrekkeleg for innanfor den tildelte ramma. Midlar til slikt vart flytta til driftsavdelinga etter organisatorisk endring, og friske midlar til desse utgiftene er ikkje tilført. Rekneskapen viser stadig auke i slike utgifter, slitasje og problem dukkar oftare opp no og vil truleg auke. Kostnaden på reinhald har auka etter siste anbudsrunde. Standarden på reinhaldet er vi nøgde med.

Det er svikt på nokre av inntektene.. Dei største avvika finn ein på reduserte husleigeinntekter og brukarbetaling på institusjon. Husleigeinntektene vart redusert då ein hadde rekna med

leigeinntekter på dei fem nye omsorgsbustadane i Sevrinhaugen 1 frå 01.09.09, ein måtte forlange ekstraordinære avlastingstilbod grunna forsinka byggearbeid og vi hadde fleire leilegheiter ståande tomme ei lang periode grunna svineinfluensaberedskap. Inntektene på brukarbetaling på institusjonen har gått ned fordi vi har langt færre døgn overbelegg enn i 2008 og at vi har nytta noko av kapasiteten til avlastingstilbod som ikkje blir krevd betaling for.

Sum inntekter er samla for avdelinga kr. 2.990.532 meir enn budsjettert, Dette skuldast i all hovudsak at tilskotet for ressurskrevjande brukarar vart ca 3.5 mill kr større i 2009 enn i 2008. Desse inntektene var budsjettert på same nivå som for 2008 Ein må vere merksam på auke i talet på ressurskrevjande brukarar inneber auka lønsutgifter.

### **Resultatmål:**

1. Utarbeide årshjul til økonomistyringa.
2. Gjennomføre tertiale samtalar med mellomleiarane når det gjeld dagleg drift og økonomistyring.
3. Prosjektgruppe som skal vurdere etablering og organisering av barnebustad/ avlastingsbustad skal etablerast og kome med tilråding.
4. Avklare/ evt. etablere Gnisten i Maurtua, sekundært etablering i anna framtidretta lokale.
5. Etablere eit godt samarbeid med kultukontoret for å gi gode kulturopplevingar for dei eldre som bur på omsorgssenteret og i omsorgsbustader.
6. Etablere gode kommunikasjonsrutinar mellom sentralkjøkkenet og bugrupper/ bukollektiv ved hjelp av nyinnkjøpt dataverkty.
7. Evaluere kjøkkendrifta og kvaliteten på middagsmaten.
8. Jobbe med ulike arbeidstidsplanleggingsverkty, og ha starta minst eit alternativ til 6vekers turnus i løpet av året.
9. Elektroniske timelister skal vere tatt i bruk i løpet av året.
10. Kvalitetslosen skal kunne takast i bruk på alle satelittar, inkludert avviksmodule, i løpet av året.
11. Ei arbeidsgruppe skal legge fram forslag til etablering av sysselsetjingstilbod på dagtid, primært for brukarar med psykiske vanskar

Resultatmål : 1,2,5,6,8,11 er nådd

Resultatmål : 4,7 er delvis nådd.

Resultatmål : 3,9,10 er ikkje nådd.

Kommentar til nokre av resultatmål:

Resultatmål 3: Ikkje oppstarta

Resultatmål 4: Under arbeid, men komt til eit punkt som krev nye politiske signal.

Resultatmål 7: Er under arbeid, men vart forsinka pga datateknisk utstyr(elektronisk Bestilling av mat)

Resultatmål 9: Prosessen er starta opp, og det er jobba i prosjektet i samarbeid med Ørsta.

Forsinkingar med innføringa av Agresso 5.5 har dratt denne prosessen ut i tid. Innføringa startar 1. halvår 2010 og oppstart med køyring av timeliste 2.halvår 2010.

Resultatmål 10: Avviksmodule kan ikkje takast i bruk før ein har med kommuneorganisasjonen på alle nivå. Ny oppdatert programvare skal takst i bruk 2.halvår 2010, og involvere alle ledd i organisasjonen

## 4.12 LANDBRUKSAVDELINGA

### Organisering

Forvaltning av naturressursane, medrekna viltforvaltninga og miljøansvaret i LNF-områda, er hovedansvaret for Landbruksavdelinga. Dette skjer gjennom sakshandsaming etter landbrukslovene, som jordlov, skoglov, konsesjonslov m.fl. og samarbeid med andre avdelingar. Ein stor del av oppgåvene til avdelinga er elles pålagde og styrde av gjeldande landbrukspolitikk gjennom sentrale forskrifter og forordningar. Samstundes skal avdelinga vere sørvissenter for kvar einskild næringsutøvar innan landbruket både med omsyn til drift og nysatsing.

Innafor dei til ei kvar tid gjeldande rammevilkår arbeider Landbruksavdelinga såleis for ei positiv utvikling i Volda-landbruket og bygdene.

Avdelinga har 2 stillingsheimlar: Landbrukssjef, skogbrukssjef 50% (stillinga delt med Ørsta) og skogbruksrådgjevar 50%. (stillinga delt med Ørsta) Dåverande skogbrukssjef slutta 1. november 2008. Den stillinga stod vakant heile 2009. I meldingsåret disponerte avdelinga berre 1,5 årsverk. Det er gledeleg at dette er eit unntaksår. At avdelinga er samlokalisert med Volda-kontoret til Landbruk Nord Vest er ei svært god ordning for begge partar.

### *Jordbruk*

Volda-jordbruket gjennomgår ei dramatisk strukturendring. På 10 år (frå 1999 til 2009) har tal driftseiningar gått tilbake frå 245 til 112. Det er ein reduksjon på 54 % ! Areal i drift er i same tidsromet redusert med ca 25 % til 16.222 da. Mjølkeleveransen har gått tilbake med ca 23 % til ca 4,5 mill liter. Det er same tendensen i kjøttproduksjonen. Tilbakegangen er på ca 28 % til 298 tonn. Gjennomsnittleg areal pr landbruksforetak var i 1999 ca 89 da. I 2008 hadde dette auka til ca 145 da. Altså ein auke på ca 63 %.

Det aller meste av arealauken er grunna i meir leigd jord. Leige/bortleige av jord er eit godt middel for fortsatt å hauste areal på bruk som går ut som sjølvstendige einingar. Det er også med å styrke driftsgrunnlaget for dei gjenverande driftseiningane. Det er likevel ein del merkbare negative konsekvensar av at landbruksforetaka vert så avhengig av leigejord, gjerne med kortsiktige avtalar: Me ser såleis etter kvart at heller ikkje den beste jorda vert stelt optimalt over alt, og at verdifullt kulturlandskap vert forringa. Innskjerpa driveplikt etter § 8 i jordlova (Gjeldande frå 1/7) er meint m.a. å medverke til betre leigeavtalar.

Strukturrasjonaliseringa er kapitalkrevjande. Det er dyrt å vekse; både auke i dyretal, meir omfattande mekanisering, og ikkje minst utviding eller nybygg av driftsbygningar kostar. Å basere store investeringar på kortsiktig leigejord, er ein risiko både for utbygjar og eventuell lånegjevar. Interesse for fornying av driftsbygningane held seg likevel oppe. Det er stor rift om tilskotsmidlane frå Innovasjon Norge både til tradisjonelt landbruk og nye næringar, og det er ventinga på midlar derifrå som avgrensar aktiviteten.

Landbruksavdelinga administrerte i 2009 over 20 mill. tilskotskroner til landbruksforetak i kommunen. Dette er midlar som i neste omgang kjem heile lokalsamfunnet til gode.

Fylgjande tal viser dyretal i det tradisjonelle husdyrhaldet (år 2008 i parentes): Mjølkekyr: 775 (714). Ungdyr storfe: 1.202 (1.267), mjølkegeiter: 809 (807), vaksne sauer: 1.737 (1.693),

høner: 5.016 (5.006), slakta grisar: 963 (1.148). I meldingsåret har altså dyretalet stabilisert seg. Dette er ein ny og gledeleg situasjon.

Tradisjonelt har landbruksdrift hatt ein "tilleggproduksjon" i spreidd busetnad/levande bygder og fint kulturlandskap. Etter kvart som tal landbruksforetak med sjølvstendig drift går nedover, minkar og effekten produksjonen har på busetnaden. For bygdene er det difor svært viktig at det framleis bur folk på bruka sjølv om der for tida ikkje er sjølvstendig drift. Me registrer kvart år unge som er interesserte i å kjøpe ledige småbruk, men det ser ut til at det enno er lite kultur for å selje småbruk/gardsbruk sjølv om dei står tome og ubrukte. I bygde-Volda er det kanskje 100 slike bruk utan fast busetnad. For bygdene ville det vere ein god vitamininnsprøyting om desse vart omsette som bustadeigedomar.

### *Skogbruk*

I skogbruket er det på vegsektoren aktiviteten er størst, utfrå skogressursane er Volda ei av dei kommunene som bygg mest skogsveggar her i fylket. For 2009 vart det ferdigstilt ca. 3,5 km skogsveg i kommunen til ein kostnad av ca. 1.940 000 kr, aktiviteten har vore høg i fleire år.

Grunna terrengtilhøva er det trong for eit tett vegnett for å forvalte skogen best muleg. På skogkultur skulle aktiviteten vore langt høgare, noko som diverre er ein gjengangar frå år til år, det er vanskeleg å få skogeigarane til å utføre naudsynt arbeid i skogen. I 2009 vart det utført nyanlegg og etterarbeid på i alt 285 da, som er ein nedgong på om lag 35 da frå året før.

Med dei gode tilskotsordningane som er i dag er det synd for framtidig skogbruk at ikkje fleire nyttar høvet til å utføre skogkulturtiltak.. Ein tenkjer då på etterarbeid som lauvrydding, regulering og tynning.

### *Viltforvaltninga*

Som åra før vart det frå viltforvaltninga organisert vårteljning av hjort den 19. april (1045 dyr) og 3. mai (462 dyr). Første teljing av om lag den same som året før, andre teljing om lag 200 dyr færre enn året før.

Etter fleire år med auka felling, gjekk denne noko attende i 2009, med 462 felte dyr. Dette var noko overraskande, då det stadig er rapportar om mykje dyr og mykje skade på innmark og skog.

Det vart gjeve 512 løyver som gjev ein fellingsprosent på 84, heile 6 % nedgong frå året før. Kommunen har i dag 85% av teljande jaktterreng under bestandsplan, ein er med andre ord ikkje heilt i mål med dette arbeidet.

Ein har arbeidd vidare med elektronisk teljing på viltovergangen i Furene. Det er gjort vedtak i viltnemnda om å søkje Søre Sunnmøre Hjorteviltutval og Fylkesmannen om tilskot til denne etableringa.

Viltovergangen har bra med passasjar, det er av stor interesse å få etablert ei sikker registrering.

### *Utsiktsrydding*

Landbruksavdelinga har stått for utsiktsrydding på i alt fem stader i kommunen, både langs fylkes-, riksveg og E-39. Finansiering har vore viltfondet, statlege midlar til utsiktsrydding og ordinære skogmidlar(NMSK). Strekningane er på Aksnes 150 m, Dravlaus 165 m, Kornberg 500m, Aurstad 350m og på Strand (Vikane) 550m, i alt 1715 m. Dei strekningane som er finansiert av viltfondet er på utsette punkt for trekkruiter for hjort.

Arbeidet med utsiktsrydding er eit svært tungt, arbeidskrevande og med det dyrt. Gjennom prosjekt "Frå kratt til kroner" og med skogs- og viltmidlar har ein i Volda kommune dei siste 3-4 åra fått rydda 7.200 m for utsikt og på punkt med trekkande hjort. Sjølv om dette er ein liten del av total strekning som burde være rydda, har ein fått sett fokus på dette viktige arbeidet og trass alt fått rydda strekningar der ein før ikkje såg anna enn skogen langs vegen.

### *Klima- og Handlingsplan*

Ved landbruksavdelinga har skogansvarleg vore sekretær for klima- og handlingsplan arbeidet i kommunen. Det har i året vore ei rekkje eksterne og interne møte i samband med planen, ein reknar med fleire vekeverk. Ved årsskiftet sto det enno att ein del arbeid, m.a. ei kommentarar til høyringane, der fristen gjekk ut 30. november. I alt kom det inn 10 merknader til planen. Klima- og handlingsplan vil verte vedteken første kvartal 2010.

### *Miljø*

Landbruksavdelinga har ansvaret for miljø i LNF-områda. Også i 2009 vart det gjennomført aksjon for reinare og ryddigare bygder, dette i nært samarbeid med VØR/Retura og grendautvala. Aksjonane er vellukka og naudsynte. Det ser ut som at dei "ryddige" ryddar og dei "uryddige" ryddar ikkje. Med det vert bygdene i Volda skjemma av altfor mykje rot og skrot, m.a. bil- og traktorvrak, samt metallskrot, plast, treverk, stein og grus på stader der det ikkje skulle være og forsimpar det visuelle miljøet. Diverre dukkar det stadig vekk opp "villfyllingar" langs vegane. Ein del av innbyggjarane i Volda eig ikkje respekt for naturen, dette går utover miljøet og livskvaliteten for oss alle Dette tilseier at vi enno sterkare må fokusere på eit reinare og meir triveleg miljø.

### *Generelt*

Mjølkk- og kjøttproduksjon er berebjelken i volda jordbruket. Dei positive ringverknadane landbruket har for bygdene er avhengig av dette. Her er fleire som vil satse offensift i tardisjonelle produksjonar. Både desse og dei som prøver å starte nye næringar med basis i bruket treng at kommunen er med og legg til rette slik at dei kan lukkast og få fleire med seg. Landbruksavdelinga har her ein viktig funksjon, men den viljen kommunen viser til langsiktig jordvernstrategi er også viktig for at dei tunge investeringane i næringa kan gjennomførast.

### **Økonomi**

Avdelinga har eit mindreforbruk på kr 319.008. og kan i all hovudsak forklarast ved vakanse i stilling gjennom heile året..

### **Resultatmål**

1 Handsame alle søknader om produksjonstilskot til kvar einskild næringsutøvar.

- 2 Handsame alle aktuelle investerings-/finansieringssaker (BU-midler og spesielle miljøtiltak i jordbruket og nærings- og miljøtiltak i skogbruket (SMIL) m.v.).
- 3 Forvaltning av "landbrukslovene": Jordlov, odelslov, konsesjonslov, skoglov, forpaktingslov m.fl. etter kvart som sakene krev det.
- 4 Gi uttale/tilråding i arealdisponeringssaker som gjeld LNF-områda etter som planane er under utarbeiding.
- 5 Oppfølging av buplikta på landbrukseigedomar etter odelslov og konsesjonslov.
- 6 Utvikling/oppretting av storjaktvald for betre forvaltning av hjorteviltet.

Måloppnåing:

Resultatmål 1, 2, 5 er nådde. For resultatmål 3 og 4 har me heller ikkje urimeleg ventetid. For resultatmål 6 står ca 15 % av arealet att

## 4.13 KULTUR OG NÆRING

### Organisering

Avdelinga består av fire seksjonar:

- Volda filmteater
- Volda folkebibliotek
- TeleBygget ungdomshus
- Næringsseksjonen

### Aktivitet

#### *Overføringar til andre kulturaktivitetar*

Det vart og ytt støtte til Stiftinga Sunnmøre museum som har ansvaret for drift av Volda Bygdetun, Sivert Aarflot museet, Austefjord museum og den nasjonale museumseininga Dalsfjord fyrmuseum.

Det vart ytt 55 000 kroner til Dei nynorske festspela.

Kulturavdelinga har vore medarrangør for FESTiVOLDA, som i år markerte Sivert Aarflot jubileet. I samband med dette vart Sivert Aarflot-plassen opna, og det gjekk føre seg fleire godt besøkte arrangement, mellom anna landbruksdag i Volda sentrum. Volda kommune løyvde 30 000 kroner til dette tiltaket.

#### *Volda filmteater*

Volda filmteater hadde eit besøkstal på 14925. Ein auke på 3193 i forhold til 2008. Ein auke på 27.2%. Over dei siste to åra har besøket ved Volda filmteater auka med 84%. Kinoen har dermed overoppfylt målsettinga for besøkstal og innspela inntekter. Programmet har vore variert, men med klar vekt på publikumsfilmar. Innspelte inntekter var kroner 817747,- ein auke på 23,4%. I tillegg var omsetning i kiosken på kroner 233 885,- ein auke på 17%. Trass det gode resultatet på inntektssida gjekk drifta med eit underskot på kroner 471 209,- Ein auke frå i 2008 på 3%.

Årsaker til underskotet:

- Overforbruk lønnsmidlar: 96 000,-
- Overforbruk reklame og annonser: 80 000,-
- Svikt i sal av reklame: 90 000,-
- Auke i omsetning både i kiosk og bilettar medfører auka kostnader. I alt var kostnadane knytt til innkjøp av varer for sal i kiosk og filmleige, om lag 190 000 kroner høgare enn budsjettert. Kiosksalet har ei avanse på 54%.

#### *Volda folkebibliotek*

2009 var første året med ordinære drift i nye lokale. Biblioteket har hatt ein formidabel auke i besøkstalet. Nær 40 000 personar var innom biblioteket i løpet av 2009. Talet på utlån var om lag 36 000 bøker. Av desse vart om lag 2500 bøker utlånt ved filialen på Ulvestad skule som hadde 550 besøkande. Samanlikna med 2008 er dette ein formidabel vekst i tal på besøkande. Då hadde biblioteket i perioden april – desember 20 000 besøkande.

Det er fleire årsaker til denne gledelige utviklinga. Flytting av biblioteket til gateplan har medverka til at fleire finn vegen til biblioteket. Biblioteket har fått nye roller i forhold til å vere meir ein opplysningsarena og hjelp til sjølvhjelpsarena i dagens overinformerte samfunn. Eit anna moment er at det over heile verda er ein trend for at biblioteka er ein ny møteplass. I tillegg til desse trendane har utviklinga i Volda vorte styrka av etableringa av asylmottaket. Besøkande frå asylmottaket er hovudårsaka til den kraftige veksten. Dei aller fleste av asylsøkjarene nyttar biblioteket sine tenester. Både lån av bøker, tidsskrift og bruk av nettenestene. Den klart mest lånte boka i fjor var Norsk på 1- 2- 3. Volda folkebibliotek låner inn bøker på ulike språk frå Deichmanske bibliotek i Oslo. I tillegg nyttar asylsøkjarene biblioteket som informasjons og opplysingssentral til hjelp for å orientere seg i eit nytt land, og i ein framand kultur. Biblioteket spelar difor ei sentral rolle i tilbodet til denne gruppa. Etableringa av mottaket har gjort at dei tilsette ved biblioteket har fått ein heilt endra kvardag. Det auka besøket har gitt utslag i auke i sjukefråveret mellom dei tilsette.

### *Telebygget ungdomsklubb*

Ungdomsklubben har i 2009 levert eit godt rusfritt tilbod til ungdomane i Volda. Talet på brukarar held seg stabilt og tilbodet er godt omtykt. Både klubbkveldane onsdag og fredag, og konsertane med live musikk kvar månad er godt besøkt. Dei tilsette på klubben har og i år arrangert Ungdomens kulturmønstring. Dette arrangementet viser at det er ein rik flora av ungdomskultur i Volda.

### **Økonomi**

Rekneskapan for avdelinga viser eit meirforbruk på kroner 819.283- Hovudårsakene til underskotet er

- Underskot på kinodrifta, kroner
- For høgt budsjetterte inntekter på Voldahallen
- Meirforbruk i forhold til budsjett Busetnadssoga, skuldast trykkerikostnadar som ikkje var budsjettert.

For dei øvrige områda er det berre mindre avvik.

### **Resultatmål**

1. kinoen skal fulldigitaliserast i 2009.
2. 10 000 besøkande på kinoen.
3. sette opp minst 8 filmar på andre språk enn norsk og engelsk i 2009.
4. tilby to filmar som skulekino framsyning.
5. dagkino tilbod minst fire gangar i løpet av året.
6. minimum 1 konsert i månaden ved TeleBygget ungdomshus.
7. arbeide for at utlåns- og besøkstala ved biblioteket kjem opp att på 2006-nivå
8. arbeide for å skaffe tenlege lokale til biblioteket.
9. utvikle eit bibliotektilbod til asylbebuarene i samarbeid med operatørane av mottaket.
10. arbeide for å få etablert ein næringshage i Volda basert på kulturnæringane.
11. utvikle det kulturelle samarbeidet mellom dei sju kommunane på Søre Sunnmøre gjennom aktiv deltaking i Søre Sunnmøre Kulturleiarforum og ta del på minst eit interkommunalt kulturprosjekt.

Resultatmåla er oppnådd, eller under arbeid

## 4.14 KOMMUNALTEKNISK AVDELING

### Organisering:

Kommunalteknisk avdeling har fylgjande stillingsheimlar:

- avdelingsleiar 100%
- 2 ingeniørar med stillingsprosent 100% og 60%
- 1 ingeniørstilling, 3 årig engasjement finansiert med 40 % ord lønnsmidlar og 60% prosjektretta arbeid
- formann.
- Kommunegartnar, mellombels i stillingsbank.
- 11 fagarbeidarar/arbeidarar

Til saman: 16,85 stillingsheimlar.

Avdelinga har i 2009 hatt redusert bemanning: Vakant fagarbeidarstilling frå september 2009 på verkstad. Stillinga som kommunegartnar er inntil vidare ubesett. Dette medførte endringar i driftsopplegg på park/ kyrkjegardsdrift i heile 2009 ved innleige av meir ekstrahjelp i sommarhalvåret.

Tilsetjing i ingeniørstilling, 3 årig engasjement, vart gjort i august 2009. God respons på utlysinga. Innvilga permisjon frå ingeniørstilling november og desember 2009 som hald fram utover 2010 medfører meir kjøp av konsulenttenester.

### Aktivitet.

Verdien av nybygd kommunal infrastruktur i 2009 som skal driftast av kommunalteknisk avdeling er på om lag 14,6 mill.kr. fordelt på vegtiltak, va-anlegg, avlaupsreinsing, industriområde Furene.

Kommunen er som tidlegare år ein stor kjøpar av varer og tenester. I tillegg er det på drift vatn- og avlaup gjort arbeid i form av utskifting/ sanering av leidningsnett i eigen regi med sanering av va-leidningar i Myravegen.

Kommunale vegar fekk i 2009 kr. 750.000 av tiltakspakken. Dette saman med løyvinga på 2,0 mill.kr. til kommunale vegar på investeringsbudsjettet har gjort at vi har fått gjennomført tiltak på vegnettet som vil gi reduserte vedlikehaldskostnader i åra framover. Tiltakspakken vart nytta dels til forarbeide for forsterking/ asfaltering og autovern på fleire mindre parsellar. Av vedlikehald ellers vart det utført kantslåt. Utover dette har vi berre utført førstehjelp på vegnettet innanfor det som kan karakteriserast som sommarvedlikehald. Dette slit på brukarane, køyrety og på vedlikehaldspersonell. I 2009 var forbruk vintervedlikehald på kommunale vegar det lavaste som har vore registrert i form av tidsinnsats. Vi kan lite gjere med kostnader på vintervedlikehald pga. vi har vegstandard med mykje bratte vegar og busetnad som strekker seg frå 0-200 m.o.h.. Utsett vedlikehald i form av periodisk vedlikehald med grøfing, grusing og reasfaltering gir som resultat standardreduksjon.

Status for Miljøplan Torget er at vidare prosjektarbeid må vente til reguleringsplan for området er godkjend. Det Faste Planutvalet gjorde i sak 0027/06 vedtak om å setje i gong

reguleringsarbeid for del av Volda Sentrum – Torget. Det er førebels berre gjeve varsel om oppstart av dette arbeidet. I 2009 har dette arbeidet vore lagt på "is" av kapasitetsgrunnar.

Ordninga med tilskot bustadbygging i krinsar der det ikkje er byggeklare tomter var drøfta i Forvaltningsstyret i samband tilskotssøknad. Forvaltningsstyret bad administrasjonen legge fram ei sak om denne ordninga.

#### *Produksjon av vatn/ Distribusjon av vatn.*

Forvaltningsrapport for VA-området gjort i 2008 avdekka at va-området og feiing vart subsidiert. Dette vart i rekneskapen for 2008, 2007 og 2006 teke omsyn til ved at desse tenestene er belasta for det etter eit oppsett laga av økonomiavdelinga. Fondet på vatn er pr. 31.12.2009 oppbrukt. Ein må i dei komande åra auke gebyra for å dekke inn desse kostnadane for at det skal vere sjølvfinansierende. Ved fastsetjing av gebyrregulativ 2010 må dette takast høgde for. Minner om at gebyra for vatn vart redusert med 25 % for nokre år sidan for å redusere fondet.

I 2009 hadde vi avvik i form av koliforme bakteriar ved Volda vassverk, Lauvstad vassverk og Berkneshalvøya vassverk. Vi hadde ikkje leidningsbrot på hovudvassleidningar i 2009.

Grunnvassbrønnane på Berkneshalvøya vassverk klarte ikkje å halde forbruket sommaren 2009. Vi må bore ein ny brønn innan utgangen av økonomiplanperioden, helst i 2011.

Arbeidet med montering av nytt overvåkingsanlegg på vassverka og avlaup vart slutført i 2008. Dette er ein milepel og gir ein sikrere drift av vassverka.. Overvaking av nivå i Dinglavatnet, høgdebassenga, mengde vatn som går ut på nett, trykkmåling m.m. vert no logga og kan sjekkast frå bærbar pc som teknisk vakt har. Likeeins kan unormale driftsforhold verte oppdaga tidlegare ved at alarmer vert sendt til teknisk vakt.

Krisevasskjelde for Volda vassverk ved uttak frå grunnvatn i Vassbotnen eller evt ved uttak frå Rotevatnet konkluderer med at det er sannsynleg at det kan takast ut tilstrekkelege mengder men at vasskvaliteten krev avansert behandling. Framleis vil samankopling med Ørsta vassverk som krisevassforsyning vere førstevalget og klart samfunnøkonomisk beste val.

#### *Avlaupsreinsing/ Leidningsnett kloakk.*

Fondet er pr. 31.12.2009 positivt med 1,85 mill.kr. I forslag til gebyr 2006/ økonomiplan 2007-2010 var det lagt opp til ein auke i avgiftnivået stegvis over ein 5-års periode. Dette var gjort for å kunne møte investeringane som kjem innan avlaups-reinsing og leidningsnett og med dertil auka driftsutgifter. Revisjonen sin forvaltningsrapport for vatn- og avlaup avdekka subsidiering som er retta opp i rekneskapsavslutninga for 2008 med den verknad at gebyr avlup må aukast frå og med 2010.

Det kan nemnast at gebyrsatsane for avlaup er svært lave i landssamanheng. Sjølv med ein opptrapping er det nesten kr. 1000 under gjennomsnittet i fylket for ein gjennomsnittsbustad.

#### *Drift av felles maskinpark.*

Kommunalteknisk avdeling sin basismaskinpark med gravemaskin, hjullastar, 2 kommunaltraktorar og ny lastebil (levert medio mars 2010) er fornuftig ut frå dei oppdrag som skal gjerast. Eldste traktoren er no 7 år og bør utskiftast i økonomiplanperioden. Leige av høvel til vintervedlikehald er etter leiar sitt syn fornuftig ut frå dei rammer som det kommunale vegnettet må driftast etter. Med langt på veg nullstilt sommarvedlikehald ville timetal på årsbasis verte alt for lavt til kunne forsvare kjøp av høvel.

På park/ kyrkje er det behov for ein større profesjonell grasklippetraktor. Dette håper vi kan skje ved å få bruke salssum for den gamle kyrkjegardsgravaren når den nye minilastaren er på plass i 2010.

### *Kaier og hamner.*

Konsulentrapport om tilstand på Vikeneskaia viser at oppgradering av kaia til vanleg tilbruksmessig standard er nødvendig for å dekke framtidig transport sjøvegen til/ frå Volda. Vikeneskaia er viktig ved utskipping av tømmer og ved transport av grus/ pukk/ asfalt til både kommunen og private utbyggjarar. Utover dette har vi berre gjort mindre vedlikehald på kaier/ hamner.

### *Veg- og gatelys.*

Arbeidet med utskifting av PCB-armaturar på gatelysnettet vart slutført i 2007. Totalt vart det skifta 644 armaturar. Kommunen fekk ved dette ein vesentleg standardauke på veglysnettet. Eit direkte resultat av utskiftinga vil også verte reduserte straum- og vedlikehaldsutgifter. Energikostnadane i 2009 har vore høge og vil framleis vere det i 2010. Det skal gjennomførast ein enøk-vurdering av fellesprosjektet som 5 kommunar på Søre Sunnmøre var med på. Vi vil då få dokumentert kva utskiftinga medfører av innsparing på energiforbruk. Ubrukt ressurs frå PCB-prosjektet er overført til ansvar Kommunalteknisk avdeling. Prioritering av tiltak vil verte gjort av forvaltningsstyret.

## **Økonomi.**

Rekneskapen viser eit meirforbruk på kr.541.267

Meirforbruk på Kommunalteknisk avdeling for 2009 skriv seg i hovudsak frå drift og vedlikehald av kommunalt vegnett der driftsnivået har vore for høgt til ramma.

Meirforbruket skriv seg frå konkrete arbeidsoperasjonar som:

- reparasjon etter skadeflaum
- eit absolutt minimum av skadeforebyggande grøfting. Utsett grøfting kunne ha påført større skadar
- kanslått/ skogrydding for at større køyrety/ nyttetransport skal kome fram på det kommunale vegnettet utan å skade ustyr.
- Nye brøyteavtalar hausten 2009 med auka beredskapsgodtgjersler/ timepriser

## **Resultatmål**

1. Vidareføre trafikktryggingstiltak i Skjervavegen.
2. Optimalisert drift på alle tenester innanfor dei rammer som godkjent budsjett gir.
3. Forprosjekt + detaljprosjekt Lauvstad vassverk. Fargefjerning krev nye utgreiningar.
4. Slutføre teknisk oppgradering av øvrige kommunale vassverk, herunder også restarbeid på SD-anlegg (driftsovervaking).
5. Sikre krisevassforsyning til Volda vassverk ved samankopling med Ørsta vassverk.
6. Evt. vidareføring av arbeidet med og få undersøkt grunnvassressursane i Vassbotnen. Vil avhenge av konklusjon i konsulentrapport.
7. Forprosjekt kloakk Austefjorddalen
8. Oppgradering av avlaupsanlegg i kommunen.
9. Halde tilsette fagleg oppdatert innan saksfeltet dei arbeider på.
10. Gjennomføre tilstandskontroll/ Sertifisering av Vikeneskaia.

### *Måloppnåing:*

1. Trafikktryggingstiltak Skjervavegen parsell kryss Storgata – Porsemyrvegen er ikkje oppstarta grunna uløyst grunnspørsmål.
2. Optimalisering av drift på alle tenester har fokus. Knappe ressursar gjer dette til ein vanskeleg øvelse. Sommarvedlikehald har difor gått på "sparebluss" også i 2009. Tiltakspakke gjorde situasjonen vesentleg betre i 2009. Denne vart nytta til forarbeide asfaltering/ forsterking og rekkverkmontering på utsette strekningar. Skogrydding langs veg og kantslått var nødvendig å prioritere. Stadig oftare ringer transportørar og etterlyser skogrydding langs kommunale vegar fordi store køyrety ikkje kjem fram utan å skade speglar m.m. Også ut frå trafikktryggleik er kantslått viktig. Grøfting, reasfaltering og grusing har ikkje kunna vore utført grunna manglande ressursar. Grøntanlegga i sentrum viser tydeleg forfall grunna manglande vedlikehald. I hovudsak berre slått som vert utført.
3. Ikkje oppstarta grunna vakant ingeniørstilling fram til august 2009.
4. SD-anlegg til driftsovervaking av vatn og avlaup med nødvendig oppgradering er slutført. Grunna permisjon på ingeniørstilling er utskifting/ oppgradering av UV-anlegga på dei kommunale vassverka utsett i tid.
5. Ikkje gjennomført.
6. Konsulentrapport om sammenstilling konkluderer med at er sannsynleg å produsere nok krisevatn frå grunnvatn med avansert rensing/ fullrensing av Rotevatnet. Framleis er samankopling med Ørsta beste alternativet også samfunnsøkonomisk.
7. Forprosjekt kloakk Austefjorddalen vil fylgje framdrifta av Kvivsvegprosjektet. Rørlegging vil starte august 2010. Kommunestyret vedtok avlaupsanlegg Austefjorddalen i møte 05.03.2009. Spørsmål om evt. vassleidning er ikkje av bestemt eller finansiert.
8. Oppgradering av avløpsanlegg i kommunen pågår. Anlegg RA-Folkestad er ferdig og sett i drift. Opprydding i resten av sone Straumshamn og Folkestad vil halde fram i 2010. M.o.t. anlegg i Morkabygda er ikkje lokalisering av RA-plassering avgjort. Plassering må flyttast frå Egsetvika grunna plassomsyn.
9. Har gjennomført opplæring av tilsette på vatn- og avlaupssektoren i året som gjekk.
10. Konsulent har gjennomført tilstandsanalyse. Rapport konkluderer med vesentlege manglar på dekke / søyler/ dragarar på nyedelen av kaia. Her er kaiareal avsperra for bruk.

## 4.15 KART, OPPMÅLING OG BYGGESAK.

### Organisering

Avdelinga sine hovudarbeidsområder er handsaming av bygge- og delesaker, kart- og oppmålingsforretningar, eigedomsseksjonering, etablering, drift og vedlikehald av kommunen sitt kartverk, samt oppdatering av sentralt register for grunneigedomar, adresser og bygningar (Matrikkel) og matrikkelkart.

Avdelinga har i 2009 hatt 5 stillingsheimlar, men var ikkje fullt bemanna.

### Aktivitet

2009 har på mange område vore eit veldig tøft år. På grunn av sjukdom og permisjonar i avdelinga vart det gjort nokre grep for å oppretthalde naudsynt drift i 2009, og syte for at dei tilsette klarte å halde "hovudet over vatnet". Dette har lagt eit sterkt press på dei tilsette. Mange viktige og lovpålagte oppgåver vart ikkje utført. Mot slutten av året såg ein imidlertid ei lysning i sikte, då det såg ut til at ein etter mange år med lav bemanning endeleg var fulltalige i avdelinga.

Talet på handsama saker, både bygge- og delesaker i 2009 var nok litt mindre enn året før, avdelinga har fortsatt mange restansar og lang sakshandsamingstid, særskilt for oppmålingstenestene. Ein del arbeidsoppgåver vart ikkje utført fortløpande i 2009, men vart liggande og "hope seg opp". Desse oppgåvene må utførast innimellom anna arbeid.

Når det gjeld tilsyn og kontroll av byggesaker, samt oppfølging av uløyves byggetiltak, har vi ikkje hatt kapasitet til å gjennomføre dette i så stor grad som lova krev, slike saker er tid- og kostnadskrevjande.

Arbeid med kvalitetssikring av register for grunneigedomar, adresser og bygningar (Matrikkel) og digitalt matrikkelkart er omfattande og har tatt mykje tid. Arbeid med gardskart (AR5) er noko vi har gjennomført for landbruksavdelinga. Det har bestått i å ajourføre gardskartbasen for heile kommunen, noko som er naudsynt for å kunne beregne driftstilskot til bøndene. AR5- kartet er utarbeidd på grunnlag av statleg pålegg. Så lenge landbruksavdelinga ikkje har eigne ressursar/kompetanse på dette feltet, kan det sjå ut til at dette oppdraget truleg også vil tvinge seg fram til vår avdeling i åra som kjem.

Den vanskelege personellsituasjonen og stor saksmengde har medført at avdelinga har vidareført ordninga med å ha åpent for publikum tysdagar og torsdagar.

### *Prosjektet GIS*

Intensjonen med dette fleirårige investeringsprosjektet er å gjere kommunen i stand til å presentere truverdig kart- og eigedomsinformasjon både til internt bruk og til eksterne brukarar. Avdelinga sette i gang med prosjekt for tildeling av offisielle adresser, og arbeidet er godt i gang. Kostnadar for dette prosjektet er belasta dette prosjektet i år.

### *Digitalt kartleggingsprosjekt*

Arbeidet med digital kartlegging av kommunen er godt i gang. Og det er foreteke flygingar og fotografering av store delar av Volda kommune.

## Økonomi

Avdelinga hadde i 2009 eit overforbruk i høve til revidert driftsbudsjett på kr. 107 280,-. Årsakene til dette er fleire, men overforbruket er likevel ikkje sås stort på grunn av at vi på lønsmidlane har fått refusjon frå NAV på grunn av sjukdom og permisjon:

- Avdelinga har vore underbemanna store delar av året, både på grunn av permisjonar og sjukdom.
- Tilsetting av nye medarbeidarar har medført auka lønskostnader som i opplæringsperioden ikkje har gitt tilsvarende inntening.
- Kapasitetsproblem og lang sakshandsamingstid har medført avkorting på gebyrinntektene.

## Resultatmål

1. Sakshandsaming skal gjennomførast med forsvarleg kvalitet innanfor dei tidsfristar som er gitt av lov.
2. Arkiv og register skal kontinuerleg haldast à jour som integrert del av sakshandsaminga.
3. Alle som vender seg til avdelinga skal motta svar innan 3 veker.
4. Innføring av ByggSøk
5. Kompetanseheving og fagleg oppdatering av tilsette.

### *Måloppnåing*

#### Resultatmål 1

Målet er delvis nådd. Manglande kapasitet har medført lang sakshandsamingstid og mange restansar. Alle saker vert handsama med tilfredstillande kvalitet. Fleirtalet av bygge- og delesakene vart mot slutten av året handsama innanfor lovfest tidsfrist, medan oppmålingstenestene hadde lang handsamingstid.

#### Resultatmål 2

Målet er delvis nådd. På grunn av bemanningsituasjonen har matrikkelajourhaldet hatt eit etterslep.

#### Resultatmål 3

Målet er ikkje nådd. Ein har ikkje hatt kapasitet i avdelinga til å utføre denne tenesten.

#### Resultatmål 4

Målet er ikkje nådd. Er avhengig av at kommunens e-post system vert oppdatert.

#### Resultatmål 5

Målet er delvis nådd.

Dette er ein pågåande prosess, og ein er avhengig av at dei tilsette tilegnar seg naudsynt kompetanse fortløpande. Fagområda er i rask utvikling, og det er viktig at ein klarer å halde avdelinga oppdatert

## 4.16 BRANN OG REDNING

### Organisering:

Brannvernet er organisert i samsvar med minimumskrava i dimensjoneringsforskrifta og den godkjende brannordninga for Volda, med to avdelingar, beredskapsavdelinga og den førebyggjande avdelinga. Etter dimensjoneringsforskrifta skal Volda brannvern ha 2,4 stillingar i administrasjonen, fordelt på dei to avdelingane. Brannmeister i 100% stilling er leiar for beredskapsavdelinga. Branningeniør i 100% stilling er leiar for den førebyggjande avdelinga, og brannsjef er tilsett i 40% stilling. I tillegg til dette er det tilsett feiar i 100% stilling.

Beredskapsavdelinga omfattar sentrum stasjon med 16 mannskap og 5 overbefal, inklusiv dei tre i administrasjonen, og 32 mann på dei fire branndepota på Fyrde, Straumshamn, Steinsvik og Dravlaus. I sentrum er det døgnkontinuereleg vakt, med eit vaktlag på fire, pluss eit overbefal. Ved branndepota er det ikkje vaktordning. Førebyggjande avdeling omfattar ei stilling som branningeniør og ei stilling som feiar, og skal føre tilsyn med alle særskilde brannobjekt etter § 13 i brannvernlova, samt ha ansvaret for feing og tilsyn av fyringsanlegg i bustader.

### Aktivitet.

Beredskapsavdelinga hadde totalt 77 utrykkingar i 2009 som fordeler seg slik:

Brann i bygning	8 stk	Pipebrann	3stk	Bilbrann	5 stk
Br.hem. tiltak	3stk	Bra. meldt i ettertid	1 stk	Trafikkulukke	11 stk
Grasbrann	1 stk	Unødige alarmar	28 stk	Falsk alarm	6 stk
Anna	11stk				

Branndepot på bygdene deltok i 12 av aksjonane.

Brannvernet har i 2009 gjennomført øvingar etter oppsett plan og gjennomført samøving med dei andre naudetatane. Ein ser likevel at tida til øving må utvidast. Dette på grunn av at det vert forventet innsats av brannverna på stadig fleire områder. Krava til brannmannskapa sin kompetanse og fysikk vert stadig høgna. Dette krev øving, kurs og fysisk. Gjennom "særavtalen for brann og redningstenesta" er arbeidsgjevar pliktig å legge til rette for fysisk trening. Vi ha no tilbod om trening ein gong i veka. Dette bør aukast monaleg.

To av mannskapa har gjennomført befalskurs trinn I, tre har gjennomført grunnkurs. 16 av mannskapa har gjennomført resertifisering for bruk av hjertestartar i regi av Norsk Luftambulans. Mannskapa på bygdestasjonane har fått tilbod om brevkurs og fleire har gjennomført dette.

Det har vore 8 brannar i bygning. Eit bustadhus på Kile og restauranten Cafe de France, vart totalskadd. Innsatsen frå brannmannskapa har ved fleire høve medverka til å begrense skadar på bygningar og hindre brannspreiing til nabobygg.

2009 var eit år med mange trafikkulukker. I løpet av ei kort periode opplevde vi tre tragiske ulukker der til saman 9 personar omkom. Det er alltid ei stor tragedie når liv går tapt, først for dei familiare som vert råka, men vi veit også at dette kan vere ei hard påkjenning for dei mannskap som opplever dette i samband med innsats på skadestaden. Ved slike hendingar syner det seg viktigheita av å ha godt utdanna, trena og motiverte mannskap. Like viktig er

det også å ha gode rutinar for å handtere hendingane i etterkant. Volda brannvern har dette på plass, men det må stadig haldast vedlike og utviklast vidare.

Førebyggjande avdeling hadde ved utgangen av 2009 registrert 75 særskilde brannobjekt i kommunen, 60 a-objekt, 13 b-objekt og 2 c-objekt. Eit særskilt brannobjekt er eit byggverk, opplag, område, tunnelar, verksemder mm, der brann kan medføre tap av mange liv eller stor skade på helse, miljø eller materielle verdiar. Avdelinga gjennomførte i alt 71 tilsyn i 2009, 58 i a-objekt og 11 i b-objekt.

Dei to avdelingane i brannvernet har samarbeidd om informasjon og motivasjonstiltak i kommunen, og fleire hundre personar har hatt eit eller anna undervisningsopplegg i regi av brannvernet.

Brannvernet har og arbeidd med eit opplegg for brannøving og opplæring ved ulike verksemder i kommunen. Dette kan gi framtidige inntekter til brannvernet.

Av større opplegg kan nemnast:

Brannopplæring for elevane på 6. klassetrinnet i kommunen (88 elevar), kurs/opplæring for tilsette ved sjukehuset (80), Volda ungdomsskule (39), Ulvestad skule (5), Sunnmøre tannhelsedistrikt (30), Hjelle og Dale (6), Brødrene Dale 12 og diverse barnehagar (13). Det har vore open brannstasjon med opplæring i bruk av brannsløkkingsapparat.

Besøk i barnehagar eller barnehagar på besøk på brannstasjonen. Til saman utgjer dette fleire hundre personar.

#### *Feiing og tilsyn med fyringsanlegg*

Den kommunale feiaren var tilbake etter permisjon. Dette året var det Volda sentrum som skulle ha feiing. 1226 abonnentar vart varsla om feiing og det er utført feiing av 684 piper (56%). Hos 44% av dei som det var varsla om feiing vart den ikkje utført grunna manglande tilbakemelding/ikkje heime (23%) eller at mangel ved tilkomst gjorde at feinga ikkje kunne utførast (21%).

535 abonnentar vart varsla om tilsyn av fyringsanlegg og av desse vart det utført 425 (80%). For å vere à jour med arbeidet, skulle feiaren ha besøkt 1700 abonnentar for feiing og 850 for tilsyn. Det er då berre utført ca 70% av det som trengst for å kome i mål med den lovpålagde feinga og tilsyn. Noko av målet skuldast sjukefråvær. For å kome à jour må vi vurdere å kjøpe teneste i 2010.

#### **Økonomi**

Brannvernet sitt driftsbudsjett for 2009, inklusiv feiing og tilsyn hadde ei ramme på kr. 5.004.224,-. Rekneskapan viser eit overforbruk på kr 721.782,-.Overskridingane skuldast i hovudsak auka lønnsutgifter

Det akkumulerte underskotet innan feinga (sjølvkost) er i overkant av kr. 700.00. Dette reknar ein med å dekke inn over dei fem neste åra.

#### **Resultatmål**

- 1. Framleis ha feie- og tilsynsarbeidet i rutinemessig drift.**
2. Utføre brannsyn på alle særskilde brannobjekt.
3. Gjennomføre øvingar i samsvar med krava.
4. Utdanne mannskapa i samsvar med opplæringsplan og krav frå overordna tilsynsmynde (DSB).

5. Arbeide for interkommunalt samarbeid innan førebyggjande arbeid, med tilsyn og feiing.
6. Arbeide med generell opplysning om brannhindrande tiltak, spesielt i skule og barnehagar.
7. Tilby kurs og brannopplæring til institusjonar, skular, bedrifter og foretak.
8. Arbeide for å få ned talet på unødige alarmer, også i kommunale bygg.

### **Måloppnåing**

Alle resultatmål er oppnådde. Det må spesielt nemnast att unødige alarmer er redusert med nesten 60% frå 2008.

## 4.17 EIGEDOMSAVDELINGA

### Organisering

Eigedomsavdelinga har ved årsskiftet fylgjande bemanning:

- Avdelingsleiar
- Nestleiar
- 2 på vedlikehald
- 10 vaktmeistrar i full stilling +1 i 80% stilling og 1 i 20% stilling.
- 25 reinhaldarar med ulike stillingstorleikar

Avdelinga har ansvar for drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar.

- Ansvar for drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar.
- Igangsetjing og samordning av nye byggeprosjekt.
- Overordna ansvar for vaktmeistertenesta.
- Overordna ansvar for reinhald.
- Overordna ansvar for utleige.

### Aktivitet

#### *Drift*

Avdelinga har halde ei svært restriktiv linje på drift og vedlikehald. Vi har dette året køyrt på eit minimum av det som er nødvendig for å halde hjula i gang, og det viser på mange områder. Etter fleire år med slik drift er ein no komne så langt at det ikkje kan fortsette slik lenger utan at det får konsekvensar.

Det har også i år vore god utleige på dei kommunale utleigehusa, men intern byte av husværa og diverse andre årsaker gjer at utleigeinntektene ikkje har vore like bra som før. Ny utvendig runde med måling/beising av dei kommunale bygga står no for tur.

#### *Investering*

På investeringssida har det vore eit svært aktivt år, og det har vore mange prosjekt i gang. Fleire av prosjekta vart ikkje ferdig i 2009, og arbeidet med desse vil fortsette i 2010.

Kommunen fekk midlar frå staten sin "Tiltakspakke" som skulle gå til vedlikehald av kommunale bygg. Av den pakken har vi fått skifta ventilasjonsanlegget i symjehallen på Øyra skule. Vi har lagt ny asfalt på skuleplassen ved Volda ungdomsskule. Fått nye glas/dørfelt mellom aulaen og vestibyle, både i første og andre høgda. Fekk skifta ein stor varmtvasstank og fått skifta ein stor del av vindauga på skulen. Resten av vindauga og inngangsdørene er bestilt og vert snart skifta.

Kommunen fekk og midlar frå Enova med tilskot frå Energifondet. Dette er midlar som er øyremerka til SD- anlegg og styring på Bratteberg skule, Øyra skule og Omsorgsenteret. Vi har her fått gjort ein del, og hovudarbeidet vert snart sett i gang.

- Dalsfjord skule/Fyrmuseet er ferdig planlagt og arbeidet er utlyst.
- Fleire av toaletta på Øyra skule er renoverte.
- Samlokalisering av Severinhaugen 1-3 er godt i gang, og der vert det 5 nye omsorgsbustadar.
- Lauvstad barnehage er utvida med tilbygg på ca. 33m<sup>2</sup>
- Det er bygt vognskur ved Mork barnehage.
- Volda samfunnshus har fått nytt brannvarslingsanlegg.
- Avslutta renoveringa av omsorgsbustadane på Severinhaugen 5.
- Styring/ventilasjon/varmepumpe på Voldahallen.

Fekk i drift att varmepumpene på omsorgsenteret som har vore ute av drift store delar av året. Begge måtte sendast til Tyskland. Ei av dei kunne reparerast den andre måtte skiftast.

## **Økonomi**

Auka kostnader til drift av dei kommunale bygga gjer og at avdelinga ikkje klarer å halde budsjettet. Det skuldast i første rekke at avdelinga ikkje har fått kompensert for drift av auka areal på Folkestad og Austefjord skule. Arealet på Volda ungdomsskule er no også auka med 183m<sup>2</sup>

Avdelinga har eit meirforbruk på kr. 197.019 Det som nesten berga avdelinga i 2009 var at el-prisane vart langt lågare enn det ein kunne vente .Det kan ein ikkje rekne med i 2010. Det er alt kome ein auke i nettleiga på 3.5 øre, pluss at straumprisane i dei første månadane ligg langt over fjoråret. Avdelinga kunne likevel gått i balanse i 2009 dersom avdelinga ikkje måtte dra med seg overforbruket for 2008.

## **Resultatmål**

1. Fullføre brannplanar og dokumentasjon.
2. Få alle store kommunale bygg overført på digitale teikningar.
3. Få til rutinar på å gjennomføre HMS-runde rundt om på dei kommunale bygga.
4. Fullføre planlegging og kome i gang med bygging av Dalsfjord skule.
5. Fortsette renovering av Volda ungdomsskule.
6. Rive Severinhaugen3, bygge 5 nye omsorgsbustader som vert bygde saman med Severinhaugen 1.

## *Måloppnåing*

1. Brannplanar og dokumentasjon er ferdig for nokre bygg og arbeidet med det som står att vil fortsette i 2010.
2. Arbeidet med dette vil fortsette i 2010.
3. Resultatmålet er nådd.
4. Resultatmålet med planlegging er nådd.
5. Resultatmålet er nådd.
6. Resultatmålet er nådd.

#### 4.18 FELLES UTGIFTER OG INNTEKTER

Dette ansvarsområdet inneheld utgifter og inntekter som ikkje høyrer naturleg hime på den einskilde avdeling Dette gjeld blant anna:

- Ulike tilskott (kyrkjeleg fellestråd, frivilligsentral osv)
- Nokre kontingentar, som til dømes KS- kontingenten
- Momskompensasjon
- Kalkulatoriske renter og avdrag (inntekter frå VAR-området)
- Avskrivningar
- Premieavvik pensjon
- etc.

Føresetnaden i budsjettet for 2009 var ei netto utgift like i underkant av 5,9 mill kr på dette ansvarsområdet. Den endelege rekneskapen viser ei netto inntekt ca på 2,6 mill kr. med andre ord ca 5,9 mill meir enn budsjettet. Avviket på nesten 8,5 mill kr er ein kombinasjon av fleire forhold. Her er dei viktigaste:

##### *Momskompensasjon generert frå investeringar*

Momskompensasjon for kommunesektoren vart innført 1 januar 2004. Sidan ordninga vart innført har momskompensasjon frå investeringar vore ført i driftsrekneskapet Ein kan derfor til ein viss grad seie at ein del av driftsnivået til Volda kommune (som dei fleste andre kommunar) er lånefinansiert.

Det var for 2009 budsjettet med 2 mill kr i momskompensasjon frå investeringar, Rekneskapen viser at momskompensasjonen (generert frå investeringar) vart litt over 4 mill kr.

##### *Pensjon*

Volda kommune har 3 leverandørar av pensjonstenester:

- Statens pensjonskasse (lærarar)
- KLP (sjukepleiarar)
- Storebrand (alle andre kommunalt tilsette)

Det vart for 2009 budsjettet med 11,5% (arbeidsgjevars del) i pensjonsutgift på avdelingane. Og det vart i tillegg budsjettet med 9,5 mill kr pensjonsutgifter på dette ansvarsområdet. Dei rekneskapsførte utgiftene vart ca 10,7 mill kr.

Fram til 2001 var det den betalte pensjonspremien som vart utgiftsført i rekneskapen. I 2002 vart dette endra. Pensjonsleverandøren reknar ut kva som er pensjonskostnaden for det enkelte år. Dersom innbetalt premie i året er større enn pensjonskostnad (utrekna av

pensjonsleverandøren sine aktuarar), får vi eit positivt premieavvik. Dersom innbetalt premie i året er mindre enn pensjonskostnad, får vi eit negativt premieavvik.

Positivt premieavvik (dvs innbetalt premie er større enn netto pensjonskostnad) vert ført som ein driftsinntekt i rekneskapen året det oppstår. Dette vert så ført som driftsutgift dei neste 15 åra (med like årlege beløp). Negativt premieavvik (dvs innbetalt premie er mindre enn netto pensjonskostnad) vert ført som ein driftsinntekt i rekneskapen året det oppstår. Dette vert så ført som driftsutgift dei neste 15 åra (med like årlege beløp). Pr 31.12.2009 har Volda kommune kr 32.481.315 i akkumulert premieavvik som skal utgiftsførast over dei neste 15 åra.

Vi har valt å ikkje budsjettere med premieavvik. I 2009 var det eit netto positivt premieavvik på kr 11.189.944 (inkludert arbeidsgjevaravgift), og vert ført som ei inntekt i driftsrekneskapen. Amortisering av premieavvik frå tidlegare år (inkludert arbeidsgjevaravgift) utgjorde ein netto utgift på kr.1.750.344. (Dette vert kr. 2.496.340 i 2010). Premieavviket gir dermed ei netto inntekt på kr. 9.439.600 i rekneskapen for 2009 (11.189.944 minus 1.750.344), og skal som omtalt ovanfor utgiftsførast over dei neste 15 åra.